

Vindkraft og verdsetjingar av miljøet

Ein kvalitativ studie av rettferdiggjerande argumentasjon

Dag Sandvik



Masteroppgave

Våren 2013

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Samandrag

I denne oppgåva viser eg korleis aktørar i konsesjonshandsamingsprosessen for to omsøkte vindkraftverk rettferdiggjer sine standpunkt. Ved bruk av ein multippel case-studie sett saman av case som skal representere nettopp konsesjonshandsaminga av vindkraftverk, retter eg merksemda mot korleis aktørar som engasjerer seg i sakene, argumenterer for to ulike miljømål: produksjon av meir fornybar energi og bevaring av landskap og naturmangfald. Analysane er også retta inn mot å synge korleis Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) rettferdiggjer sine vedtak. Vedtak som må fattast på trass av ein sterk og vedvarande usemje om kva som er det rette utfallet.

Datamaterialet er mellom anna sett saman av dokument og intervjudata. Dokumenta som er analysert er først og fremst sakspapira som er arkivert hjå NVE. Desse omfattar alt frå melding og søknad om prosjekta, til høyringsfråsegn, vedtak og klager. Resten av dokumentmaterialet består av lovverk og rettleiarar som er nytta av NVE for å grunngje vedtak og forklare forvaltningsprosedyrar. Intervjudataen som er nytta kjem frå samtalar med fire sakshandsamarar i NVE, der to av dei var handsamarar av dei to utvalde casa.

Analysane er gjort med utgangspunkt i ein teori om rettferdiggjerande argumentasjon, som tek utgangspunkt i å kartlegge aktørane sine måtar å bygge opp argument og kritikk. Analysane syntetiserer at ulike aktørar grunngjev sine standpunkt med utgangspunkt i mange ulike verdiar og verdsetjingslogikkar. Likevel ser det ut til at debatten delvis er strukturert etter ein modell som liknar verdsetjingslogikken som NVE nyttar. Ein logikk som verdset det lovfesta og det objektivt målbare. Trass i at eit fleirtal av aktørane argumenterer etter ein slik modell, vert ein ikkje samd om kva som er rett. Dette er fordi ein er usamde om to tilhøve: Kva som er dei praktiske implikasjonane av lovverket, og kva som er god og nok kunnskap. Særleg dette siste tilhøvet får betydning for verdsetjinga av dei ulike miljømåla. Medan produksjon av klimavenleg, fornybar energi er muleg å talfeste på ein måte som gjer at aktørane kan akseptere dette som objektivt grunnlag for avgjersle, ser det ut til at omsynet til naturmangfald og landskap ikkje let seg grunngjevast med sikker viten om konsekvensane for desse verdiane. Kunnskapen om naturmangfald og landskap vert skulda for å vere for usikkert eller tufta på for subjektive vurderingar til å fungere som prov for eit vedtak. Men ser då også at NVE sine vedtak er tufta på dei talfesta måla på prosjekta sin produksjon eller økonomi. Dei kvalitativt utgreia tema er teke med i vurderinga bak vedtaket, og NVE sine tilsette seier at jobben med å fatte vedtak inneber å utøve eit fagleg skjønn der dei vektar alle moment. Men

når NVE fattar vedtak, vektlegg dei mekanisk objektive prov.

På denne måten er rommet for rettferdiggjерande argumentasjon i vindkraftsakene avgrensa ved at aktørane får vanskar med å bygge ein rettferdiggjering av omsynet for biologisk mangfald og landskap. Samstundes kan dei oppleve at desse verdiane ikkje får gjennomslag i konsesjonshandsaminga, noko som er ei kjelde til vedvarande konflikt mellom dei som forsvarar dei ulike miljømåla.

Tal på ord i hovudteksten: 37767

Forord

Eg voner du som leser er samd i at denne masteroppgåva føyjer seg inn i ei lang rekke spennande masteroppvåver som er produsert på Sosiologisk Institutt ved Universitetet i Bergen, og eg vil her, i forordet, rette ein stor takk til dette instituttet som heilskap. Sjølvsagt er det nokre nøkkelpersonar som har hatt ekstra mykje å seie for meg, og i første rekke vil takke min rettleiar, Odd Gåsdal, som har vore god å halde oppe framdrifta i arbeidet til ein omstendeleg student og teke seg tid til viktige diskusjonar. Eg må også rette ein stor takk til Gisle Andersen som har rettleia meg i arbeidet med teoretiske perspektiv, og som har gjeve mange motiverande tilbakemeldingar. Vidare har Bo Vignes og Erlend Steine Lie vore til hjelp med sine konstruktive og kritiske merknader til teksten og forfattaren. Eg har også hatt hjelp til å rydde i språk og logikk, av moderen, faderen, svigermor og kjære Trine. Eg kunne nok ha retta ein takk til alle dykk som av interesse eller gode manerar, har ført samtalar med meg om vindkraft, miljøvern, argumentasjon, vitskap, metode, teori, sosiologi idag og i morgen. Det får verte ein anna gong. I denne omgang vil eg nøye meg med, avslutningsvis, å takke mine informantar og samtalepartnarar i NVE for nettopp dette.

Innhaldsliste

Samandrag.....	2
Forord.....	4
1 Introduksjon.....	7
1.1 Lista og Sleneset – to vindkraft-case.....	8
1.2 Aktuell forsking innanfor feltet.....	9
1.3 Betre forståing av rettferdiggjeringane.....	13
1.4 Struktur i oppgåva.....	13
2 Teoretiske perspektiv.....	15
2.1 Teori om rettferdiggjerande argumentasjon.....	15
2.1.1 Boltanski og Thévenot – i eit teoretisk landskap.....	16
2.1.2 Logisk struktur og sentrale omgrep i det teoretiske rammeverket.....	17
2.1.3 Verdiordenar.....	20
2.1.4 Kompleksitet i rettferdiggjeringar.....	23
2.2 Forståing av vitskapen i det teoretiske rammeverket.....	24
2.3 Bruken av teori i analysane.....	26
3 Metode.....	27
3.1 Gyldige slutningar og generaliseringar frå casa.....	28
3.2 Utval av saker.....	29
3.3 Dokument – sakspapir og lovverk.....	31
3.4 Intervju.....	32
3.4.1 Gjennomføring og vurdering av intervjustituasjonen.....	33
3.5 Analytisk innfallsvinkel.....	35
3.6 Etiske vurderingar.....	35
4 Lista.....	37
4.1 Melding av Lista vindmøllepark.....	37
4.2 Korleis avgjere kva som skal utgreiaast?.....	38
4.3 Kritikk av utgreiingane.....	39
4.4 Avgjersle og klagesak.....	43
4.5 Endeleg avgjersle frå OED.....	45
5 Sleneset.....	46
5.1 Melding av Sleneset vindkraftanlegg.....	46
5.2 Høyring av melding - Frå «beskjedne» til store miljøverknader.....	47
5.3 Søknad – Godt produksjonspotensial.....	48
5.4 Høyring av søknaden – Styrka motstand.....	49
5.5 Tydeleggjering av konflikten og nye utgreiingar.....	52
5.6 Frustrasjon over lang sakshandsaming.....	53
5.7 Avgjersle med overraskande grunngjeving.....	54
6 Analyse del 1 – Om verdsetjingar.....	57
6.1 Verdsetjingar av vindkraftverket.....	57
Ei generell oversikt over verdiordenar og rettferdiggjeringar sin struktur.....	58
6.1.1 Lovverket og ein kollektiv orden.....	58
6.1.2 Eit industrielt vindkraftverk.....	59
6.1.3 Det lønsame vindkraftverket.....	60
6.1.4 Kraftverket i ein domestisk orden.....	61
6.1.5 Inspirerte rettferdiggjeringar.....	61
6.1.6 Opinionen si meining og det som er akta.....	62
6.2 Vindkraft som miljøvenleg – nyttar aktørane ein grøn verdiorden?.....	63
6.2.1 Fornybar energi og det klimavenlege kraftverket.....	63

6.2.2 Artsmangfald og økosystem.....	65
6.2.3 Landskap.....	66
6.2.4 Ein grøn orden?.....	67
6.3 NVE sin modell for rettferdigjering.....	68
6.3.1 Lista – godt produksjonspotensial.....	68
6.3.2 Sleneset – ikkje lønnsamt.....	70
6.3.3 NVE sine rettferdigjeringar - Eit kompromiss.....	73
Fig 6.1. NVE sine rettferdigjeringar.....	74
6.4 Kritikk av NVE og deira modell for rettferdigjering.....	75
6.5 Kvifor konflikt?.....	78
6.5.1 Industrielle-kollektive rettferdigjeringar og kritikkar i sentrum.....	79
6.5.2 NVE sin modell for rettferdigjering opnar for endelaus kritikk.....	80
7 Analyse del 2 - Om utgreiingane.....	85
7.1 Skaper KU instituttet legitimitet i ein industriell orden?.....	85
7.1.1 Kritikk av KU-programma og utgreiarane sitt arbeid.....	89
7.1.2 Kritikk av subjektive vurderingar.....	90
7.1.3 Kritikk av usikkerheit.....	93
7.1.4 Kritikk av konsekvensgrad.....	94
7.2 Korleis nyttast KU i NVE sitt arbeid?.....	96
7.3 Kunnskapen set rammer for debatten.....	101
8 Rettferdigjering av miljøet.....	102
8.1 Å rettferdigjere i vindkraftsaker.....	102
8.2 Aktørane sin verdsetjing av «grøne» verdiar.....	104
8.3 Er den industrielle og kollektive verdiorden eigna for ein naturvenleg forvaltning?	107
8.4 Vidare forsking.....	108
Litteraturliste.....	110
Vedlegg 1 – Liste over dokument frå NVE sitt arkiv.....	114
Vedlegg 2 - intervjuguide.....	145
Vedlegg 3 - Informasjonsskriv til informantar.....	148

1 Introduksjon

Menneskeskapa klimaendringar kan vere vår tids største miljøutfordring. Klimaendringane er eit brennheitt tema i internasjonal politikk, og så omstridd at det er gjort analysar av *Why We Disagree About Climate Change* (Hulme 2009). Klimaendringane er også eit så omfattande miljøproblem at ei rekke nasjonar over heile kloden vedkjenner at problemet er stort. Også vår eiga regjering har ført ein aktiv politikk og retorikk¹ omkring kampen mot klimaendringane. Som følge av denne kollektiv viljen til å gjere noko med dei menneskeskapa klimaendringane som me ser i mange land, er det satsa stort på utbygging av fornybar energi. Energiformer som skal vere eit alternativ til fossile energikjelder med store utslepp av klimagassar. Vindkraft er ei energiform som dei seinaste åra er vorte bygga stadig meir av i Noreg, og heile verda, og ein må sjå auken i satsinga på denne fornybare energiforma i lys av nasjonale og internasjonale mål om å hindre klimaendringar.

Samstundes er det tydeleg, både i mediabiletet og den politiske debatten, at denne kraftutbygginga er kontroversiell. Vindkraftverka medfører ulemper for ei rekke aktørar med ulike interesser, ulemper som ikkje alle meiner står i forhold til dei fordelane energiproduksjonen gjev. Konfliktane om vindkraft er særleg interessante på grunn av konflikten mellom ulike miljøinteresser. Ei usemje som dreier deg om vindkraftverka først og fremst skal sjåast som eit tiltak mot globale klimaendringar, eller ein potensiell skade på landskapa og økosistema der dei vert lokalisert. Om vindkraftverka er eit gode eller eit onde kjem an på det grunnleggande spørsmålet om kva ein definerer som eit gode, og i denne analysen av to konsesjonssøkte vindkraftprosjekt skal eg forsøke å auke forståinga av korleis aktørane som engasjerer seg i sakene definerer kva som er eit gode. Gjennom analysane av to vindkraftsaker vil me også sjå korleis vindkrafa vert debattert ut frå andre mål og verdiar enn miljøvern, men eg skal argumentere for at sakene i første rekke må forståast som ein miljøvernkonflikt. Ein konflikt som i dette tilfellet står om bygginga store kraftverk som ikkje hadde vore muleg i Noreg utan ein miljøpolitisk prioritering av fornybar energi, men som samstundes vert hevda å utgjere ein trussel mot naturen der det vert bygga.

Utbygging av fornybar energi kan analyserast ut frå det motsetjingsfylte tilhøve til ulike miljømål som er forankra i både nasjonale lovverk og internasjonale avtaler (Egeland og Blindheim 2011). I vindkraftutbyggingar står målet om å auke andelen fornybar energi i energirekneskapen, opp mot målet om reduksjonen i tapet av biologisk mangfold. Samstundes er det fleire andre politiske mål

1 Boka *Klimaparadokset* (Alstadheim og Stoltenberg 2010) bygger på samtalar med Noregs sitjande statsminister, Jens Stoltenberg, om politiske løysingar på klimakrisa. Boka syner på mange vis viljen og det politiske engasjementet til å stogge klimaendringar.

som kan verte positivt eller negativt påverka av utbygginga av vindkraft. Lokalsamfunnet kan få ei rekke positive og negative verknader som fylgje av utbygginga, og saman med den motsetjingsfylte miljøpåverkinga frå kraftverka, resulterer dette i vindkraftprosjekt som kan vurderast ut frå fleire meir eller mindre kommensurable perspektiv.

I lys av to konfliktfylte vindkraftsaker vil eg syne *korleis motstridande miljømål vert argumentert for i ei konkret sak*. I denne samanheng vil eg rette merksemd mot *kva plass ekspertkunnskap og vitskap får i argumentasjonen*, og eg skal vidare gjere ei vurdering av *korleis rettferdiggjeringane påverkar konflikten og handteringa av verdiar som er knytt til naturmiljøet vårt*. Problemstillinga mi er tett knytta saman med det teoretiske perspektivet for oppgåva, ein teori om *rettferdiggjerande argumentasjon* (Boltanski og Thévenot 1999, Andersen 2007, Skarpenes og Hestholm 2007) som tek sikte på å synleggjere korleis aktørar former sin argument i det offentlege rommet.

1.1 Lista og Sleneset – to vindkraft-case

For å svare på desse spørsmåla, har eg vald å utføre ein multippel case-studie med to vindkraftsaker som case. Case-studien gjev meg den naudsynte sensitiviteten for korleis spesifikke tilhøve i sakene formar rettferdiggjeringane, og valet av to konfliktfylte case gjev meg høvet til å vurdere saker som er prega av mykje debatt og kritikk. Datamaterialet består av sakspapira som er arkivert i sakene, lover, forskrifter, rettleiarar og handbøker som er sentrale for korleis dokumenta vert utforma og intervju med fire sakshandsamarar i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), der to av dei er sakshandsamarar for dei konkrete sakene eg har undersøkt. NVE er eit direktorat under Olje- og Energidepartementet som er ansvarleg for å forvalte landet sine energiressursar, og difor handsame søknader om konsesjon til å bygge og drive kraftverk. Vindkraftverk som har ein effekt over 10MW² skal meldast til NVE for å verte handsama etter Plan- og bygningslova sin *Forskrift om konsekvensutgreiingar* (2009). Meldinga vert send på høyring før det vert fastsett eit konsekvensutgreiings-program. På bakgrunn av dette vert ei rekke tema som vindkraftverka berører, utgreia. Resultata frå utgreiingane vert send til NVE saman med søknad om konsesjon, og dette vert send ut på ny høyring. NVE er ansvarleg myndighet i heile prosessen fram til vedtaket.

Lista vindmøllepark er den første casen eg har vald ut. Dette er eit kraftverk som no er under bygging på Sørlandet, i Farsund kommune. Kraftverket vart gjeve konsesjon på bakgrunn av gode produksjonstilhøve og gunstig nettilkopling. Sakshandsaminga pågjekk over fleire år, og var prega

² Ein 100 meter høg vindturbin har typisk 2-3MW effekt.

av usemje om verdsetjing av landskapet i og rundt planområdet. Eit landskap som også hadde ei rekke kulturminner. Saka inneheldt også ei rekke kritikkar i høve til både vurderinga av fuglelivet og turistnæringa, og protestane kom frå både lokalt busette personar og offentlege instansar.

Sleneset vindmøllepark er avslått av NVE, men ligg endå til handsaming i Olje- og energidepartementet (OED) då avslaget vart påklaga av tiltakshavar. Saka fekk avlag på grunn av dei estimerte kostnadene som NVE vurderte å vere alt for høge, ei vurdering som tiltakshavar, Nord-Norsk Vindkraft AS (NNV), var heilt ueinig i. Saka bar også preg av stort lokalt engasjement rundt tema som ringverknader for lokalt næringsliv, skader på turistnæringa, øydelegging av landskapet, og omsynet til Hubro-bestanden i området.

1.2 Aktuell forsking innanfor feltet

Ein kan finne fleire artiklar som ser på konfliktar rundt vindkraftutbyggingar som utfordringar med å implementere ein politikk for å auke produksjonen av fornybar energi. Desse tek for seg korleis lokal opinion er avgjerande for om vindkraftprosjekta lukkast med å få løyve til bygging (Toke 2005, Loring 2007, Jolivet og Heiskanen 2010). Mellom anna er det funne ein sterk samanheng mellom eksistensen av lokale motstandsgrupper og utfallet av sakene (Toke 2005, Loring 2007). I dei sakene der det er ei gruppe av motstandarar som er villige til å organisere motstand, vil dei ha stor sjanse til å påverke både lokale myndigheter og å engasjere nasjonale vernegrupper. Noko som i si tid aukar sjansen for å stogge prosjekta (Loring 2007). Lokal velvilje og motstand er også vist å vere nært knytta til den tilknytinga lokalbefolkninga har til prosjekta, særleg den økonomiske tilknytinga (Toke 2005).

Betydninga av lokal oppslutning ser altså ut til å vere stor, og me kan sjå at lokal motstand er ein av hovudårsakene til at vindkraftprosjekt strandar. Ein kan tolke dette som at vindkraft med sitt potensiale for auka produksjon av fornybar energi hamnar i konflikt med lokale interesser om vern av lokale verdiar. Ei slik motsettjing vert fanga av uttrykket Not in My Back Yard (NIMBY)³, situasjonen der eit allment akseptert gode møter motstand av dei som får ulempene plassert i sitt nærmiljø. Biletet av vindkraftkonfliktar som problem med NIMBYism vert utfordra av Rygg (2012), som i sin analyse av norske vindkraftsaker skriv at det lokale aspektet i langt større grad var knytt til argumentasjonen **for** å bygge vindkraftverka, og ikkje lokal motvilje. Rygg (*ibid.*) viser til

³ NIMBY er meint å fange opp eit fenomen der ein finn støtte for ei sak som vindkraft på generelt plan, men der ingen ynskjer å få dei lokale ulempene ved utbygginga lagt til sitt lokalmiljø. Sjå m.a. Bell et al. (2005) for ei utdyping av dette.

at det ikkje er eit stabilt sett med motargument å finne i frå sak til sak, men ein relativt stor variasjon i motstandsargumenta. Dei avgjerande vendingane til fordel for utbygging, ser ut til å vere ein etablering av vindkraft som eit lokalt næring- og sysselsetjingstiltak, ikkje eit globalt klimatiltak. Lokal økonomisk tilknyting eller gevinst står altså fram som eit særleg viktig element i dei norske utbyggingssakene som er undersøkt av Rygg (*ibid.*). Hongslo og Lundberg (2012) viser også, med utgangspunkt i eit omsøkt vindkraftprosjekt på Bygland, at det viktigaste temaet for debatt vart lokal utvikling opp mot ein villreinplan som omfatta utbyggingsområdet. Forfattarane hevdar at: «I dette spillet kan [villreinplanen] og biologisk mangfold fort bli taperen.» (Hongslo og Lundberg 2012:51). Ein slik svak posisjon for naturvernplanar kan vidare sjåast i samanheng med ein påstand om at «gjeldende rettsregler ikke gir de berørte miljøinteresser tilstrekkelig rettssikkerhet i vindkraftsaker» (Winge 2007:136). I den refererte masteroppgåva konkluderer Winge (*ibid.*) med at vase formuleringar og mangel på spesifikke krav i miljøvernlovgjevinga svekker rettstryggleiksgarantien gjennom å gjere det vanskeleg for domstolane å påpeike feil i sakshandsaminga.

Ein kan no med rette undrast om ein skal forstå konfliktane i vindkraftsakene som nasjonal politikk for fornybar energi i møte med lokalsamfunn med meir eller mindre velvilje, der ulike prosessar kan hjelpe på å auke stønaden til prosjekta, eller om ein skal forstå vindkraftdebatten som eit ynskje om lokal og regional økonomisk utvikling der mellom anna omsynet til naturvern og arealplanar, vert sett til side. Det seier seg sjølv at eit slikt spørsmål ikkje er til for å svarast på, men at spørsmålet viser nokre av dei mange aspekta som pregar vindkraftsakene. Me kan sjå noko av den mangfaldige måten å forstå vindkraft på i Jolivet og Heiksanen (2010) sine analyserer av ei vindkraftsak i Frankrike. Aktør-nettverk teori (ANT)⁴ vert nytta i denne studien, noko som bidreg til å synleggjere fleire faktorar på mikronivå, mellom anna å gje innsikt i korleis lokale sosiale, geografiske og teknologiske forskjellar spelar inn på ei vindkraftsak. Jolivet og Heiksanen (*ibid.*) peiker også på korleis ulike aktørar vel ulike perspektiv på sakene, forklart som «framing» og «overflowing»: «‘Overflows’ occurred when new actors got engaged and started to develop their own, alternative vision and frames» (*ibid.*:6751). Saka som byrja som eit positivt prosjekt for utvikling av ein ny, «grøn» identitet for ein fransk småby, enda etterkvart som eit mogeleg problem for ein annan nærliggande by med ynskje om å verte teke inn i UNESCO si verdsarsvliste.

Her vil eg trekke linjer til korleis avvegingar mellom ulike miljømål og samfunnsinteresser vert

⁴ Sjå m.a. Latour, B. (2005). *Reassembling the social : an introduction to actor-network-theory*.

vekta i NVE si handsaming av vasskraftsaker. Konsesjonssøkte vindkraft- og vasskraftverk vert handsama av NVE etter den same modellen, og ein kan finne mange av dei same konfliktane mellom ynskjet om kraftproduksjon og ynskjet om å ivareta ulike kvalitetar ved området der kraftverket er. Med utgangspunkt i to vasskraft-case har Egeland og Blindheim (2011) vist at ulike miljømål som bevaring av naturmangfald, betring av vassmiljø og auka produksjon av fornybar energi, ikkje berre kjem i konflikt med kvarandre i vasskraftutbyggingar. Desse ulike miljømåla skal samstundes vektast i eit sosialt rom der andre samfunnsinteresser er med på å prege korleis ulike aktørar vektlegg ulike aspekt ved sakene. Sakene vert ytterlegare komplisert ved at «[...] kunnskapens omfang og legitimitet i stor grad påvirkes av de interessene som [er] fremmet i de to sakene» (ibid.:44). Eg nemnde innleiingsvis at eg ynskja å kople vurderinga av vindkraftsakene opp mot korleis aktørane nyttar seg av vitskap og ekspertkunnskap. Måling, verdsetjing og samanlikning av miljøeffektar ved planlegging av vindkraftutbygging, er eit tema som er av avgjerande betydning for mi problemstilling, då konsekvensutgreiingane (KU) er sentrale element i saksgangen.⁵

Økonomiske metodar er vorte særleg sentralt i utgreiingane av vindkraftutvikling, og økonomiske verkty er vorte trekt fram som heilt sentralt for utvikling av vindkraft i Noreg: «I dette forhandlingsbiletet er det stadig tydeligere at den enkeltmekanismen [...] som har betydd mest i sammenkjedningen av interesser mellom aktørene, er kostnadskalkylen» (Solli 2003:413). Noko av grunnen til dette skal vere kostandskalkylen sin måte å skapa orden i eit sakskompleks med ei uoversiktleg mengde interesser. Kalkylen opnar for at kompleksiteten i samfunnsøkonomien i vindkraftutbyggingar kan uttrykkast med eit tal⁶, kostnad per produsert energimengd (øre/kWh), og Solli (ibid.) skriv at ein kan sjå på øre/kWh som det Latour (1987) kallar *immutable mobiles*: «objekter som kan transporteres over store distanser og likevel kommunisere samme informasjon.» (Solli 2003). Som me skal sjå av analysane, er dagens praksis i konsesjonsprosessen som NVE forvaltar, delt mellom prissette og ikkje-prissette konsekvensar. Funna til Solli (ibid.) peikar mot at dei talfesta økonomiske måla spelar ein særleg viktig rolle. Det eksisterer også modellar for prissetting av effektar på samfunn og miljø som i vindkraftsakene vert sett som ikkje-prissette. Stirling (1992) viser til framveksten av ulike metodar for å analysere ulike effektar i miljøstrider og

5 KU er hevdå å kunne karakteriseast meir som eit planleggingsverktøy enn som vitskapeleg verksemrd, men samstundes deler KU-instituttet så mange kjenneteikn med vitskapelege prosessar at det med fordel kan analyserast som vitskap (Grande og Sørensen 2000).

6 Her meiner Solli (2003) at øre/kWh er vorte eit språkleg kondensat som vert alle tinga målestokk innanfor energifeltet. Samstundes kan ikkje øre/kWh gripe omsynet til biologisk mangfald, verdien av utsleppsfree energiproduksjon eller lokal verdiskaping.

viser spesielt korleis økonomien har lagt under seg stadig fleire felt med sine metodar. Det er gjort forsøk på å gjere kost-nytte analysar av allereie handsama vindkraftsaker i Noreg (Ruud 2010), og ein kan argumentere for at ein slik analyse av fordelar og ulemper vil forenkle noko av den enorme kompleksiteten i effektar som NVE skal handsame i kvar sak. Slike tilnærmingar er likevel ikkje uproblematiske, og den forenklinga som ligg i ein økonomisk analyse kan også vere mellom dei største problema då det er mogeleg å spore store validitetsproblem hefta til samtlege av verdsetjingsmetodar som er teke i bruk (Stirling 1992).

Trass i at NVE ikkje baserer vedtaka sine på ei rein økonomisk berekning, skal me sjå at slike økonomiske berekningar er ein vesentleg del av konsesjonsprosessen.

Me kan mellom anna sjå at NVE i sine vedtak gjerne vil vektlegge kostnadskalkylen, men då saman med andre vurderingstema. Me kan også sjå at det eksisterer andre metodar for forenkling av komplekse samanhengar, som kan vere til hjelp for både å forme forvaltningspraksis og argumentasjon. Raudlista⁷ er vorte vurdert som ein slik reiskap som gjennom fleire ledd av forenkling vert tilpassa argumentasjon i ei konkret sak (Jørstad 2008), og raudlista, saman med andre utgreiingsverktøy, kan nok på dette viset tene som ein autoritet i argumentasjonen. Prosessane rundt KU som heilskap er likevel påstått å vere for interesseprega og for svake metodisk til å verte eit godt fundament for avgjersle (Grande og Sørensen 2000). Samstundes har usikkerheit eller mangel på kunnskap vist seg å påverke saksgangen i vindkraftsaker, då kunnskapsmangel, særleg i høve til fugl, svekkar kvaliteten på avgjerslene i vindkraftsaker (Stene 2006). Difor er det fleire aspekt som peikar mot at kunnskapen sin form og prosess er avgjerande for debatten.

1.3 Betre forståing av rettferdiggjeringane

Forsking på problemstillingar som tek for seg konfliktar rundt vindkraftsaker og bygging av fornybar energi, har vist at det er ei rekke element som påverkar utfalla, prosessen og kunnskapsproduksjonen. Me har sett at lokal opinion, lokale interesser og nettverksdanning er vesentleg for korleis sakene utviklar seg. Det er også vorte vist til at korleis lovverk og

⁷ *Norsk Rødliste 2006* som den heiter, er ei liste over trua plante- og dyreartar som baserer seg på ein internasjonal akta metode for å kategorisere artar som er eller er nær ved å verte utryddningstrua

institusjonelle rammer verker inn på både utbyggingsfrekvens og rettstryggleiken til miljøinteresser (Winge 2007, Buan et al. 2010), og at metodar for kunnskapsproduksjon og bruk av kunnskap påverkar og vert påverka av prosessane med å forvalte miljøinteresser og utvikle ein miljøpolitikk.

Eg vil då argumentere for at ein ytterlegare forståing av dette politiske feltet mellom anna kviler på ei betre forståing av korleis aktørane sjølve nytter sine kritiske evner til å knytte saman legitime argument. Eg er overtydd om at interesser og makttihove er avgjerande for korleis sakene utspelear seg, men eit vedtak, ei høyringsfråsegn eller ein søknad kan aldri grunngjevast i ein maktrelasjon eller ei spesiell interesse. Som informanten «I» sa om grunngjevingane for å klage på NVE sine vedtak: «Man må jo hekte det på så legitime grunnlag som du tror er mulig å vinne fram med». Ein påstand som nok kan gjelde for alle aktørar i sakene. Alle må forsøka å vise korleis deira standpunkt kan realisere det største gode for heile samfunnet. Nettopp av den grunn vil det vere fruktbart å nytte Boltanski og Thévenot (1999, 2006) som teoretisk rammeverk, då denne teorien gjer det muleg å kunne begrepse og forstå korleis aktørar utøver sin kritiske kompetanse til å argumentere og kritisere. Debatten kan då også forståast som eit handlingsrom danna av aktørane sine rettferdiggerande og kritiske handlingar. Som resultatet av kritikkar og rettferdiggingar i søknaden, fråsegna, vedtaka og klagene. Eg vil forsøka å lysette dei kritiske handlingane innanfor konteksten til dei konkrete sakene, og i eit større perspektiv meiner eg det er grunn til å tru at ein betre forståing av kritikken i kvar enkelt sak kan hjelpe på forståinga av vår tilnærming til miljøproblema.

1.4 Struktur i oppgåva

Oppgåva vil no fortsetje med ein presentasjon av det teoretiske grunnlaget, i kapitel 2. Her vil det teoretiske perspektivet med sin grunnstruktur og omgrep, verte presentert på ein oversiktleg måte, før eg diskuterer korleis teorien kan nyttast i analyser av miljøvernssaker. Kapitel 3 vil ta for seg metoden og dei epistemologiske føresetnader som oppgåva bygger på. I kapitel 4 og 5 vil begge dei to casa verte presentert i tur og orden. Casa, relevante lovtekstar, rettleiarar for søkjær og utgreiar og intervju-data vil i si tid verte grundig analysert og drøfta i kapitel 6 og 7. Her vil eg først, i kapitel 6.1 føreta ei drøfting av korleis aktørane rettferdiggjere sitt standpunkt på ulike måtar. Deretter vil eg i kapitel 6.2, gjere ei drøfting av om det eksisterer ein eigen frittståande miljøvernargumentasjon, ein grøn orden, medan eg i kapitel 6.3 og 6.4 vil vise korleis NVE rettferdiggjer sine vedtak og korleis NVE sine rettferdiggingar vert kritisert. I Kapitel 7 vil eg så drøfta kunnskapen si rolle i desse rettferdiggingane. Her vil eg vise korleis ulike metodar og praksisar i utgreiingsprosessen

verker inn på utgreiingane som legitimt kunnskapsgrunnlag for standpunkt og avgjersle. Til sist vil eg i kapitel 8 oppsummere funna og vidare drøfte korleis rommet for rettferdiggjerande argumentasjon i vindkraftsaker styrer vår måte å verdsetje natur og miljømål.

2 Teoretiske perspektiv

I studien av vindkraftsakene på Lista og Sleneset vil eg rette merksemd mot korleis ulike aktørar argumenterer for eller mot eit konkret vindkraftprosjekt. Tidleg i arbeidet med sakene meinte eg å sjå at prosjekta kan forståast ut frå ei rekke ulike logikkar for vurdering. Vindkraftprosjektet kan mellom anna forståast som utvikling av fornybar energi, som lokal verdiskaping eller som eit potensielt problem for fugl, og eg ville velje eit analytisk rammeverk som let meg undersøke denne sida ved sakene. Eg vil vise *korleis motstridande miljøargument vert nytta i ei konkret sak, og korleis rommet for rettferdiggerande argumentasjon er forma av aktørane som deltek i sakshandsaminga av vindkraftsakene*. Samstundes vart det også tidleg klart at det som gjorde vindkraftsakene spesielle, var deira posisjon som eit omdiskutert tiltak i miljøvernsamanheng. Innanfor rammene av dei analytiske rammene ville eg då spesifikt forsøka å forstå korleis vindkraft er vorte omdiskutert i høve til effektar på miljøet.

For å kunne svare på desse spørsmåla har eg vald å nytte omgrep og ei teoretisk grunnforståing av debatten, henta frå Boltanski og Thévenot (1999, 2006). Perspektivet som ein på norsk kan kalle ein *teori om rettferdigging* (Andersen 2007), gjer det mogleg å analysere datamaterialet med blikk på korleis aktørar grunngjev eit standpunkt ut frå eit breitt spekter av mogelege metodar for verdsetjing. I analysen vil eg forsøka å vise korleis ulike aktørar fremjar *kritikk* og *rettferdiggerande argumentasjon* for eit standpunkt. Gjennom kritikk eller rettferdiggingar vil aktørane argumentere for at deira standpunkt kan realisere det største ålmenne godet, og slik forsøka å overbevise om at deira system for evaluering er det rette.

2.1 Teori om rettferdiggerande argumentasjon

Noko av det som gjer sakskomplekset kring vindkraftsaker så interessant, er dei mange fortolkingsrammene som er muleg å finne i dei ulike aktørane sine innspel. Ein kan sjå vurderingar av korleis naturmangfaldet vert påverka av bygginga av eit titals vindturbinar, ein kan diskutere vindkraftanlegget som ei støykjelde, ein kan ta utgangspunkt økonomiske ringverknader frå prosjektet og ein kan diskutere kraftverket i lys av kva energimengd det skape. Alt dette og meir til vert gjerne tema i konsesjonshandsaminga, og NVE er nøydd å vektlegge noko framføre noko anna når vedtak skal fattast. Bruken av ein teori for rettferdiggerande argumentasjon har opna for å kunne sjå korleis aktørar handlar for å plassere sakene som tilhøyrande under spesifikke logikkar for evaluering. Allereie her er det viktig å få fram at utgangspunktet for denne analysen er konfliktar

som oppstår innanfor det ein kalle eit *regime for rettferdiggjering*. Eit slikt regime vil vere typisk for ueinigheiter i det offentlege rom, der det er eit krav til å logisk rettferdiggjere sine standpunkt. Boltanski og Thévenot opererer også med andre regimer for handling⁸, men desse vil ikkje verte ein del av mine analysar. Innanfor regimet for rettferdiggjering er det definert eit sett *orders of worth* (Boltanski og Thévenot 2006) eller *verdiordenar* (Skarpene og Hestholm 2007), som kan sjåast på som system for oppbygging av legitimerande argumentasjon. Kvart system har ein eigen indre oppbygging der gitte personar, objekt og relasjonar mellom desse er sett som viktige eller betydningsfulle.

Perspektivet eg har vald gjev meg også mulegheiten til å sjå på korleis produksjon og bruk av kunnskap påverkar argument og saksgang, og eg vil forsøka å vise korleis bruk av spesielle metodar for kunnskapsproduksjon avgjer kva grad eit objekt eller ein person er relevant for verdivurderinga og utfallet av sakene. For å kunne seie noko om dette vil eg måtte sjå bruken av vitskap. Her vert det ikkje mine eigne kunnskapsteoretiske vurderingar som styrer analysen, men aktørane sine vurderingar av kunnskapen som vert nytta i debatten. Eg har gått inn i konsesjonssakene med eit ynskje om å sjå korleis metodar for kunnskapsproduksjon vert nytta, og korleis dette verker inn på hovudproblemstillinga. Ei teoretisk kopling mellom argumentasjon og bruk av vitskap vil verte diskutert heilt sist i dette kapittelet.

2.1.1 Boltanski og Thévenot – i eit teoretisk landskap

Boltanski og Thévenot har gjennom ei årrekke utvikla eit teoretisk perspektiv for analysar av aktørar sine kritiske kapasitetar (Boltanski og Thévenot 1999, Lamont og Thévenot 2000, Thévenot 2002, Boltanski og Thévenot 2006). Dersom ein skal tillate seg å kort oppsummere utgangspunktet for dette teoretiske reisverket, som ein kan kalle *The sociology of critical capacity* (Boltanski og Thévenot 1999:359) eller ein *teori om rettferdiggjering* (Andersen 2007), må ein kunne sjå det som eit brot med ein kritisk tradisjon innanfor sosiologien (Joas og Knöbl 2009, Guggenheim og Potthast 2012). Ein kan med andre ord forstå danninga av teorien som eit ynskje om å ta eit steg attende for å forstå rommet der dei kritiske teoriane sjølve var danna (Skarpene og Hestholm 2007:72). Fransk sosiologi var i tiåra fram til 1991 når Boltanski og Thévenot gav ut sin mest kjende presentasjon av teorien, *De la justification: les économies de la grandeur* (Boltanski og Thévenot 1991), prega av strukturalismen og seinare også Bourdieu sin meir aktørretta teori. Desse retningane har hatt stor forklaringskraft for ei rekke sosiale fenomen, men føresetnaden om at

8 Sjå Boltanski, L. and L. Thévenot (2006): *On justification: economies of worth*, for ei utdjuping.

sosiologen kan og skal identifisere bakanforliggande eller overordna strukturar som forklarer handling, kjem til kort i møte med problemstillingar som ynskjer å ta for seg desse kritiske handlingane i seg sjølv.⁹ Gisle Andersen (2007:33) skriv i sin tolking av arbeidet med analysar av kritikk, «at et slikt prosjekt ikke kan bygge på sosiologiske begrepskonstruksjoner som a priori definerer hvilke interesser eller krefter som styrer aktørenes handlinger». For å kunne gjere ein fornuftig analyse av konfliktsituasjonar der aktørane former situasjonen ved å sjølv aktivt utøve kritikk, må ein ha eit analytisk grep som tillet aktørane å utøve denne kritikken. No skal eg vere varsam med å tillegga den kritiske tradisjonen forenkla ord og meininger, men kontrasten kan vere med å synleggjere Boltanski og Thévenot sitt perspektiv på konfliktar. Gjennom den kritiske sosiologien sine analysar som legg vekt på å finne strukturar og faktorar som forklarer aktørar sine handlingar, vert det vanskeleg gjere ein fruktbar analyse av den typar saker som NVE handsamar. Her vil eg argumentere for at ein må legge vekt på å syne korleis aktørane sjølve utøver kritikk og rettferdiggjering. Perspektivet kan då sjåast som ein sosiologi *om* kritikken, og forenkla kan ein seie at det opnar for å sjå etter *korleis* aktørane argumenterer, ikkje *kvifor*. Vidare vil analysane opne for å diskutere korleis kritikk og rettferdiggjering vert utført innanfor eit rom som gjennom nettopp desse kritiske operasjonane, kan verte endra. Resultatet av ein slik analyse kan verte ein betre forståing av kva som per idag er eit mogeleg repertoar for rettferdiggjering i debattar om utbygging av vindkraft, og ei forståing av korleis staten, representert ved NVE, plasserer seg i eit slikt rom.

2.1.2 Logisk struktur og sentrale omgrep i det teoretiske rammeverket

For å teikne eit oversiktleg bilet av teorien om rettferdiggjering, vil det vere naudsynt å klargjere korleis Boltanski og Thévenot forstår handling og struktur. I arbeidet med å forklare dette vil eg samstundes forsøka å definere sentrale omgrep opp mot dei empiriske case eg seinare skal analysere. Først vil eg rette merksemrd mot korleis ein kan forstå aktørar sine handlingar i situasjonar som krev kritisk arbeid.

Eg startar då med å utdjupe eit omgrep som også peiker på koplinga mellom teori og tematikk. Som ein ser av det føregåande avsnittet, er sosiologen om kritikk relevant i studiar der ein ynskjer å

9 Her kan det vere på sin plass å peike på korleis teorien kan ha likskapstrekk med andre teoretiske straumningar. Andersen (2007:52) har vist korleis teorien til Boltanski og Thevenot på mange måtar sirklar rundt dei same tema som Habermas gjer i sin omtale av det deliberative demokratiet, men at ein ved bruk av ein teori for rettferdiggjering kan få «et bedre grunnlag for å *empirisk* undersøke relevante karakteristiske trekk i den (politiske) offentlige debatt.». Vidare er også Boltanski og Thévenot gjennom sitt aktør-fokus, i berøring med både symbolsk interaksjonisme og etnometodologi (Skarpenes og Hestholm 2007). Likevel opnar Boltanski og Thevenot sitt perspektiv for eit større fokus på etableringa av institusjonar som kan vere svært omfattande i både tid og rom, og på denne måten lagar dei ein teori som muleggjer makroperspektiv-forståingar av kritiske operasjonar.

undersøke korleis kritikk vert fremja og formulert av dei involverte aktørane. Omgrepene *critical moments* (Boltanski og Thévenot 1999:159-160), eller *kritiske augneblink*, refererer til situasjonar som representerer eit brot i semje og handlingsflyt. Forenkla kan ein her sjå for seg at rådande forvalting av Noreg sine energiressursar fører til ein startar opp eit prosjekt med å bygge ei kraftlinje gjennom Hardanger. Grunngjevinga kan vere lett å forstå og forklare, då ein kan vise til analysar som syner at kraftlinja vil gjere det mogeleg å transportere naudsynt straum frå A til B med lågaste mogelege kostnader. På eit eller anna tidspunkt reagerer nokon mot dei oppstarta planane. Ein kan ikkje legge enorme kraftlinjer gjennom landskapet i Hardanger! Her oppfattar då kritikarane situasjonen som kritikkverdig, dei protesterer mot vurderingane som er gjort, og kan mellom anna hevde at saka ikkje kan avgjerast som eit samfunnsøkonomisk reknestykke, då ein her set ein nasjonal kulturarv på spel. Her er det heilt andre kriteriar som skal avgjere om kraftlinja kan gå gjennom Hardanger. Aktørar vert tvinga til å grunngje kvifor situasjonane er uhaldbare, eller motsett, tvinga til å legitimere den orden som er under kritikk. Aktørane har ei rekke moglegheiter til å komme seg forbi slike *kritiske augneblink* avhengig av den sosiale ramma, men eg skal avgrense meg til dei handlingsalternativa som ligg innanfor eit *regime for rettferdiggjering* (Boltanski og Thévenot 1999:362). Eit *regime for rettferdiggjering* er typisk brukt om situasjonar som er ei form for fredfull konflikt i det offentleg rom. Her vert aktørane nøydd å rettferdiggjere sitt standpunkt ved å vise til korleis dette kan tene eit større allment gode. Den rettferdiggjerrande argumentasjonen må altså referere til eit større felles gode for å kunne forsvarast opp mot noko anna. Dette inneber ein forflytting vekk frå det spesifikke over i det allmenne, noko som gjer at sakene må koplast opp mot eit system for generell rettferdiggjerrande argumentasjon. Aktørane må her vise korleis ein kan kategorisere dei spesielle elementa i saka som ledd i ei generalisert ramme for evaluering. Eksempelvis kan ein gjere produksjonskostnadene ved ei vindmølle til eit avgjerande aspekt ved å legge til grunn ein marknadsbasert forståing av vindmølleprosjekt. Innanfor ei slik ramme for forståing vert ein velfungerande marknad ein mekanisme for å sikre best mogeleg utnytting av knappe godar, og prisen på ei vindmølle kan verte eit prov med generaliserte kvalitetar for allmenheten. På denne måten kan ein vise at vurdering av produksjonskostnader er viktig for å sikre eit allment gode.

Fleire av stega i vindkraftsakene må kunne definerast som kritiske augneblink, eller definerast ut frå sitt tilhøve til kritiske augneblink, og eg vil vidare legge til grunn at dette går føre seg innanfor eit *regime for rettferdiggjering*. Difor vert altså aktørane sitt tilhøve til kritikk, spesielt viktig. NVE sine vedtak er skrive, vel vitande om at dei vil verte påklaga¹⁰, og må såleis vere rusta mot kritikk

10 Dette kjem fram i samtlege intervju.

ved å bygge på *rettferdiggerande argumentasjon*. Samstundes må kritikken som vert fremja av andre aktørar basere seg på legitime grunnar, då argumentasjonen må vere legitimt grunngjeve dersom det statlege direktoratet skal ta innspela til fylgje. Aktørane må rettferdiggjere eller legitimere eit standpunkt med tilvising til eit allment gode. Her må ein gå frå det partikulære til det generelle, ved å vise korleis saka handlar om noko meir enn dei spesifikke tilhøva ein har identifisert i saka. Er dette ei miljøsak, eller er dette ei sak om rekreasjon for lokalbefolkinga? Å rettferdiggjere ein gitt posisjon ved å vise til eit større allment gode er ein prosess som handlar om å gjere generaliseringar eller å etablere ein *ekvivalens* (Boltanski og Thévenot 1999:361). Kva overordna prinsipp skal vere styrande for utveljinga av det ein skal vurdere som relevant i saka. Kva skal ein vurdere saka, konflikten eller objekta og personane i saka, som? Og, vel så viktig: kva element ved saka skal gjerast irrelevante?

Her er det viktig å merke seg kor viktig det er at aktørar knyttar saman objekt i bruken av gitte rettferdiggingar, noko Thévenot (2002) fangar i uttrykket «equipped humanity». Moralske vurderingar som inngår i rettferdiggingar skjer altså i eit samspel med den materielle verda. Andre, ikkje menneskelege vesen, vert her ikkje berre innpassa i våre vurderingar, men våre vurderingar er også tilpassa for å kunne hanskast med slike element. Bruken av objekt og objektiviseringa av viktige personar er heilt sentralt for å kunne knytte det spesielle og partikulære til noko generaliserbart og allment.

Within the régime of justification, the qualification of human being depends on specific ways of engaging objects which are supposed to be beneficial for everyone. Depending so strongly on qualified objects, human beings are themselves objectified. This is why worthy people tend to look rigid, ‘conventional’ (in the everyday sense of the term), when they are forced to show their worth, seeming somewhat inhuman when they behave as professional expert, optimising consumer, grandee, or famous star.
(ibid.:14)

Bruk av objekt og objektivisering er med andre ord ein heilt sentral handling for å gjere forflyttinga frå det partikulære, subjektive og personleg, og over til dei generelle, objektive og allmenne rettferdiggingane.

No er det viktig å hugse på me her snakkar om eit system for rettferdigging som tillet eit relativt breitt spekter av måtar å evaluere eit felles gode. Me snakkar her ikkje om *eitt* system for å kople ulike ting saman, men eit sett med fleire ulike system for å kople saman det som er viktig. Innanfor regimet for rettferdigging vil ein framleis stå overfor eit mangfold av måtar å evaluere på, forklart

gjennom omgrepene *verdiordenar* (Skarpenes og Hestholm 2007, Andersen 2007).

2.1.3 Verdiordenar

Metodane som vert nytta for å gjere generaliseringane frå sak til prinsipp, skjer ved å knytte argumentasjonen til det som på norsk vert kalla ein *verdiorden* (Skarpenes og Hestholm 2007, Andersen 2007:35-36). Verdiordenar er meint som ein logisk modell for korleis objekt, subjekt og relasjonar mellom desse er ordna, og for korleis ein kan skilje mellom det som er relevant og det som er irrelevant i ei sak. Ein kan forstå desse verdiordenane som ulike grunnreglar for korleis ein argumentasjon kan byggast opp, der ein tilskriv spesielle subjekt og objekt avgjerande vekt i verdsetjinga. Verdiordenane vert då eit strukturerande element, og difor viktig å forstå som eit første steg i korleis aktørar aktiverer og skaper strukturar (Skarpenes og Hestholm 2007). Her er det viktig å hugse at aktørane til ei kvar tid har fleire verdiordenar til sin disposisjon. Det vil med andre ord i ei sak, eller eit *kritisk augneblink*, alltid vere mogeleg å argumentere utifrå ulike logiske strukturar for verdsetjing. For å verte litt meir konkret kan ein sjå for seg ein situasjon der nokon ynskjer å bygge ein ny veg tvers over eit gammalt gardstun. Her kan ein legge avgjerande vekt på berekningar frå ekspertar på transportøkonomi, på metodar for utrekning av samferdslemönster og på grafane og tabellane som vert lagt fram. Men det er også muleg å rette kritikk mot den samfunnsøkonomiske vurderinga ved å trekke fram funn av eit verneverdig bygg på staden, og vise til kva denne har å seie for lokal identitet og historie. Her kan ein meine at det avgjerande i saka er det gamle huset og andre kulturminner, og at ein heller skal lytte til lokale kjentfolk og andre tradisjonsbærarar. Her ser ein at bruken av ulike verdiordenar vil innebere at ulike element vert relevante og at ulike prinsipp for verdsetjing vil gjere seg gjeldande. I eksempelet over vil ein stå i ein situasjon der ein kan vurdere vegbygging ut frå det som er samfunnsøkonomisk lønnsamt. Ein vurdering innanfor denne verdiordenen vil, i ein romleg dimensjon, stå i eit nasjonalt perspektiv og rette seg mot langsigting, framtidig nytte. Opp mot dette vil ein kunne argumentere for at ein skal vurdere saka ut frå ein test på kva som er tradisjonelt, med ein lokal romleg orientering og eit tidsperspektiv som retter seg mot fortida. Som eg forsøker å vise her, vil då også verdiordenane ha ulike perspektiv på både kva som er relevante subjekt, objekt, evalueringar og orientering i tid og rom (Boltanski og Thévenot 1999, 2006).

Ulike verdiordenar utgjer altså ulike prinsipp for verdsetjing og vurdering. Boltanski og Thévenot (2006) opererte i utgangspunktet med seks slike ordenar, men i ettertid er det framsett forslag om å utvide matrisen til å gjelde to nye. No kan det vere verd å minne om at det teoretiske oppsettet for

desse verdiordenane baserer seg på Boltanski og Thévenot sine analysar, som i høgste grad er kulturelt og historisk spesifikke. Med andre ord er det verd å merke seg at, sjølv om desse ordenane kan sjåast som relativt stabile konstruksjonar, så er det ikkje eit absolutt og universelt oppsett (Boltanski og Thévenot, 1999:369). Det er likvel fleire forskrarar som har funne det fruktbart å nytte verdiordenane som analytiske omgrep i sine empiriske studiar (Lamont og Thévenot 2000, Andersen 2007). Eg vil difor ta utgangspunkt i verdiordenane som analytiske omgrep, og forsøka å kople argumentasjonen i empirien opp mot grunnstrukturen i dei ulike verdiordenane. Kort oppsummert kan ein omtale åtte ulike verdiordenar som per idag er lansert (Andersen 2007, Blok 2011, Skarpene and Hestholm 2007, Thévenot 2002, Boltanski og Chiapello 2007), men analysane av vindkraftcasa vil ta utgangspunkt i dei seks opprinnelige ordenane, samt ta diskusjonen om ein kan sjå utviklinga av ein eigen miljøvern logikk. Dei ordenane som vil verte nytta er då: verdiorden for marknaden, industriell verdiorden, kollektiv verdiorden, domestisk verdiorden, inspirert verdiorden, opinions-orden og ein grøn verdiorden.

Verdiorden for marknaden (Boltanski og Thévenot, 2006:193-202) vil verdsetje noko ut frå dette sin verdi i ein marknad av fri konkurranse. Pengar og varer er dei sentrale objekta, og viktige subjekt er konsumentar og produsentar som er knytt saman i relasjonar av transaksjonar. Eit vindkraftverk kan til eksempel vurderast ut frå krafta sin verdi på marknaden, investeringskostnader og omsynet til aktørar på kraftmarknaden.

Ein *industriell verdiorden* (ibid.:203-211) er kjenneteikna ved å verdsetje det målbare og teknisk effektive. Ekspertar og deira metodar, estimat og måleresultat vert avgjerande i ein logikk der ein søker talfesta rasjonalitet. Vindkraft vert etablert i ein slik verdiorden når vindmålingar, turbineffekt, estimert straumproduksjon og nettkapasitet vert teke inn som avgjerande element i grunngjevinga for kva som er rett å gjere. Ein må også rekne denne ordenen som involvert når vitskapeleg- eller ekspertkunnskap vert nytta som grunnlag for ein argumentasjon.

Den kollektive verdiordenen (ibid.:185-192) er ordenen som søker det kollektive godet gjennom å vise til formelle lover og rettar. Vekt vert lagt til personar som handlar i kollektivet si interesse, i samsvar med lover og reglar. I vindkraftsakene kan det verte hevdat at ein ikkje kan etablere kraftverk i strid med SFT sine retningslinjer for støy. Her vert det framheva at regelverket med tilrådingar til støygrenser, og offentlege tenestemenn si handheving av dette er viktig for korleis sakar skal løysast.

I ein *domestisk verdiorden* (ibid.:164-178) er det det tradisjonelle og stadbundne som er det største allmenne godet. Her er tradisjonelle symbol som titlar og rang, verdige objekt, og personar verdsett i tradisjonen er «store» subjekt. Sermoniar og tradisjonelle hendingar fungerer som testar på kva som skal tilskrivast verdi i ein domestisk orden. I høve til vindkraftsakene kan denne ordenen verte aktivert ved bruk av element som verdsetjing av lokale og tradisjonelle element i landskapet, eller ved å vektlegge ein person sin tittel eller status som lokalt viktig.

Inspirert verdiorden (ibid.:159-163) verdsett åndeleg inspirerte menneske som kunstnarar, og objekta som er til inspirasjon. Vakker natur vart særleg viktig som argument i den no godt kjende konflikten om «monstermaster» i Hardanger. Her vart store luftspente kablar manipulert inn det kjende kunstverket «Brureferd i Hardanger» for å vise at den industrielle orden her ikkje var det rette prinsippet for å vurdere dette landskapet som hadde gjeve kraft til eit av dei mest kjende norske nasjonalromantiske kunstverka.

I ein *opinionsorden* (ibid.:178-184) er det det kjende som vert verdsett. Kjende personar og offentleg anerkjente objekt vert tilskrivne verdi då desse representerer eit felles gode ved å vere kollektivt verdsett.

Den grøne verdiorden er lansert som ein mulig ny og framveksande verdiorden (Lamont og Thévenot 2000, Thévenot 2002), og kan kort oppsummerast som ein orden der menneske og natur eksisterer saman i symmetriske relasjonar, og der berekraftig menneskeleg aktivitet er det sentrale kvalifiseringsgrunnlaget. Her vert urørt natur, økosystem og deira bestanddelar til relevante objekt. Ein grøn verdiorden vil ifølge Thévenot (Lamont og Thévenot 2000) vere retta mot bevaring av økosystem, berekraftig utvikling og naturvenleg åtferd. No er det viktig å presisere at ein grøn verdiorden ikkje representerer noko nytt ved å gjere natur-objekt relevante i vurderingane. Skiljet til den grøne verdiorden vil då gå ved at ein i grøne legitimeringar vil plassere omsynet til objekta i naturen som eit sentralt prinsipp for verdsetjing. Ein fiskebestand kan gjerast relevant innan for ein industriell verdiorden ved å diskutere korleis ein kan forvalte den effektivt for å få mest mogeleg fangst over fleire år. Med «grøne auger» vil me derimot sjå på fiskebestanden og fisken som ein verdi i seg sjølv, som ein kan gjere til eit mål i seg sjølv utan ei eksplisitt kopling til eit anna gode. Me kan altså ikkje ta for gitt at eit argument som baserer seg på at eit handlingsalternativ vil vere til det beste for naturen eller miljøet, er eit argument innanfor ein grøn orden.

Framveksten av ein grøn verdiorden er av spesiell interesse. Som det vart peika på allereie i

innleiinga, kan ein setje opp ein klar motsetjing mellom vindkraft som miljøvenleg, fornybar energi og vindkraft som eit miljøskadeleg inngrep i naturen. Det kan sjå ut som om samtlege aktørar i dei to sakene eg har analysert er einige om at grøne verdiar er relevant, men ein er ikkje einig om vindkraft er eit godt eller dårlig verkemiddel for å realisere desse grøne verdiane. Begge sider i saka vil hevde å vere på miljøet si side, men ein endar opp på to heilt ulike standpunkt. Ein kan vurdere dette som ein *korrigerande kritikk*, i form av å vere ein kritikk av korleis ein skal gjere ein vurderingar innanfor den grønne verdiordenen, men logikkane for vurdering av tiltaket kan også sjåast på som *radikalt* forskjellige. Her vil ordet radikalt vise til eit spesielt element ved det teoretiske perspektivet, kritikkar som baserer seg på ulike verdiordenar (Boltanski og Thévenot 1999:374). I sakene eg har studert kan det sjå ut som om ein har ein debatt om kva som er naturvern og kva som ikkje er det, nesten forma som ei radikal usemje. Ein kritikk av kva som er det rette prinsippet for vurdering der skilnaden mellom kva som vert gjort til relevante objekt, personar og verdsetjingsprinsipp gjer det naudsynt å vurdere om ein ikkje her kan snakke om ulike forståingar av kva som er ein grøn orden, eller rett og slett ulike grøne ordenar¹¹. Men, ein kan også tenkje seg at naturvernargumenta også kan plasserast innanfor andre allereie etablerte verdiordenar. Dette peikar på ei viktig side ved den grøne verdiordenen, den noko uavklarte statusen. For det er ikkje berre slik at denne ordenen ikkje har fått sin heilt eintydige teoretiske form. Ein kan med rette diskutere om det teoretisk perspektivet i det heile teke opnar for eksistensen av ein grøn eller økologisk verdiorden, då Boltanski og Thévenot (1999,2006) sin modell eigentleg baserer seg på at ein alltid må vise til eit allment menneskeleg gode, og difor allereie her ekskluderer verdiordenar som handsamar ikkje-menneskelege objekt som noko meir enn eit middel (Latour, 2001).

Argumentasjon i naturverndebattar kan då ofte reduserast til rettferdiggjeraende argumentasjon innafor ein av dei andre ordenane for legitimering. Dette gjer empiriske studiar av miljøverndebattar relevante. Her må me hugse, som det vart sagt i forklaringa av verdiordenar, at eksistensen av dei ulike verdiordenane er høgst historisk og kulturelt spesifikk, forma av aktørane i det offentlege rommet. Ein grøn verdiorden som ein kan tenkje seg har vakse fram i dei seinare tiåra, tiår der miljøproblema har fått ein heilt anna realistisk og analytisk status hjå menneska enn tidlegare (Beck 1992, Asdal 2011), vil berre eksistere som følge av aktørane sin bruk av denne verdiordenen. Aktørane sin bruk av ein grøn verdiorden vil då vere eit hovudtema for dei seinare analysane.

2.1.4 Kompleksitet i rettferdiggjeringar

I utgangspunktet er teorien for rettferdiggjering formulert slik at aktørar skal reindyrke ein

11 Dette er eit argument som også vert diskutert av Blok (2013).

verdsetningslogikk når kontroversane tilspissar seg. Kompromiss er omtala, og dei kan stabilisera seg gjennom institusjonaliseringar, slik som lovtekstar og rettleiarar. Men kompromissa vil vere lette å destabilisere gjennom kritikk. At realiteten i rettferdiggingar kan vere meir komplekst enn grunnstrukturen i ein teori for rettferdigging gjev rom for, er noko eg tek høgde for. Andersen (2007:119-120) argumenterer for ein nyansering av det teoretiske rammeverket som er etablert av Boltanski og Thévenot (1999,2006). Andersen (2007) peiker på at føresetnaden om at aktørar vil måtte vektlegge ein verdiorden når kritikken tilspissar seg (Boltanski og Thévenot 2006:278), ikkje ser ut til å gjelde for aktørane han har studert, stortingsrepresentantar i debatt. Andersen (2007) skriv at aktørane innehavar ein kompleks kapasitet til å bygge opp argument med fleire verdiordenar. Ein kapasitet som samsvarer med den komplekse situasjonen ein kan stå i når ein fører ein offentleg debatt. Her meiner Andersen (*ibid.*) at den offentlege debatten kan vere forma av ein forståing av at ein på ein og same tid må forholde seg til eit samansett spekter av aktørar, noko som gjer at aktørane i hans studie bygger ein breiare rettferdiggerande logikk. Ein handlingsmåte der det ser ut til å verte hekta på så mange verdiordenar som muleg. Likevel der aktørane ut til å vektlegge ein orden for å vise den overordna «storleiken» til argumenta.

2.2 Forståing av vitskapen i det teoretiske rammeverket

Vitskap og ekspertise høyrer heime i ein industriell orden, og denne ordenen vert spesielt relevant sett i lyset av konsekvensutgreiingane sin sentrale plass i saksgangen. Difor vert det relevant å diskutere korleis metodar for kunnskapsproduksjon, eller nærmare bestemd formene for kunnskap som er produsert av ulike metodar, innverkar på debatten.

Ideen om vitskap som ein enkel og rettlinja veg til god naturforvaltning er problematisert i utstrakt grad (Wynne 1996, Sarewitz 2004, Yearley 2005, Hannigan 2006, Gåsdal og Sande 2009, Hulme 2009). Vitskapen sin tvetydighet og manglande evne til å leve opp til eit objektivt realistisk ideal må ein sjå som ein veletablert forståing av korleis vitskap og miljøpolitikk heng saman. Miljøstrider kan vere uløyseleg kopla til vitskap ved at fleire miljøproblem kun kan skildrast, og difor også eksistere som sak, via vitskapeleg verksemrd (Yearley, 2005). Samstundes må ein forstå den same vitskapen som potensielt usikker og forma av dei aktørar som er involvert i arbeidet med både produksjon og bruk, og kunnskap om miljøproblem er kunnskap om komplekse samanhengar som ikkje lett let seg formulerast som sikker viten. Difor er vitskapen som rettferdiggingane kviler på, ikkje utan vidare forstått som «objektive fakta» av alle aktørar.

Analysane vil også føresetje at sakshandsamarane i NVE har ein spesiell kopling til vitskapeleg objektivisering. Byråkratiet sitt rasjonelle grunnlag kan diskuterast i lag med objektiviteten sine funksjoner og former i beslutningssamanhangar. Først av alt skal NVE forvalte ein objektivitet i form av sin «kollektive» verdi. NVE sine tilsette er «store» subjekt i ein kollektiv verdiorden. Dei forvaltar lover, store objekt i ein kollektiv verden, og er i seg sjølv subjekt som har verdi ved å vere personar som i sitt arbeid skal sjå forbi individuelle ynskjer og forvalte ein generell vilje (Boltanski og Thévenot 2006). Sakshandsamarane i NVE må altså forståast utifrå det spesielle forholdet deira byråkratiske stilling har i høve til lovverket, men ein kan vidare hevde at deira stilling i seg sjølv også vil kalle på industrielle legitimeringar. Byråkratiet må ikkje berre forståast ut frå sitt tilhøve til eit regelverk, men kan også forståast ut frå sin posisjon i eit system i utvikling mot spesialisering og arbeidsdeling med veksande krav om ekspertise innanfor spesifikke felt (Weber 2000). Lovverket har rom for tolkingsfridom, eit rom der NVE sine handlingar ikkje er bunde av lovteksten. Ein slik handlefridom vil ifølge Weber (2000:118) vere styrt ved at «den rasjonale avveining i forbindelse med «saklige» formål [vil] være atferdens herskende norm.» Eg vil, i tråd med Boltanski og Thévenot (1999, 2006) sin teori, likevel ikkje forstå NVE sin handlingar som styrt av normer for byråkratisk åferd, men bruke innsiktane frå Weber til å forstå korleis den NVE- tilsette må utøve sin kritiske kompetanse på ein spesifikk måte for å legitimt kunne vere relevante subjekt i både ein industriell og ein kollektiv orden. Dersom byråkraten skal gjere sine vurderingar relevante, bør ho bygge rettferdiggjeringane på den orden der ho sjølv er eit verdig subjekt. Dersom eigne vurderingar skal vere relevante, kan ikkje sakshandsamaren i NVE forlate den objektive rasjonaliteten som er knytta til eigen subjektposisjon, og difor må me tru at NVE bygger sin objektivitet på objektiviserande lover og objektiviserande rasjonalitet her forstått som objektiv kunnskap.

NVE sin ekspertise på vindkraft er i likeheit med anna ekspertise tufta på personlege ferdigheiter og evne til å utøve fagleg skjønn. Trass i dette, kan ein hevde at objektiviteten til NVE kviler på den objektive kunnskapen som dei nytter til å rettferdiggjere sine vedtak. Difor må ein føresetje at eksperten sin objektive verdi, og difor relevans i industrielle rettferdiggjeringar også kviler på ein mekanisk objektivitet som ligg i dei metodar og prosedyrar som ligg i spesielle kunnskapsproduksjonspraksisar (Porter 1995). Porter (*ibid.*) meiner at kvantitative metodar kan løyse eit presserande problem for byråkratar som, i Boltanski og Thévenot (1999, 2006) sitt omgrepsapparat, må legitimere på ein kollektiv-industriell måte:

The appeal of numbers is especially compelling to bureaucratic officials who lack the

mandate of a popular election, or divine right. Arbitrariness and bias are the most usual grounds upon which such officials are criticised. A decision made by the numbers (or by explicit rules of some other sort) has at least the appearance of being fair and impersonal. Scientific objectivity thus provides an answer to a moral demand for impartiality and fairness.

(Porter 1995:8)

Når analysen rettar søkjelyset mot rettferdiggjeringar og kritikkar, vil vitskapeleg kunnskap verte sentralt, då ein må vente at NVE og andre aktørar vil nyttegjere seg rapportar og ekspertvurderingar. Ikkje minst vil eg rette blikket mot kva kunnskap NVE vel å basere sine vedtak på, då dette i særleg grad vil syne korleis kunnskapsproduksjon påverkar både rettferdiggjeringar og utfall. Her vil eg pragmatisk trekke på omgrep og innsikter frå sosiologi om vitskap og forvalting for å effektivt vise korleis kunnskapspraksisar vert handsama i dei kritiske operasjonane.

2.3 Bruken av teori i analysane

Analyser bygga på ein teori for rettferdiggjering vil by på utfordringar med å kategorisere dokument og resonnement etter kva verdiordenar som vert aktivisert. Argumenta let seg ikkje utan vidare kategoriserast som ein rein rettferdiggjering, basert på ein verdiorden. Den kan bygge på kompromiss, hoppe mellom ulike rettferdiggjerande logikkar eller vere tufta på logiske bristar. Samstundes kan eit og same objekt eller subjekt gjerast relevant innanfor eit mylder av verdiordenar og kompromiss. I analysane vil det då verte naudsynt med høg sensitivitet overfor korleis aktørane forsøkjer å innrullere ulike element i sitt argument, og å forsøka å tolke den grunnleggande logikken bak utsegna.

Eg vil difor, i kapitel 4 og 5, gje ein generell presentasjon av sakene før eg, i kapitel 6, går nærmare inn på diskusjonar om kategoriseringar av objekta, subjekta og formene for verdsetjingar i dei sentrale argumenta. Eg vil her definere korleis sentrale argument plasserer seg i eit rom av verdiordenar, og presentere dette både skjematiskt og i teksten. Som sagt er det ikkje sikkert at aktørane argumenterer akkurat slik som teorien føreset, og eg vil difor operere med ein viss fleksibilitet i koplinga mellom teori og empiri der eg bruker teorien som eit logisk strukturerande utgangspunkt.

3. Metode

For å svare på problemstillinga mi har eg designa ein empirisk studie som inkluderer tekstanalyse og intervju. Ved å velje ut to vindkraftsaker til ein multipel case-studie av konsesjonshandsaminga av vindkraftprosjekt, kunne eg studere aktørane sine kritiske kapasitetar i ein spesifikk og grundig dokumentert kontekst. Nettopp den kontekstuelt betinga kunnskapen som kan genererast frå case-studien (Flyvbjerg 2006), gjer denne metoden særleg eigna for mine problemstillingar og teoretiske rammeverk. Rettferdiggjeringar innanfor ein verdiorden må sjåast på som høgst kulturelt og historisk spesifikt, noko som gjer at rommet for rettferdiggjeringar er heilt avhengig av konteksten dei vert framsett i. Argument i sakene er knytta direkte til spesifikke element i dei konkrete planområda, og heile saksgangen er tydeleg regulert av spesifikke reglar og prosedyrar. Dette heng saman med dei mange ulike aktørane som er involvert i sakene, og som i ulike saker kan handle ulikt i dei ulike delane av prosessen.

Datamaterialet er sett saman av sakspapira frå to utvalde konsesjonssøkte vindkraftsaker, intervju med sakshandsamarar i NVE og eit utval lovtekster og rettleiarar som set rammer for deler av dokumentproduksjonen. Med dette designet har eg laga eit opplegg som på den eine sida tek for seg handlingsrommet for rettferdiggjeringar og kritikk i dei to casa, og på den andre sida gjer at eg kan få ein djupare forståing av NVE sine avgjersler i dette rommet. Dokumenta gjev meg informasjon om korleis aktørar har nytta sine kritiske kapasitetar i den spesifikke konteksten av dei to utvalde vindkraftsakene. Intervjua har vidare gjort det muleg for meg å ta opp spørsmål som eg ikkje har funne svar på i dokumenta, og difor få ein djupare forståing av NVE sitt perspektiv.

Utgangspunktet for metoden og epistemologien i oppgåva er plassert i ein postmoderne, konstruktivistisk forståing av kvalitativ forsking (Gubrium og Holstein 2003, Kvale og Brinkmann 2009). Her har eg trekt på både pragmatiske vurderingar i datainnsamling i analysen, og på ein konstruktivistisk forståing av kunnskapen som resultatet av dei relasjonar han spring ut frå. Ved å legge ei slik forståing til grunn vert dokument så vel som intervju, kunnskap som er produsert i sosial kontekst, og difor ikkje essensielt forskjellige (Holstein og Gubrium, 2003). I samspel med tekstanalysen vil intervjeta med sakshandsamarane i NVE gje meg eit innblikk i korleis aktørane vurderer feltet, og i kva grad problemstillingar i deira forståing samsvarer med mine og andre aktørar sin plassering av sakene.

Den teoretiske tilnærminga i denne oppgåva fordrar også ein gitt epistemologisk forståing, ein

forståing av samfunnsvitskapeleg forsking som ber i seg ein kritikk av ein forskarrolle som tar for gitt at ein kan spore skjulte krefter eller ha ein djupare tilgang til samfunnet enn dei som berre er informantar. Dette er ein innsikt om kan sjåast i samanheng med Latour (2005) sin diskusjon av denne tematikken, der han etterlyser ei dreiling vekk frå ein sosiologi som legg vekt på forklare menneskeleg handling ut frå noko bakanforliggende, til fordel for å fylgje aktørane sine koplingar og teoriar. Eg vil altså legge vekt på korleis aktørane konstruerer røynda og ikkje korleis røynda konstruerer dei. I arbeidet med denne oppgåva har eg altså vore rettleia av ideen om å fylgje aktørane sine handlingar og definisjonar av saka, og meininga med ei slik tilnærming er å gjere ein grundig analyse av korleis aktørane har skapt konsesjonsprosessen.

3.1 Gyldige slutningar og generaliseringar frå casa.

Gjennom heile dette kapitelet skal spørsmål om studien sin validitet verte opplyst. Eg vil likevel innleie med å kort diskutere analysane sin validitet. Validiteten er eit spørsmål om eg har undersøkt det eg hevder å ha undersøkt, og vil verte eit spørsmål om samanhengen mellom problemstillingar, teoretiske rammeverk og metode. Validitet og reliabilitet vert då produkt av heile forskingsprosessen som kviler på at eg har gjort gode metodiske val heile vegen frå designing av forskingsopplegg, via teoretisk innramming, intervjuing, analyser fram til rapportering (Kvale og Brinkmann 2009:248-249). Svaret kan delvis finnast i lesinga av oppgåva der argumentet som er presentert inngår i ein kommunikativ validering, der leserane kan vurdere kor relevant konklusjonane er i lys av dei teoretiske perspektiva og dei metodiske grepene.¹² Spørsmålet om validitet kjem då til å kvile på leseren sin heilskaplege vurdering av metoden som er nytta, og er noko av grunnen til at det er naudsynt å presentere metoden over eit heilt kapitel.

I diskusjonen av validiteten i case-studiar melder også spørsmålet seg om kva kunnskap som kan trekkast frå analysane og kor vidt funna frå studien kan generaliserast. Kunnskapen som er generert frå case-studiar kan fungere som generaliseringar, teoriutvikling og hypotesetesting, og kan bidra på ein langt meir mangfaldige måtar enn som utforsking av ein spesifikk case (Flyvbjerg 2006). Føremålet med min studie av vindkraftsaker, er ein analytic generalisering der funna kan reknast for å vere relevante for saker med ein liknande kontekst. Det er heilt opplagt at dette gjeld meldepliktige, konsesjonssøkte vindkraftsaker i Noreg, men sakene kan ha ei rekke andre kontekstuelle knutepunkt som kan gjere funna relevante i andre samanhengar. Eg har vald mine case

12 Den kommunikative valideringa er ein prosess som føregår både i rettleiar og medstudentar sin gjennomlesing av utkast, og i framtidige leserar sin vurdering av den ferdige teksten.

ut frå deira høge konfliktnivå og variasjon i rettferdiggjeringar, samstundes som dei er meint å representera ein konflikt mellom to ulike måtar gjere miljøvenlege rettferdiggjeringar. Difor hevder eg at casa også vil vere med på å kunne vise korleis miljødebattar tek form i dagens Noreg, og i forlenginga av dette vise om ein grøn verdiorden tek form. I staden for å gå vidare med ein (for) lang diskusjon om denne case-studien sin generalitet, vil eg spele ballen over til leseren som kan vere den som, med bakgrunn i den kontekstuelle informasjonen om casa, avgjer i kva nye situasjonar kunnskapen frå denne studien vert relevant (Kvale og Brinkmann 2009:263).

3.2 Utval av saker

Utveljinga av case viser nokon av utfordringar med eit kvalitatittivt forskingsprosjekt, ein prosess som kan verte alt anna enn rettlinja i møte med feltet der ein skal produsere sin empiri (Christensen 1998). På NVE sine heimeside (2011) var det per 01.04.2011, då eg starta prosessen med å velje ut saker, informasjon om 216 ulike vindkraftsaker. 110 av desse var under behandling, 51 var gitt konsesjon, 33 av dei var meld avslutta, 22 var avslått og tre var på høyring. Eg har enda opp med to. Ved første augekast kan det sjå ut til å vere eit hav av saker å orientere seg i, men ein del tilhøve omkring gjennomføringa av datainnsamlinga gjorde lista av aktuelle saker langt kortare.

1. Først av alt skulle begge casa vere ferdighandsama av NVE. For å få eit innsyn i korleis sakene arta seg, og for å få eit innblikk i korleis legitimering og kritikk fortuna seg, var det mest fruktbart å velje ut dei casa som var ferdighandsama og som var gått gjennom heile prosessen. Ferdighandsama saker ville i tillegg til å ha vore gjennom alle stega i konsesjonsprosessen, ha mest tekst tilgjengeleg for analyse. Difor har eg vald å sjå nærare på dei sakene som var gitt konsesjon eller avslått av NVE.
2. Vidare ville eg avgrense utvalet til saker der omsøkt installert effekt var over 10 MW. 10MW effekt er grensa for om vindkraftutbyggingar må gjennom full konsesjonshandsaming med melding og konsekvensutgreiing (*Forskrift om konsekvensutredninger*, (2009). Konsekvensutgreiing (KU) er eit rapport som skal anslå effektar av vindkraftanlegget på ei rekke berørte tema, og sjølv KU var viktig i analysen.
3. Eg ynskja å sjå på både avslatte og konsesjonsgjevne vindkraftprosjekt, då dette var viktig for å forstå rettferdiggjeringar av to ulike typar avgjersler

4. Casa skulle hjelpe meg med å forstå kritiske operasjonar, og eg valde saker som var påklaga, då eg rekna med å finne meir spissa kritikk i denne fasen av sakene.
5. Utvalet av saker vart sett i samanheng med rekruttering av informantar. Utvalet av saker vart etter kvart styrt pragmatisk med omsyn til kva saker det var mulig å få intervjudata om. Mange av sakene som ligg ute til innsyn på NVE sine nettsider er fleire år gamle, og nokre av sakshandsamarane som hadde ansvar for desse konkrete sakene er ikkje tilsett i NVE per dags dato. Utgangspunktet mitt var å få intervju med dei som no er tilsett hjå NVE, i vindkraftavdelinga, då dette gjev fordelen av å snakke med personar som er oppdatert på konfliktområda og debatten om vindkraft. Mulege informantar som samsvarer med dette kriteriet er i underkant av ti personar. Fleire av desse er nyleg tilsett, og har difor ikkje vore med å ferdighandsame saker, noko eg også hadde som kriterium i utval av informantar. Eg har då så godt som råd, forsøkt å få intervju med personar som har vore i NVE nokre år, og difor har vore med på saker som er ferdighandsama. Eg har då vald mellom saker som til svarer kriteria i punkt 1-4, som dei utvalde informantane har vore med på handsaminga av.
6. Til sist har eg har rådført meg med tilsette i NVE for å forstå kva saker som er kontroversielle. Eg har også føretatt ein førehandsanalyse av klagene i eit sett med saker der eg kategoriserte klagene og forsøkte å få ein uttømmande oversikt over kva klagegrunnar som eksisterer. Denne analysen rettleia meg vidare i arbeidet med å velje dei to breiast kritiserte casa av dei eg stod att med etter steg 5.

Casa eg no stod att med skulle då vere ekstreme tilfelle der konfliktnivået skulle vere høgt og der kritikkane og rettferdigjeringane skulle vere mangfoldige. Eg håpa med dette å kunne syne korleis det som eg har definert som ei konkret miljøsak vart rettferdigjort, og korleis det statlege direktoratet manøvrerte i rommet for rettferdigjeringar. Det første caset, Lista, vart meld i 2003 og er no (08.05.2013) under bygging. Dette caset var føreslått av ein informant med lang fartstid som meinte at denne saka hadde vore spesielt kontroversiell. Vindkraftverket på Lista var eit stort prosjekt planlagt med 102MW installert effekt, det var påklaga av ei rekke aktørar og Fylkesmannen og Fylkeskommunen hadde fremja innsigelse. Saka på Sleneset var ei avslått sak som starta i 2003, som er påklaga av utbyggjar og som endå ligg til handsaming i Olje- og energidepartementet (OED). Også denne saka var stor, planlagt med ein installert effekt på 225MW. Konfliktnivået vart konstatert som stort etter ein gjennomgang av høyringsfråsegna.

3.3 Dokument – sakspapir og lovverk

Tekst utgjer ein vesentleg del av moderne samfunn, og inngår som ein del av svært mykje menneskeleg samhandling (Atkinson og Coffey 2011, Silverman, 2006). Teknologiar har mulegjort den enorme produksjonen av tekst som er iverksett gjennom ein rekke prosessar i samfunnet, der mange prosessar er sjølvdokumenterande i den forstand at dei er underlagt krav om rapportering og dokumentasjon. Dette er tilfellet ved konsesjonshandsaminga av vindkraftsaker. I konsesjonshandsaminga av vindkraftsaker er all formell deltaking skriftleg, noko som medfører at saksmappa til ei slik sak fort inneheld 100-200 ulike dokument. Difor er det rimeleg å hevde at tekst er ein vesentleg del av casa.

Gitt at eg ynskja å sjå nærmere på konkrete saker om utbygging av vindkraft, var altså valet av sakspapir som datamateriale nærliggande. Først av alt er mange av desse lett tilgjengeleg via NVE sine nettsider, eller til ope for offentleg innsyn i deira arkiv. Umiddelbar tilgjengeleghet lettar tidspresset under arbeidet med ei masteroppgåve og frigjer tid. Sjølv med ein konstruktivistisk tilnærming som ikkje set eit essensielt skilje mellom dokument og intervjudata har eg sett fordelen ved dokumenta som data som vert konstruert i den aktuelle konteksten. Data av denne typen kan ha enkelte fordelar når ein skal gjere analysar av rettferdigjerrande argumentasjon. Som me såg i diskusjonen av teorien til Boltanski og Thévenot (1999, 2006), kan slike særslige situasjoner vere med å danne eit meir komplekst rom for argumentasjon, og som me skal sjå i analysen er heller ikkje sakene rettferdigjort og kritisert med heilt enkle samanhengar mellom dei ulike verdiordenane. Fordelen med saksdokumenta er då at dei er forma i den uoversiktlege situasjonen som saksgangen utgjer, og sakspapira er difor god data som gjev informasjon om korleis ein mangfaldig saksprosess har utspela seg.

Tekstane vert i oppgåva nytta som eit emne for analyse og ikkje berre som bakgrunn eller kontekst, slik denne typen dokument ofte verte nytta (Silverman 2006, Atkinson og Coffey 2011). Mykje av teksten eg har analysert er basert på fagrapporatar og utgreiingar, og tar form av argumentasjon eller kritikk med bakgrunn i ulike fakta. Mine vurderingar av «faktiske» eller eksterne forhold vert sjølvsagt ikkje sentrert rundt spørsmålet om dette stemmer eller ikkje, men sentrert rundt korleis aktørane får dette til å stemme. Korleis plasserer aktørane saken i relasjon til andre saker, objekt eller personar, korleis er dokumenta utforma i høve til kvarandre og i høve til mottakarar? Dersom eg skal forstå fagrappornane i mitt datamateriale må desse sjåast i samanheng med både rettleiarar for utgreiingsarbeidet og vedtaka om kva som skal utgriast. Skal eg forstå ei høyringsfråsegn må eg forstå denne som eit innspel til NVE i ein prosess som er strukturert av forskrifter om

sakshandsaminga. Med eit slikt perspektiv må ein altså forstå korleis dokumenta vert lest, korleis dei vert laga og kva prosessar dei inngår i (Atkinson og Coffey 2011).

Sakspapira fekk eg tak i ved å kontakte NVE sitt arkiv og be om å få tilgang til samlege filer på dei to sakene eg hadde vald ut. Alle dokumenta var eller vart i denne delen av prosessen digitalisert og send til meg per e-post. Kva lover og rettleiarar som var relevante, vart ein vurdering eg tok på bakgrunn av informasjon på NVE sine nettsider (NVE 2009) og gjennom «testanalyser» av sentrale dokument i eit større utval saker. NVE har eigne lenker på sine nettsider med titlar som «lover og regler» (NVE 2009b) og «veiledere og rapporter» (NVE 2009c). Desse vart tekne med ilag med nokre av rettleiarane som var mykje referert til i sakspapira. Lovtekstane vart lasta ned frå lovdata sine heimesider (2013), medan rettleiarane vart lasta ned via NVE sine heimesider (NVE 2009b).

3.4 Intervju

Sakspapira gjev meg godt innblikk i korleis ulike aktørar argumenterer og kritiserer. Likevel er det ikkje alltid lett å kunne forstå kvifor det vert rettferdiggjort på ein bestemd måte. Eg ville forstå korleis rettferdiggjeringar og kritikk vart gjort i desse sakene, og i den samanheng rette særskild merksemd mot kva vurderingar NVE gjorde i sitt arbeid med å fatte eit vedtak. I den samanheng valde eg å intervju sakshandsamarane i dei aktuelle sakene, og på denne måten skape ein arena der informantane frå NVE ville inngå i ein djupare vurdering av heile saksprosessen, enn den som kjem fram i deira publiserte dokument.

Intervjuaren sine formuleringar og forståing av tema vil alltid vere avgjerande for svara frå informant, og summen av interaksjonar er viktig for korleis intervjuet ber i veg. Min epistemologiske ståstad er inspirert av ein tradisjon der data kan ikkje «hentast» eller oppdagast, men må produserast av intervjuar og informant (Kvale og Brinkmann 2009). Intervjuguiden har vore semistrukturerande og eg har veklagt å vere ein aktiv samtalepartner, samstundes som eg har latt intervjuen bli styrt av informanten mot dei tema tilsette i NVE meiner er relevant. Dette gjer det svært tydeleg at intervjuet vert til som eit samarbeid mellom to personar, der den sosialt deltagande forskaren må tre ned frå det objektive setet og inn i ein subjektiv forskarrolle (Christensen 1998). Eit slikt perspektiv fordrar at ein ser på intervjustituasjonen med same perspektiv som ein ser på samtalar eller interaksjon som førekjem utan innverknad frå ein intervjuar. Samhandling konstruert eller iscenesett av dei samhandlande, som kan vere konstruert både med og utan involvering av ein intervjuar (Holstein og Gubrium 2003:78).

3.4.1 Gjennomføring og vurdering av intervjustituasjonen

Intervjua var lagt opp som ein diskusjon omkring dei overordna spørsmåla eg hadde sett opp.

Sakshandsamarane satt med stor kunnskap om desse tema og dei kjende til sosiologiske problemstillingar, noko som opna for at me lett kunne gå inn i ein diskusjon som ikkje var prega av hemmande subjekt-objekt relasjonar. Mi meining var at eg denne tilnærminga kunne skape data mykje meir eigna for føremålet enn ved å praktisere intervju med ein analytisk distanse som kanskje ikkje ville komme lengre enn til ein reproduksjon av innhaldet i sakspapira.

Intervjua ville kunne utvide mi eiga forståing av konsesjonsprosessen, då intervjuet vart eit møte mellom mi eiga og informantane si forståing av fenomenet. Då informantane mine har stor innsikt i temaet eg undersøker kunne dei bidra med å oppklare eventuelle mistydingar eller presentere andre perspektiv. Difor vart då også intervjuet semi-strukturert, der dei overordna forskingsspørsmål var:

1. Korleis vurderer saksbehandlarane den generelle konsesjonsprosessen?
2. Korleis meiner dei prosessen fungerer i høve til å gje eit fagleg grunnlag for avgjersle?
3. Kva vurderingar gjer saksbehandlarane av søknader, høyringsfråseigner, klager og dei kritikkane som ligg i desse?
4. Korleis rettferdiggjer dei avgjerslene?

Dei overordna spørsmåla danna vidare grunnlaget for utforming av nokre konkrete spørsmål som var betre eigna til å føre ein samtale om dei ulike tema, og som kunne vere ei rettesnor gjennom intervjuet. Gjennom ein slik konstruksjon av intervjuguiden håpa eg å ivareta det Kvale og Brinkman (2009:131) omtaler som tematiske kvalitetar og dynamiske dimensjonar. Meint som evna til å både få fram tematisk relevant kunnskap og å skape ein god intervjuinteraksjon.

For å ivareta det tematiske ved intervjeta vart intervjuguiden delt inn i to delar. Første del omhandla oppfatningar om konsesjonsprosessen og vurderingar av kunnskapsgrunnlaget for avgjerslene. Her ynskja eg lengre heilheitlege vurderingar av det informantane meinte var viktig for dei overordna spørsmåla. Andre del av intervjuet tok sikte på å belyse ulike perspektiv på dei konkrete vindkraftsakene. Her ville eg få informantane til å snakke om dei aktuelle vindkraftprosjekta som eg undersøker, og å gjere vurderingar av argumentasjonen som vart framsett av andre aktørar. Målet var å utfordre informantane ved aktivt å trekke på argumentasjon som var framsett i sakspapira. Ein

slik utfordrande måte å intervju på heng også saman med det teoretiske utgangspunktet mitt. Eg såg på sakshandsamaren som ein aktør i eit *regime for rettferdigjering*, og ved å sjølv dra nytte av mine kritiske kapasitetar kunne eg krevje meir av informantane sine rettferdigjeringar og kritikkar. For å gjere dette var det naudsynt å ha så god innsikt som råd i dei spesifikke sakene og i konsesjonsprosessen generelt. På denne måten kunne eg utfordre informantane i deira syn på konsesjonsprosessen og argumentasjonen i denne, for å betre unngå standardiserte forklaringar. Intervjua vart teke opp med lydopptakar og transkribert i heilskap.

3.4.2 Informantane

I alt gjennomførte eg intervju med fire sakshandsamarar, intervju som kvar var mellom 60 og 90minutt. Grunnen til at eg gjennomførte fire intervju, var at eg i denne fasen av prosjektet vurderte fleire ulike case som mulege til utvalet, og såg det som ein større fordel enn ulempe å ha intervjudata om case som eventuelt ikkje ville verte med i analysen. Når eg så enda opp med to dei to case som utvalet no består av, valde eg likevel å nytte den generelle delen av intervjeta med sakshandsamarane som ikkje hadde erfaring med Lista eller Sleneset. Intervjudata er altså sett saman av intervju med sakshandsamar på Lista og Sleneset samt ein kortare intervju sekvens med to informantar som ikkje var med å handsame desse to sakene.

Informant «I» handsama saka på Lista, og er røynd i arbeidet med vindkraft etter meir enn ti år i NVE sin vindkraftavdeling, mellom anna som seksjonsleiar. «I» var med på å handsame heile Lista saka, og var også involvert i arbeidet med den andre casen, Sleneset.

Informant «J» var med på den siste fasen av handsaminga på Sleneset og står oppført som sakshandsamar på vedtaksdokumentet frå NVE. «J» har arbeida i NVE i nokre få år, og såleis ikkje vore med på handsame Sleneset heile vegen frå melding i 2003.

Informant «K» har vore sakshandsamar i NVE i mange år og har vore med på å handsame ei rekke ulike saker på alle steg i prosessen. Intervjudata frå samtalens med «K» dreier seg om vindkraft og sakshandsaming generelt.

Informant «L» har vore sakshandsamar i nokre få år hadde på intervjudidspunktet berre vore med på å ferdighandsame ei sak. Intervjudata frå samtalens med «L» dreier seg om vindkraft og sakshandsaming generelt.

3.5 Analytisk innfallsinkel

Reint praktisk, er alle dokument lesne og samanfatta, og der etter kategorisert etter produsent, mottakar, dato, type dokument og korleis dei plasserer seg i høve til analytiske omgrep og konsept. Sjølve samanfatninga av dokumenta bygger på ein kondensering av mening, som i neste rekke har vorte kopla mot teoretiske kategoriseringar. Eg har forsøkt å forstå korleis aktørane bruker element frå ulike *verdiordenar* for å rettferdiggjere ei vurdering. Med dette meiner eg korleis dei gjer seg nytte av objekt, subjekt og vurderingslogikkar. Dei samanfatta dokumenta er også kategorisert etter korleis dei kommenterer KU, eller nyttar andre faglege vurderingar av saken. Etter denne kategoriseringa vart kapitla med presentasjonen av sakene skrive samstundes som eg føretok ein analyse av korleis kritikken i sakene endra eg frå melding til klage. I denne analysefasen er lista over dei samanfatta dokumenta nytta til ein slags dialog med analyser av intervjuet, der eg ser etter korleis NVE har vurdert sakene som eg har sett på i dokumentanalysen. Intervjuet vart analysert første gong under og rett etter intervjuet, då nokre tilpassingar av situasjonen gjort og enkle refleksjonar vart notert, der etter under transkripsjonen når eg plukka ut det eg vurderte som sentrale tema, og i siste runde gjennom ein kategorisering av det eg hadde registrert som viktig. Kodinga av intervjuet vart etterkvart retta mot kva som er eit generelt godt prosjekt å sei ja til, kvifor NVE gav konsesjon eller avslag i den aktuelle saka og om dei hadde fått gode nok utgreiingar. Intervjudataen vart så forsøkt tolka som rettferdiggingar innanfor verdiordenar.

Datamateriale er presentert i teksten over to kapitel. I kapitel 4 og 5 kjem ein presentasjon av dei to vindkraftsakene, som også vil fungere som ein innleiande analyse der datamaterialet vil verte presentert gjennom tekstuddrag som er typiske eller særleg tydelege som eksempel for analysen min. Kapitel 6 og 7 vil bringe ein meir djuptgåande analyse der intervjudata vert tolka i samanheng med analysen av dokumenta. I alle analysekapitla vert det presentert data på ein måte som skal vere med å bygge opp under hovudargumenta i denne oppgåva. Innvendingar mot presentasjonen av data kan komme med bakgrunn i den noko selektive karakteren til desse utdraga. Men, då datamaterialet baserer seg mykje på offentleg tilgjengelege dokument, reknar eg etterprøvbarheten som stor, og presset på fullstendig framlegging av data som mindre.

3.6 Etiske vurderingar

Sakene sin offentlege karakter har gjort det vanskeleg å anonymisera utdraga frå data. Informantar og namn i dokumenta er anonymisert, men eg har ikkje anonymisert sakene, og det er ikkje umuleg

å finne ut kven som har komme med dei ulike sitata, då alle sakspapir er offentleg tilgjengeleg. Dette framstår umiddelbart som eit etisk problem, men med tanke på at dokumenta ligg ute til offentleg ettersyn, og at informantane vart informert om denne begrensa anonymiseringa, meiner eg problemet langt på veg er gjort overkommeleg. Vidare er det i samråd med informantane avklart kva saksforhold som ville verte samtala om, noko som medførte at eit av intervjuet vart avgrensa til å ikkje dreie seg om ei pågåande klagesak.

Avgrensinga av tema for diskusjonen med sakshandsamaren peikar mot eit anna problem, den kritiske delen av intervjuet. Først av alt kan ein kritisk, konfronterande intervjuemetode opplevast som urettvis maktbruk overfor informantane. Dette problemet meinte eg vart minimalt på grunn av sakshandsamarane sin eigen posisjon. Sjølv om sakshandsamarane ikkje representerer ei elitegruppe, meiner eg det var rett å legge opp intervjuet på noko same vis som Kvale og Brinkmann (2009) skisserer intervju med elitar. Saksbehandlarane sin ekspertise på området vil kunne utjamna eit i utgangspunktet asymmetrisk makttanhøve som forskingsintervjuet produserer.

Sakshandsamarane i NVE er personar med høgare utdanning, og skal vere godt kjend med forskarrolla som dei møter i intervjuaren, noko som ytterlegare styrker mi oppfatning av å ikkje stå i eit asymmetrisk makttanhøve i intervjuet. Eg har med bakgrunn i erfaringar og desse vurderingane eit inntrykk av at tilliten i intervjustituasjonen var høg. Difor vart det også forsvarleg å kunne bruke ein meir konfronterande intervjuemetode. Likevel kjende eg at eg stod i fare for å gje informantane ei kjensle av at eg forsøkte å avsløre dei, noko som kan vere problematisk. Eg ynskja ikkje å la informanten sitje att med inntrykket av å ha vorte utnytta eller pressa på noko måte, og eg måtte kontinuerleg balansere mi framferd. Vurderinga mi har likevel heile tida vore at, grunna tema sin offentlege karakter og sakshandsamarane sin posisjon som ein slags ekspert, vart det ikkje er noko større problem å intervju slik eg har gjort.

Intervjuet vart avtala gjennom ein kontaktperson i NVE som vart sett i kontakt med via min rettleiar i prosjektet. I samarbeid med kontaktpersonen i NVE fann eg ut kven som hadde tid å delta og kven som var mest aktuelle ut frå mine kriteriet. Intervjuet vart gjennomført etter avtale med dei enkelte og dei fekk i forkant av intervjuet eit informasjonsskriv og ei samtykkeerklæring til signering. Informantane vart oppmoda til å stoppe intervjuet dersom dei ikkje var komfortable med situasjonen.

4 Lista

4.1 Melding av Lista vindmøllepark

Den 10. juni 2003 sende Norsk Miljø Energi Sør AS (NMES) melding om oppstart av planlegginga av Lista vindmøllepark, eit kraftverk som i skrivande stund, 8.mai 2013 er under bygging i Farsund Kommune i Vest Agder fylke. I meldinga av prosjektet er det skissert eit kraftverk med ein installert effekt på 87,5 MW produsert av nærare 50 vindturbinar med ein høgde på 100-120 meter, plassert i eit terrenge som var vurdert som godt eigna for vindkraftproduksjon. Saka vart meld i eit 24 sider langt dokument der utbyggjar presenterer planane saman med eit forslag til kva som skal utgreiast. Her skriv NMES: «Forslaget til utredningsprogram er bygget på de program som er blitt foreslått ved tidlegare vindkraftverk, med justeringar for lokale forhold» (dok.nr.200302250-1:17). Hovudgrunnane for å bygge vindkraftverket baserte seg på ein føresetnad om at krafta var ynskja gjennom politiske mål om bygging av fornybar energi:

*Stortingsmelding nr 58(1996-97) – Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling—
dugnad for framtiden, peker på at satsing på fornybare energikilder som bio-, vind- og
solenergi er nødvendige tiltak for å oppnå bærekraftig utvikling.
(ibid.:4)*

Vidare i innleiinga kjem det også fram at dei økonomiske føresetnadene var relevante for å starte planlegginga. Grunngjevinga av det konkrete prosjektet på Lista kjem indirekte fram i NMES sin presentasjon av kriteriar for val av utbyggingsområde, der kan ein sjå korleis offentlege planar og det som er teknisk effektivt, vert trekt fram som viktig i grunngjevinga av lokalisering.

1. *Området som ble analysert var avgrenset til Vest Agder fylke*
 2. *Bruk av alle offentlige datakilder som Norsk Wind Atlas, kommuneplaner, Fylkesplaner og utredninger*
 3. *Området må ha akseptabel årlig gjennomsnittsvind*
 4. *Målsettingen var å identifisere 10 mulige områder som skulle vurderes mot hverandre*
 5. *Teknisk, miljømessig og økonomisk vurderinger ble foretatt for alle områdene som inngikk i vurderingsprosessen for å komme frem til de områdene som skal bringes videre med Melding om planlegging av vindkraftverk.*
- (ibid.:5)

Etter motteken melding sende Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), den 6. august, saka ut på høyring til ei rekke instansar, offentlege som private, og den 15.august vart lysing om folkemøte og informasjon om høyringsprosessen send ut til lokalavisene. Fristen for å sende inn skriftleg

høyringsfråsegn var sett til 10. oktober, og når høyringsfristen var gått ut hadde NVE fått inn 16 fråseigner. I fråsegnene uttrykte dei fleste høyringspartane ein viss uro for at forslaget til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) ikkje var godt nok, men eit dominerande trekk var tiltrua til at ei utgreiing skulle gjere det enkelt å ta stilling og ta avgjersle. Fylkesmannen i Vest-Agder (FMiVA) skriv: «En grundig gjennomført konsekvensutredning og søknadsfase bør imidlertid gi grunnlag for vekting av disse forholdene.» (dok.nr.200302250-18:1) Samstundes vart det vektlagt at kvaliteten på utgreiingane kvila på objektiviteten og kompetansen til ekspertane, noko som Naturvernforbundet i Vest-Agder (NVF-VA) uttrykker i si fråsegn:

Det foreslårte program for konsekvensutredning synes å inneholde relevante temaer og problemstillinger. Vi vil imidlertid presisere at dersom utredningen skal gi troverdighet, er det en forutsetning at den gjennomføres av uavhengige fagfolk med kompetanse innen de enkelte fagområder[...].

(dok.nr.200302250-19:2)

Fleire av høyringsfråsegna framsette også ein mild kritikk av prosjektet, der vindkraft vert sett på som både potensielt positivt og negativt. Fylkesmannen i Vest-Agder skriv at vindkraft er bra i kraft av å vere fornybar energi, men påpeiker også at denne kraftforma ikkje er særleg samfunnsøkonomisk samanlikna med vasskraft. Implisitt i fylkesmannen sin påstand ligg ein føresetnad om at vindkraftverket medfører nokre ulemper som kan vere større enn fordelane ved meir fornybar energi. Slike ulempene er av ulike aktørar sagt å vere skader på fuglelivet og det unike landskapet, negative verknader på turistnæringa, ulemper for luftfart og ulemper for lokalmiljøet ved øydelegging av turstiar, fornminne og gjennom produksjon av støy.

4.2 Korleis avgjere kva som skal utgreia?

Den 12. januar 2004 vart KU-programmet førelagt Miljøverndepartementet (MD). Programmet kom attende utan merknader, og den 10. februar vart endelig KU-program førelagt utbyggaren. KU-programmet vart send til både utbyggjar og høyringspartar saman med dokumentet *Bakgrunn for KU* (dok.nr.200302250-39), som forklarer grunnlaget for det fastsette KU-programmet. I *Bakgrunn for KU* (ibid.:11) ser ein at NVE også stadfester tilliten til at: «[...]konsekvensutredningen vil gi et godt grunnlag for å ta beslutninger om vindkraft bør etableres i området». Og dei framhevar gjennom heile dokumentet at det som skal utgreia skal vere *beslutningsrelevant* (ibid.). Her vert det også skrive at programmet er i tråd med anbefalingar frå direktorata og forvaltningsorgana som er involvert, altså Riksantikvaren (RA), Direktoratet for naturforvaltning (DN), NVE og fylkesmannen sine anbefalingar. I *bakgrunn for KU* (ibid.) vert det også lagt fram i kva grad NVE

tek omsyn til tilbakemeldingar som er komme inn. Me kan då sjå at utgreiingane, også er forma av innspela som er komme inn i høyringsrunden.

4.3 Kritikk av utgreiingane

Den 19. mai 2005 vart søknad og samandrag av utgreiingar send til NVE¹³. *Søknad om konsesjon for Lista vindmøllepark* (dok.nr.200302250-56) var eit lengre dokument på 83 sider, som mellom anna gav gode argument for å bygge eit kraftverk på Lista.¹⁴ Søknaden vert som meldinga, innleia med å vise til politisk vilje til utbygging av meir fornybar energi. NMES siterer her Stortingsmelding 58, 29 og 47 og dei refererer til EU sine mål om auke i produksjon av fornybar energi. For å argumentere for kvifor det er naudsynt med meir fornybar energi i Noreg, skriv NMES mellom anna at: «I et normalår må Norge importere 6–13 TWh kull-/kjernekraft de første årene av dette hundreår.» (ibid.:6). Vindkraft er altså generelt bra fordi det er politisk ynskja og fordi ein vil redusere import av kolkraft og medførande CO2 utslepp, og i grunngjevinga av det aktuelle vindkraftverket på Lista kan ein sjå at det effektive vindkraftverket vert målestokken på om det er fornuftig å bygge det her eller ikkje. «Det er både økonomisk og miljømessig ønskelig å maksimere energiytelsen per mølle i en vindmøllepark» (ibid.:12), står det i søknaden, noko som peiker på den sentrale tanken om at ein bør sikte på å få til prosjekt med mest mogeleg produsert energi per inngrep. Eit effektivt prosjekt gjev mogelegheit for å skape positive miljøkonsekvensar, med minst muleg negative verknader. Desse verknadene er talfesta/kategorisert på ein skala frå (-4)/«meget stor negativ» til (+4)/«meget stor positiv», gjennom utgreiingane. Resultatet er gjengitt i denne tabellen (ibid.:74):

13 Etter at KU programmet var klart, avslo Farsund kommune søknaden om å samordne søknad til NVE med det kommunale reguleringsarbeidet. Kommunen meinte deira interesser best kunne takast omsyn til gjennom kommunalt reguleringsarbeid som gav dei tettare kjennskap til planane. Reguleringsarbeidet vert ikkje omtala vidare her, men det er grunn til å tru at arbeidet låg tett opp til arbeidet med KU og søknad.

14 Når ein skal forstå utforminga av søknader som den NMES sende inn våren 2005, må ein ha i tankane at søknaden skal samsvarer med ei rekke krav som vert stilt til konsesjonssøknadar og til konsekvensutgreiingar. Desse krava er formulert i høvesvis *Energilova* (1990) og *Plan- og bygningslova* (2008), men trass i ein viss standardisering må analysen retta inn mot å forstå korleis søknaden fungerer som argumentasjon for bygging av kraftverket (Grande og Sørensen 2000)

7 OPPSUMMERING AV KONSEKVENSER

Tabellen oppsummerer de ulike konsekvensene for temaene som er gitt i KU programmet.

Tabell 7.1 Tema og konsekvens

NVEs Utredningsprogram			
Punkt	Tema	Deltema	Konsekvens
1	LANDSKAP	Samlet vurdering av vindmølleparken:	Middels negativ konsekvens (- -)
		Samlet vurdering av adkomstveier og internveier	Liten negativ konsekvens (-)
		Samlet vurdering av nettilknytning/transformatorstasjon	Ubetydelig/ingen konsekvens (0)
2	KULTURMINNER OG KULTURMILJØ	Vindmøller direkte	Liten negativ (-)
		Vindmøller indirekte	Middels/stor negativ (- - / - -)
		Servicebygg/møllestasjon direkte	Liten negativ (-)
		Servicebygg/møllestasjon indirekte	Ingen/ubetydelig (0)
		Internveier/nettilknytning	Liten/middels negativ (-/-)
3	FRILUFTSLIV OG FERDSEL	Internveier/nettilknytning	Ingen/ubetydelig (0)
		Framvaren, Bøensbakkene, Nortrail, Lista Økomuseum, Listalandskapet og "Reiselivsprosjekter"	liten negative (-)
		Nordsjøruten	liten positive (+)
4	FUGLELIV	Andre friluftslivsområder-aktiviteter	ubetydelig eller ingen(0)
		Samlet vurdering	middels negativ (-2).
5	ANNEN FAUNA	Samlet vurdering	ubetydelig eller ingen (0)
6	FLORA	Naturtyper og karplanter	ubetydelig eller ingen (0)
7a	STØY	Vindmøller anleggsfase/ nedleggingsfase	Ubetydelig/ingen (0)
		Vindmøller driftsfase	Liten negativ (-)
		Veger anleggsfase/ nedleggingsfase	Ubetydelig/ingen (0)
		Veger driftsfase	Ubetydelig/ingen (0)
		Transformatorstasjoner og kraftlinjer anleggsfase/ nedleggingsfase	Liten negativ (-)
		Transformatorstasjoner og kraftlinjer driftsfase	Ubetydelig/ingen (0)
7b	SKYGGE-KASTING	Samlet vurdering	små til middels negative (-1 til -2)
		Verneområder	ubetydelig eller ingen (0)
8	ANNEN AREALBRUK	Inngrepstilfelle områder (INON)	middels negativ (-2)
		Jord- og skogbruk	Liten positiv (+)
		Drikkevann-nedslagsfelt	Ubetydelig/ingen (0)

Landskap, kulturminner, fugleliv, skuggekast og INON har alle fått middels negativ konsekvens, og er i høve til KU av dei mest konfliktfylte tema. Søknaden kjem også med presentasjonar av arbeidet «bak» konsekvenssetjinga. Her vert data og metodar lagt fram, og som me skal sjå av den vidare saksgangen og seinare analysar¹⁵, er dette ei side ved saka som skulle hamne under sterkt kritikk.

15 Sjå kapittel 7.

Når ein les søknaden er det grunn til å tru at NMES no hadde komme fram til eit prosjekt som langt på veg var akseptabelt for majoriteten av aktørane. NMES skriv at dei har hatt dialog med ei kontaktgruppe for å få den beste utforminga, og ein skulle også tru at utgreiingane var gode nok for å belyse dei tema som kunne vere av avgjerande karakter. Som eg no skal vise, vart dette ikkje akkurat den mottakinga søknaden fekk. NVE sende ut invitasjon til møte, samt ei orientering om høyring av søknad og KU til 19 offentlege instansar, 23 organisasjonar og selskap og 4 privatpersonar. Invitasjon til møte og høyring vart også lyst ut i lokalaviser. Frist for å sende inn høyringsfråsegn vart sett til 2. september. NVE ynskja denne gongen å få vurdert både KU og tiltaket:

Gjennom høring av konsesjonssøknad og konsekvensutredning ønsker NVE bl.a. svar på følgende: Er konsekvensene tilstrekkelig utredet? Hva mener høringsinstansene om det omsøkte tiltaket?

(dok.nr.200302250-48:1)

NVE fekk ikkje mindre 42 uttaler til det utsende høyringsdokumentet, noko som var ei drastisk auke frå dei 16 innspela som kom i meldefasen. Berre 3 av fråsegnene gjev direkte støtte til prosjektet, nokre av innspela må seiast å vere nøytrale og orientert rundt svært avgrensa, spesifikke tilhøve¹⁶ medan fleirtalet av fråsegn framsette ein eller annan form for kritikk av søknad og KU.

Som me skal sjå seinare, dreia mange av dei innsende fråsegnene seg om landskap og kulturminner¹⁷. Eg fann totalt ti fråsegner med klager på utgreiingane av desse og tilknytte tema, der dei fleste kjem med klager på det dei meiner er feil konsekvenssetjing. Fylkesmannen påpeiker at konsekvenssetjinga ikkje samsvarer med deira vurdering utan å gå nærare inn på korleis dette spriket er vorte til. Vurderinga til Fylkesmannen er representativ for hovudgruppa av kritikkar retta mot vurderingar av kulturminner og landskap. Desse kritiserer ikkje direkte arbeidet med å kartlegge verdiar og effektar, men gyldigheita av konsekvensverdien som er sett.

I høve til temaet natur, er det eit lite knippe aktørar uttaler som omtaler arbeidet bak KU. Mellom anna kritiserer Naturvernforbundet Farsund (NVF-F) både utgreiar og utgreiingsarbeidet for å vere «amatørmessig» (dok.nr200302250-95:2). Noko dei gjere ved å vise til utgreiar sitt «funn» av ein utdøydd plante:

16 Dette gjeld m.a. Statnett og Lufartstilsynet.

17 Og om ein tek utgangspunkt i søknad og KU kan ein med fordel slå saman tema *landskap, kulturminner og kulturmiljø og friluftsliv og reiseliv*. Desse er vanskelege å skilje i nokre av vurderingane som kjem i høyringsfråsegn, og grip inn i kvarandre på mange områder.

På en rekke punkter er utredningen så mangelfull at den ikke kan aksepteres som grunnlag for seriøs konsesjonsbehandling. [...] Strandrødtopp er utelukkende knyttet til strandsonen, og det eneste funnet av denne planten på Lista skal være gjort i 1820. Trolig dreier det seg ikke om botaniske sensasjoner, men om amatørmessig og verdiløst utredningsarbeid fra vedkommende firma.

(ibid.:2)

Norges Miljøvernforbund (NMF) viser på same viset som NVF-F, at KU inneholder feilaktige, irrelevante og manipulerande påstandar. Noko dei meiner taler for at utgreiingane er upålitelege. Norsk Ornitologisk Forening (NOF) kritiserer også utgreiingane av flora og fauna ved å hevde at KU underrapporterar antal raudlista fugleartar i området.

Ei rekke lokalt busette personar uttalte seg i denne høyingsrunden om problem som ein meinte ville råke lokalmiljøet. I desse høyingsfråsegna vert støy, skuggekast, verdi på eigedom og friluftsområdet omtala som vesentlege ulemper ved utbygginga. Støyproblematikken handla om at 30 bygningar fekk støy over SFT sine grenseverdiar¹⁸. Likevel ser også effektane på lokalmiljøet ut til å verte trekt fram ut frå andre kvalitetar enn å vere lokale. Effektane på lokalmiljøet og landskapet vert relevant ut frå sin verdi som det storlåtte, nasjonale symbolet. For å vise naturverdiar kjem dei lokalt tilknytte aktørane med skildringar av landskapet. Skildringar som har ein anekdotisk og skjønnlitterær stil og ein kjenslemessig dimensjon. Desse aktørane nemner også verneområder som er ein måte å syne naturen som noko offentleg anerkjend:

Det er nærmest utrolig at firmaet Miljø Energi Sør AS går inn for å ødelegge Lista. Lista som mange av oss har vært med på å få vernet: Lista-strendene, våtmarksområder, kulturminner, sjeldne naturbiotoper, det unike fuglelivet o.s.v.[...]

(dok.nr200302250-83:1)

Naturen sin verdi er ytterlegare framheva av naturvernorganisasjonar, forvaltningsorgan og regionale myndigheiter. Her vert naturen vidare framheva gjennom sin verdi for turisme, friluftsbruk, verneområde, gjennom sin kategorisering som «inngrepsfrie naturområder i Norge» (INON-område)¹⁹ og som habitat for raudlisteartar. Ein verdi som vert prova gjennom vitskapeleg dokumentasjon, slik NOF gjer når dei omtalar fuglelivet:

Totalt er det registrert ca. 65 fuglearter som er konstatert hekkende eller med stor sannsynlighet hekker i vindmølleplanområdet. Blant annet finner en her den siste og

18 Utgreiingane av støy viste seg å verte mellom dei mindre omstridde, og i ei høyingsfråsegn vert det skrive at karta med støysoner er gode då dei er "utarbeidet i et laboratorium, og ikke beror på skjønn". Dette må sjåast i samanheng med kritikken han framset mot landskapsvurderingane, som er vurdert som subjektive og utilstrekkelege.

*eneste hekkeforekomsten av orrfugl på Lista.
(dok.nr200302250-84:2)*

Søknad og KU vart gjenstand for mykje kritikk, og inntrykket av auka konflikt vert forsterka av at DN og RA i tematiske konfliktvurderingar gir prosjektet karakteren E – svært stor konflikt for miljø. Med dette meiner dei at konsekvensane for friluftsliv, kulturminner og natur er i den mest negative kategorien, konklusjonar som ligg oppsiktsvekkjande langt frå konklusjonane i KU. Og som om ikkje dette var nok, vart den indirekte kritikken av prosjektet som låg i dei tematiske konfliktvurderingane i neste rekke kritisert av lokale støttespelarar til vindkraftverket. Grunneigarlaget Lista Vindmøllepark sende i etterkant av offentleggjeringa av dei tematiske konfliktvurderingane, ein uttale til NVE der dei kritiserer konklusjonane i konfliktvurderingane. Dei kjenner seg ikkje att i skildringane av området som vert gitt, og meiner det kjem av mangel på lokalkunnskap hjå direktorata. Kritikken baserer seg både på framheving av eigen lokalkunnskap om viktige element som kulturminner og naturtypar, saman med ein rapport om kulturminne som stadfestar deira syn.

Saka gjekk vidare²⁰, og 13. desember 2005 fekk NMES send krav om tilleggsutgreiingar. NVE meinte at avgjerslegrunlaget burde styrkast og kravde no tilleggsutgreiingar som omfatta ein ny fotomontasje, nye berekningar av støy i samsvar nye retningslinjer og ein ytterlegare vurdering av reiselivet og turismen. Tilleggsutgreiingane vart utført og send til NVE i mars året etter, og vart send på høyring i april. Høringsfristen var ein månad, og det kom inn ti fråsegn. Nokre av desse kritiserer det som er gjort av tilleggsutgreiingar, men ein sit att med eit inntrykk av at partane no visste nok til å ta stilling i saka.

4.4 Avgjersle og klagesak

NVE meinte altså at dei no hadde godt nok avgjerdsgrunnlag og at anlegget skulle få konsesjon:

vedtak[et] begrunner i gode vindressurser, akseptable produksjonskostnader og akseptable virkninger for blant annet landskap, naturmiljø, bebyggelse og friluftsliv .

19 Direktoratet for naturfovaltning (2013) skriv: «Verktøyet Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON) ble etablert som en indikator på arealbruksutviklingen over tid, og for å kunne gi status for natur uten tyngre tekniske inngrep i Norge. Kartlegging av inngrepsfri natur i Norge (INON) viser hvilke områder som ligger en kilometer eller mer unna tyngre tekniske inngrep»

20 Rett nok etter ein viktig avklaring av korleis arkeologiske undersøkingar etter §9 i kulturminnlovgjevinga skulle praktiserast.

*NVE har også lagt vekt på at vindkraftverket ligger i umiddelbar nærhet til eksisterende kraftledningsnett med tilstrekkelig kapasitet .
(dok.nr200302250-133:3)*

Dei seier seg med andre ord ueinig i fråsegena som hadde peika på dramatiske negative konsekvensar. Bakgrunnsnotatet for vedtaket er omfattande, heile 71 sider, og tek for seg eit breitt spekter av vurderingar og gjer greie for store delar av prosessen. I bakgrunnsnotatet skildrar NVE sakshandsamingsprosessen, NVE si rolle og lovverket som ligg til grunn for handsaminga. Vidare vert søknaden og prosjektert skildra, høyringsrundane og innkomne merknader vert oppsummert og partane i sake er lista opp. Etter dette gjev NVE seg i kast med vurderingar av konsekvensar, samt vurderingar av merknadene som er komme inn. Her tilbakeviser dei noko av kritikken av utgreiingsarbeidet, og skriv vidare at det er grenser for kva utgreiingane vil gjere med grunnlaget for avgjersle:

NVE konstaterer at kunnskapen og erfaringsgrunnlaget i Norge knyttet til vindturbiners påvirkning av fugl og fugletrekk er begrenset da det pr. dags dato kun er bygd 4 større vindkraftverk. Selv om man gjennomfører en omfattende registrering av fugletrekk i området vil man vanskelig kunne konkludere med hvordan vindturbine påvirker de enkelte artene gjennom for eksempel kollisjon.
(ibid.:40)

NVE konkluderer med at utgreiingane, gjeve dagens kunnskapsnivå, no er tilfredstillande til å ta avgjerd i saka, og viser så til vurderinga som ligg til grunn for avgjersla. I vedtaksdokumentet skildrar NVE deira metode for vekting. Ein metode som er basert på fagleg skjønn og informasjon frå utgreiingane:

Vurdering om det skal ges konsesjon til et omsøkt prosjekt eller ikke, vil i stor grad være knyttet til faglig skjønnsvurdering. [...] Vi legger til grunn at de utredningene som er gjort blant annet for landskap, friluftsliv, fauna og reiseliv, vil gi opplysninger om verdier og konsekvenser ved gjennomføring av det omsøkte tiltaket.
(ibid.:42)

Når NVE legg utgreiingane til grunn, legg dei altså til grunn at det vil verte middels konfliktar i høve til landskap, kulturminner og naturmiljø. Ein vurdering som ligg ganske langt unna fagdirektorata sine vurderingar. NVE seier då også at: «NVE kan ikke slutte seg til DN og RA sine vurderinger i de tematiske konfliktvurderingene» (ibid.:47).

Saka vart, ikkje uventa, påklaga. Totalt kom det inn 17 klager som hadde ei rekke ulike grunngjevingar. Kritikken av avgjersla dreia seg i hovudsak omkring to tema. Naturen/ landskapet sin overordna verdi og lokale interesser knytt til støy, visuell skjemming og verdireduksjon på eigedomane. For å vise naturen og landskapet sin verdi refererer mange aktørar til ulike lover, avtalar og formelle kategoriseringar som INON-områder, Raudlista arter og RAMSAR²¹-områder. Alternativt viser dei til manglar i utgreiingane. Nær halvparten av klagane kommenterer mellom anna metodar eller datagrunnlaget i utgreiingane. Her kom den mest omfattande klagen på utgreiingane frå NOF, sentralt og lokalt. Dei kritiserer utgreiingane av fugl for å vere mangelfull på ei rekke punkt, noko som totalt sett har leia til ei undervurderinga av konsekvensar. Dette meiner aktørane har ført til at NVE hadde undervurdert verdien av kulturlandskap og naturen. I den samanheng vart det også peika på at NVE hadde gjort vurderingane sine på trass av DN og RA sine verdsetjingar. Nokre få klagar på spesifikke element i utgreiingane, men gjennomgåande var det vektinga av verdiar som vart teke opp. Klagane sa typisk at her ser ein at konsekvensane er store og negative, dette har NVE vurdert feil.

4.5 Endeleg avgjersle frå OED

NVE såg ingen grunn til å omgjere vedtaket sitt, og saka måtte no handsamast på departementsnivå. NVE oppsummerte og kommenterte klagene i eit dokument som vart send til OED for ny handsaming. OED sitt svar kom 12. mai 2009 og inneheldt lite nytt i saka. Her vart NVE sine vurderingar i all hovudsak stadfesta:

I vurderingen har departementet lagt særlig vekt på de gode vindressursene på Lista og at vindkraftverket vil bidra til krafttilgangen regionalt og nasjonalt med en betydelig produksjon av ny fornybar energi.[...] Departementet kan etter en helhetsvurdering ikke se at at ulempene er av en slik art at de på noen måte overstiger fordelene ved å få etablert det omsøkte vindkraftanlegg.

(dok.nr.200700842-39:6)

Fordelane var nok ein gong vekta mot ulempene, og OED var kome fram til at dei gode vindforholda gav så mykje CO2-fri energi til regionen og nasjonen at ingen av ulempene var store nok til å vege opp mot dette.

21 RAMSAR-områder er internasjonale beskytta våtmarksområder.

5 Sleneset

5.1 Melding av Sleneset vindkraftanlegg

Sleneset, planområdet for eitt av Nordnorsk Vindkraft AS (NNV) sine vindkraftprosjekt, er ei gruppe øyer i Lurøy kommune på Helgelandskysten i Nordland Fylke. Planlegginga av Sleneset vindkraftverk vart meld 24. juli 2003 med følgjande grunngjeving: «Lokaliseringen er valgt fordi området har spesielt gode vindressurser og fordi miljørelatert og teknisk problempotensiale anses for å være beskjedent» (dok.nr.200301599-2:2). Utover denne formuleringa, vart følgjande kriterier for val av lokalisering presentert: Infrastruktur, busetnad, topografi, natur og kulturvern. NNV meiner altså at produksjonsføresetnadene er gode, medan prosjektet også skal ha små negative verknader for busetnad, natur- og kulturvern. I meldinga har ein vidare lagt til grunn at det ikkje er lett å finne areal med gode vindresursar, og at ein her har eit særleg godt område for produksjon av mykje vindkraft, eit nasjonalt prioritert miljøtiltak:

I Stortingsmelding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – dugnad for framtida, pekes det på økt satsing på fornybare energikilder som bio-, vind- og solenergi som nødvendige tiltak for å oppnå en mer berekraftig utvikling.
(ibid.:4)

Produksjonen av fornybar energi heng nært saman med lønsemrd. For at det skal produserast vindkraft, må nokon finne det interessant å investere i dette, noko også NNV framhevar i meldinga si gjennom å grunngje meldinga med at «det nå likevel [kan] være lønnsomt å bygge ut området ved Sleneset» (ibid.:3). Trass i dei mange positive sidene ved prosjektet meinte NNV at det også var negative konsekvensar, men desse vart presentert som overkomelege og små for dei fleste tema. Dei viser konkret til typiske problemområder ved etablering av vindkraft og poengterer at omsynet til fugl nok er det mest problematiske på Sleneset. Meldinga inneheld også eit kortfatta forslag til utgreiingsprogram.

Prosjektet vart som me har sett, presentert som eit prosjekt med stort potensiale for produksjon av fornybar energi, noko som er eit nasjonalt og globalt satsingsområde. Dette i tillegg til at ein kunne rekne med relativt små negative verknader. Påstandane i meldinga vekte straks reaksjonar, og berre 6 dagar etter at meldinga var send inn fekk Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) brev frå Naturvernforbundet i Nordland (NaNo), med krav om å legge heile saka vekk. NaNo stadfester at fornybar energi er ynskjeleg, og at Sleneset ser ut til å vere eit økonomisk gunstig prosjekt. Men

hevder at prosjektet likevel er katastrofalt:

Natur og friluftslivskvalitetene rundt Sleneset er godt kjent og tilstrekkelig dokumentert. Derfor kan Naturvernforbundet i Nordland (NaNo) allerede nå konkludere med at den planlagte vindmølleparken på Sleneset ikke må bygges. [...] Selve vinden er fornybar, men en vindmøllepark i dette området og av slike dimensjoner medfører uopprettelige naturødeleggelse. [...] Spesielt med tanke på rovfugl som havørn og hubro, og mulighetene for naturopplevelser i en skjermet og relativt uberørt skjærgård, er den planlagte vindmølleparken uakseptabel.

(dok.nr.200301599-4:1)

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) svara «at enhver som planlegger å bygge en vindpark har rett til å melde oppstart av dette planarbeidet til NVE» (dok.nr.200301599-5:1), og sende saka på høyring saman med invitasjon til eit møte med lokale myndigheter og eit ope folkemøte. NVE fekk inn ei rekke høyringsfråsegn, men den 11. november, lenge før høyringsfristen var over, tok tiltakshavar kontakt med NVE om ei større utviding av prosjektet. NNV ville nær sagt doble storleiken på prosjektet ved å inkludera eit tilgrensande område som dei meinte hadde «tilsvarende gunstige vind- og topografiske forhold som område A, og [...] miljørelatert og teknisk problemapotensiale anses å være tilsvarende begrenset» (dok.nr.200301599-34:2).

5.2 Høyring av melding - Frå «beskjedne» til store miljøverknader.

Saka vart send på ny høyring med frist for uttale 30.01.2004, og totalt sett kom det inn 36 høyringsfråseigner til dei to meldingane. Sleneset vart gjennom høyring av melding, framheva som eit svært viktig leveområde for Hubro. Og anna flora og fauna vart teke fram som eit vidare argument mot utbygging. Allereie i høyringsrunden etter meldinga kan ein spore ein relativt unison kritikk av prosjektet som la vekt på Sleneset sine spesielle naturkvalitetar. Fylkesmannen i Nordland (FMiN) var mellom dei som argumenterte sterkt for omsynet til naturverdiane på Sleneset, først og fremst med bakgrunn i naturvernlovgjevinga. FMiN viser til Stortingsmelding 29 om miljømål ved etablering av energiproduksjon og stortingsmelding 25 og 42 om miljøvern og biologisk mangfald, og forankrar på dette viset argumentasjonen i ei nasjonal, politisk interesse. Raudlista vert også sentral, då mange aktørar trekk fram talet på raudlista plante- og dyreartar i området. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Norsk Ornitologisk Forening (NOF) er mellom desse som viser til artar på raudlista. Naturvernforbundet (NVF) er likevel den aktøren som i sterke ordelag kritiserer konfliktnivået i prosjektet på Sleneset:

Med forslag til utvidelse er det åpenbart at utbygger ikke har tatt de store naturverdiene og sakens alvor inn over seg. Gjennom grove feil og mangler ved saksframstilling og

forslag til utredningsprogram dokumenterer utbygger verken relevant problemforståelse eller det nødvendige minimum av kompetanse.

(dok.nr.200301599-60:1)

Totalt sett ser ein at den trua fuglearten Hubro danner ein kjerne i argumentasjonen om at naturverdiane her er usedvanleg store, ein argumentasjon som kan sjåast i samanheng med at nokre aktørar også vektla verdiane av landskapet. Andre tema vart også kommentert, mellom anna potensielle økonomiske skadeverknadene på turistnæring, fiskeri, havbruk og reindrift.

I alt kom det i høyringa av meldinga ei rekke krav til ulike tema som burde utgreiast, og som ikkje var omtala i meldinga. Dette må sjåast som ein del av ein større misnøye med det føreslårte KU-programmet, som var kritisert for manglande utgreiingstema og svak utgreiingsmetodikk. Både NOF og DN skriv at dei har erfaringar frå tidlegare om at utgreiingar gjerne vert for overflatisk, medan FMiN, NaNo og Den norske Turistforening (DNT) rettar skarp kritikk mot det konkrete forslaget til KU-program som er lagt fram i meldinga. DNT skriv:

Forslaget til KU-program som er lagt fram i meldinga er så overflatisk og dårlig at det er vanskelig å ta det seriøst. [...] Det må derfor lagast eit omfattande og grundig utgreiingsprogram, dersom NVE bestemmer at prosjektet skal gå vidare tass i svært stor konflikt med bl.a. Europas tettaste hubrobestand og nordlig sildemåke, som er direkte trua i Norge.

(dok.nr.200301599-64:2).

Etter avslutta høyring, og etter at Miljøverndepartementet (MD) hadde gjeve sine kommentarar til KU-programmet, vart dette tildelt NNV 30. juni 2004. Utgangspunktet var NNV sitt forslag til KU-program, men NVE kom med krav til nye tema som også skulle utgreiast. Dette dreia seg om ulike verknader som fylje av dei mange planlagte fyllingane i sjøen, verknader på friluftsliv og INON, verknader på reindrifta, forholdet til offentlege planar og ulike aspekt ved netttilknytinga. I KU-programmet vert det også påpeika kor viktig det er å utgreie Hubro og Havørn, også med tanke på sekundære effektar.

5.3 Søknad – Godt produksjonspotensial

Søknaden og resultatet av utgreiingane vart send til NVE den 7. november 2005, over eit år etter at KU-programmet var fastsett. Søknaden byrjar med å grunngje valet av Sleneset som område for vindkraftproduksjon:

Lokaliseringen av selve vindkraftverket er valgt først og fremst fordi området har spesielt gode vindforhold. Bygging og drift av vindkraftverket vil få meget store negative konsekvenser for inngrepsfrie områder og til dels for landskapet, mens det for fuglelivet på Sleneset vil få store negative konsekvenser. De negative sidene ved utbyggingen anses imidlertid ikke større enn man må vente ved et vindkraftanlegg av denne størrelse.

(dok.nr.200301599-83:11)

NNV hadde altså gått frå å anslå at «miljørelatert og teknisk problempotensiale anses for å være beskjedent» (dok.nr.200301599-2:2). Til å seie at det er meget store negative konsekvensar for landskapet og store konsekvensar for fuglelivet. Likevel konkluderer NNV framleis med at konsekvensane ikkje er større enn ein må rekne med for eit slikt prosjekt. Ein bør då altså akseptere dei negative konsekvensane dersom ein skal nå politiske mål om bygging av vindkraft. Her viser dei til same sett med stortingsmeldingar som vart referert til i meldinga, for å syne at vindkraft er ei prioritert satsing for Noreg, og linjene vert trekt mellom auka produksjon av fornybar energi og marknadsmessige føresetnader for produksjonen. Her viser dei til korleis Kyoto-avtalen har leia fleire land til å nytte marknadsbaserte verkemiddel for å fremje utbygging av fornybar energi. NNV understrekar denne koplinga mellom mål og middel ved å hevde at når ein får ein «felles svensk-norsk marked for fornybar energi basert på grønne sertifikater» fører dette til at «det nå likevel [kan] være lønnsomt å bygge ut området ved Sleneset» (dok.nr.200301599-83:12).

5.4 Høyring av søknaden – Styrka motstand

Saka vart send på høyring til ei rekke instansar, den 16. desember 2005. NVE skriv her at dei vil halde folkemøte i dei to kommunane som er involvert, og at dei vil ha møter med kommunar og regionale myndigheter. NVE vil no ha innspel både til KU og til sjølve prosjektet med høyringsfrist 3.mars 2006. NVE fekk tilsend 44 høyringsfråsegn, som i all hovudsak var negative til vindkraftverket. Naturkvalitetane vart viktige motstandsargument mot utbygginga, og omsynet til naturmangfaldet vart via særleg stor plass. DN hadde i den tematiske konfliktvurderinga gitt Sleneset karakteren E, største konfliktgrad i høve til naturmangfald, noko som i seg sjølv vart framsett som eit prov på området sin verdi, og den store konflikten til natur handla for dei fleste høyringspartane om effektar på raudlista fuglar. DN skriv i si høyringsfråsegn:

Sleneset vindkraftverk er planlagt i et svært viktig fugleområde, som er utpekt som IBA-område (Important Bird Area). Hubrobestanden i utbyggingsområdet er helt spesiell, da arten ikke finnes i så høy tetthet noe annet sted i verden. Ifølge fagutredningen er det "sannsynlig at alle de 26 rødlistede fuglearakterne blir påvirket på en negativ måte ved utbyggingen".

Fleire av høyingspartane meinte som DN at konsekvensutgreiinga stadfesta dei store negative konsekvensane som var førespegla i dei tematiske konfliktvurderingane. Raudlista vart her trekt fram for å vise at ein kom til å skade bestandar som var særleg viktig å verne mot denne type inngrep, og for å syne betydinga av dette for samfunnet på både nasjonalt og internasjonalt nivå trekte fleire av aktørane fram stortingsmeldingar og internasjonale avtalar om bevaring av naturmangfald.

Norge har gennem flere nationale og internasjonale love og konventioner (FN-konvensjonen om biologisk mangfold av 1992 ble ratifisert av Norge 9 juli 1993 (St prp nr 56 (1992-93)) forpligget sig til at tage særlige hensyn til den biologiske mangfoldighed! I henhold til regeringens miljøvernpolitikk (jf. Stortingsmelding nr 25 (2002, 2003)) udtrykkers der fra FN's side bekymring for den nuværende forvaltning af den biologiske mangfoldighed

(dok.nr.200301599-125:4).

Kritikken hevda at vern av fugl var meir verdifullt enn den produksjonen av fornybar energi som kraftverket kunne gje. Stadfesting av vindkrafta sin positive betydning for det globale klima var ikkje fråverande i høyingsfråsegna, men det vart vidare sagt at vindkraft både generelt og på Sleneset spesielt, ikkje hadde store nok positive verknader til å vege opp for skadane ein meinte det ville ha for naturen. Eit slikt argument vart ytterlegare underbygga ved å hevde at (1) «Hovedutfordringen i norsk energipolitikk er etter DNTs mening å stoppe det kontinuerlig voksende energiforbruket» (dok.nr.200301599-130:1). At (2) «Sleneset ligger i en region som [...] har et betydelig energoverskudd, 40-50 % i normalår» (dok.nr.200301599-122:3). Og at (3) «tiltaket ikke er lønnsomt med mindre det subsidieres med 428 mill i anlegges levetid» (dok.nr.200301599-137:1).

Motsett nyttar tilhengarane det generelle omsynet til klima som eit tydeleg argument for denne utbygginga, og Helgeland regionråd «synes også det er positivt at vi hos oss kan være med på å bistå i nasjonens satsing for å oppfylle de internasjonale miljømål vedrørende klimagasser om er sett i Kyoto-avtalen.» (dok.nr.200301599-138:3). Lurøy kommune er samde i denne konklusjonen og skriv også at:

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) [...], pekes det på økt satsing på fornybare energikilder som bio-, vind- og solenergi som tiltak for å oppnå en mer berekraftig utvikling innen vår energiforsyning. Videre fremheves bygging av vindkraftanlegg i St.m. nr. 29 (1998-99) [...], hvor det gis en nasjonal målsetting om en årsproduksjon på

3 TWh innen 2010.
(dok.nr.200301599-103:13)

Dei store spørsmåla om prioritering mellom naturmangfald og utbygging av fornybar energi stod sentralt. Men i høyringsfråsegna dukka det også opp argument av langt meir regional, lokal og personleg art. Landskapet på Helgelandskysten vart omtala av mange høyringspartar. Hovudpoenget var at denne vakre naturen, på grunn av sin flate karakter, kom til å verte sterkt påverka av eit eventuelt vindkraftverk. Fleire høyringspartar kommenterer at landskapet er unikt i nasjonal samanheng, og difor viktig både for lokale friluftslivsbrukarar, hytteturismen og for naturturismen i regionen.

Sleneset er en del av Helgelands storsslätte og varierte kystmiljø og av stor nasjonal verdi. Det planlagte inngrepet vil påvirke opplevelseskvalitetene for hele Helgelandskysten. Dette kan igjen bidra til å forringe Helgelandskysten som et viktig og prioritert reiselivsmål. Den samfunnsøkonomiske nytten av en utbygging på Sleneset fremstår også som veldig uklar, blant annet fordi konsekvensene for reiselivet er så lite belyst.

(dok.nr.200301599-130:4)

DNT vil her, på linje med andre aktørar, setje fram påstanden om at regionen vil tape store økonomiske verdiar på grunn av den reduserte landskapskvaliteten. Landskapsverknader vert altså kopla mot tap av friluftsområder og tap for turistnæringa, noko som vert stadfesta av statens vegvesen og statens landbruksforvaltning, som frårår konsesjon grunna verknader for turistnæringa og Statens vegvesen sitt prosjekt «Nasjonal turistveg».

I hovudsak var det dei negative verknadene for turistnæringa og reindrifta som vart kjernen i den lokalt grunngjeve motstanden. På den andre sida, argumenterte mellom anna kommunen for utbygginga ved å vise til positive verknader for kommunen, slik som auka skatteinntekter, positive verknader for det lokale næringslivet og betra tilkomst til området for turistar og friluftsbrukarar. Totalt sett var det komme fram fleire lokale argument både for og mot kraftverket, og den lokale «viljen» var i seg sjølv eit argument og eit mål for ein del av aktørane. Ein underskriftskampanje vart levert til NVE saman med ei høyringsfråsegn der aksjonsgruppa «Nei til Sleneset vindkraftverk» hevda at kommunen dekte over den lokale motstanden: «Dette er ikke bare en hånd mot demokratiet, men også et forsøk på å undertrykke en demokratisk prosess.» (dok.nr.200301599-112:1). Kommunen skriv derimot i si høyringsfråsegn at «De som er bosatt i utbyggingsområdets nærhet, er i det alt vesentlige udelelt positive til utbyggingen og motstanderne er et lite mindretall.»

(dok.nr.200301599-103:17).

Høyringa av søknaden leia til ein massiv kritikk av prosjektet, og mange høringsfråsegn kritiserer då også konsekvensutgreiinga. I tillegg til ynskje om utgreiingar av ei rekke nye tema, var det fleire høringspartar som kritiserte sjølve utgreiingsarbeidet. Her vart både metodar og verdivurderingar kritisert. Mellom anna vert det kommentert at referansematerialet for flora og fauna er mangelfullt og at KU har sett lågare konsekvens for fugl enn fagrapporten. I tillegg meiner fylkesmannen at «De støyfaglige utredningene er ikke gjennomført i henhold til gjeldende norm, og må derfor gjennomføres på nytt» (dok.nr.200301599-134:13). Utover desse merknadene vert konsekvensutgreiingsarbeidet kritisert med utgangspunkt i vitskapelege rapportar og artiklar som viser andre og verre verknader i høve til både støy og fugl, enn det som er lagt til grunn i KU. Her er Miljøvernforbundet (NMF) sin uttale verd å merke seg, då denne er full av referansar til slike publikasjonar, og er avslutta med ei 10 sider lang litteraturliste.

5.5 Tydeleggjering av konflikten og nye utgreiingar

Sommaren 2007, to år etter høyringa av søknaden, ynskja NVE betre utgreiingar. No ville dei ha nye rapportar om Hubrobestanden i området, betre utgreiingar er potensialet for funn av ukjende kulturminner, turisme og maritimt friluftsliv, samt fleire visualiseringar av kraftverket.

Tilleggskrava vart send til NNV, og den 20.februar 2008 kom resultatet av tilleggsutgreiingane. Rapporten om Hubro på Sleneset konkluderte med at Sleneset er eit svært viktig område for Hubro, at det er sannsynleg med kollisjonsfare og at dei samla tekniske innsgrepa sannsynlegvis ville verte svært skadelege. Tilleggsrapporten om reiselivet ser på motsett side ut til å gje gode argument for ei utbygging, gjennom å hevde at turistnäringa vil tene på betre tilgjengeleghet og eit miljøvenleg «image» som følge av vindmøllene.

To dagar etter motteke tilleggsutgreiingar sende NVE utgreiingane ut på høyring med høringsfrist til 7.april. Som ein kunne vente, vart det retta mykje merksemd mot Hubro-rapporten og Fylkesmannen skriv: «Foreliggende tilleggsutredning om hubro gir ikke mindre grunn til bekymring for konsekvensene for hubrobestanden i området» (dok.nr.200703860-27:1). Ein konklusjon på linje med Fylkeskommune, DN og NOF sine vurderingar. Sjølv om Hubro-rapporten konkluderte med negative verknader for prosjektet, fokuserte kommunen og Helgeland Regionråd på at konsekvensane for Hubro var usikre og difor ikkje eit godt grunnlag for avslag:

Det konkluderes med at hubroen "muligens" vil fortsatt forbli i området, at det

"sannsynligvis" vil kunne bli økt dødelighet i bestanden, at det "sannsynligvis" vil bli reduksjoner i våndbestanden, m.m. Det er tuftet på antagelser med en betydelig grad av usikkerhet om hvilke konsekvenser en slik utbygging vil ha for bestanden.
(dok.nr.200703860-11:6)

Dei same to aktørane la difor avgjerande vekt på dei positive lokale økonomiske ringverknadene ein såg føre seg. Men også desse effektane var, på grunn av usemje om relevansen til utgreiingane, omstridde. Reiselivsutgreiinga vart av motstandarane av kraftverket, skulda for å vere subjektiv og uvitskapeleg. Ein kritikk svært lik den som vart framsett mot utgreiingane av reiselivet på Lista.

Etter høyringsrunden for tilleggsutgreiingane sende fleire privatpersonar samt organisasjonen Motvind.org ei rekke e-postar til NVE med argument mot prosjektet. E-postane inneholdt vedlegg med medieomtale av fugleliv og friluftsliv på Sleneset, det vart hevd at kommunen dekte over lokal usemje og ein av e-postane kom med ein ekstern fagrappport med registreringar av nyare kulturminner og to fagrapportar om konsekvensar for fugl ved utbygginga²². E-postane frå motstandarane talde 12 stk. og vart send i perioden mellom mars 2008 og september 2009. I same periode kom fylkeskommunen (N-FK) som til no hadde tilrådd avslag, med ei støtteerklæring til kraftverket:

Høsten 2008 har Nordland fylkeskommune vurdert saken på nytt. Med bakgrunn i at fylkeskommunen som utviklingsaktør ønsker større lokal verdiskaping i form av arbeidsplasser og inntekter til kommunene ser fylkeskommunen at etableringen av Sleneset vindpark kan bidra til en positiv utvikling for Lurøy kommune og selve Sleneset. Nordland fylkeskommune vil nå derfor anbefale at NVE gir konsesjon til tiltaket.

(dok.nr.200703860-40/vedlegg1:2)

Her har N-FK no gjort heilomvending og meiner at lokal verdiskaping er grunn til å gje konsesjon. Her vert det og skrive at omsynet til naturen, som var deira argument til å gå mot saka fram til no, ville verte ivareteke gjennom avbøtande tiltak.

5.6 Frustrasjon over lang sakshandsaming

Kommunen hadde i høyringa av tilleggsutgreiingane, våren 2008, komme med oppmading til NVE om å fatte avgjersle. Eit år seinare, i 2009, hadde det gått seks år sidan saka først vart meld og utbygger kom no også med oppmading å ferdighandsame saka²³. NVE prioriterte å handsame

22 I 2010 kom også Motvind.org med brev til MD med oppmading om å stoppe vindkraft på Sleneset med bakgrunn i Sleneset sin betydning for Hubro.

23 FK kom etterlyser eit vedtak i saka per e-post i januar 2011.

enkelte prosjekt føre andre, og prosjektet på Sleneset var mellom dei som hadde vorte nedprioritert, noko som fekk NNV til å reagere med følgjande e-post:

Slik vi tolker både pressemeldingen og det som ble sagt i møtet blir prosjekter i Nord-Norge, herunder også Sleneset Vindkraftverk, skjøvet i bunken med prosjekter som ikke blir prioritert i saksbehandlingen. For Nord-Norsk Vindkraft er det uaktuelt å trekke vår søknad om konsesjon for Sleneset Vindkraftverk. Vi har lagt store ressurser i å utvikle et godt prosjekt over lang tid, og vi mener at prosjektet i høy grad oppfyller kravene for et "godt prosjekt" som dere skisserer i kriteriene deres.

(dok.nr.200703860-46:1)

NNV meiner Sleneset er ei «godt prosjekt» på grunn av gode vindressursar, god effekt på regional kraftbalanse, gode ringverknader for lokalt næringsliv og på grunn av støtte i fylkeskommunen, kommunen og lokalbefolkninga.

5.7 Avgjersle med overraskande grunngjeving

I tida fram mot avgjersla, hausten 2011, hadde NVE sett i gang arbeid med å vurdere eit særleg viktig element ved det omsøkte prosjektet, utbyggingskostnadene. I mai 2011 er det arkivert ein korrespondanse med Statens Vegvesen vedrørande kostnadsoverslag for vegbygginga, som på Sleneset ville involvere både vegar, bruer og fyllingar. Og akkurat kostnadene ved å bygge prosjektet skulle verte grunnsteinen i avslaget som kom den 26. september 2011.

NVE har i vedtaket lagt avgjørende vekt på at de samfunnsøkonomiske kostnadene forbundet med Sleneset vindkraftverk er høye sammenlignet med andre vindkraftverk. Dette skyldes nødvendige infrastrukturtiltak og tiltak forbundet med nettilknytning. Inngrepene knyttet til infrastrukturtiltakene er også funnet til å være vesentlig større enn ved andre vindkraftverk.

(dok.nr.200703860-57:1)

I vedtaket skriv NVE om arbeidet dei har lagt ned i å beregne kostnadene for bygging av vegar. Her har dei i samarbeid med Statens Vegvesen komme fram til at kostnadene etter NVE sitt skjønn vil vere monaleg større enn det tiltakshavar, NNV, legg til grunn. Totalt har NVE rekna med totale infrastrukturkostnader på 360 mill, noko som er vel 230 mill. meir enn det NNV har estimert. NVE meiner då kostnadene i prosjektet er nok til å vege opp for fordelane med at: «Sleneset vindkraftverk er planlagt i et område med gode vindressurser» (ibid.:6).

Vindressursane er rekna å vere gode, men NVE meiner å finne langt større kostnader på nær sagt alle områder enn det tiltakshavar legg til grunn. Ei grunngjeving NNV sa seg sterkt ueinig

i sin klage, send til Olje og Energidepartementet (OED) og NVE i oktober 2011:

Det klages med bakgrunn i at NVE har foretatt en uriktig konsesjonsvurdering. For det første har NVE lagt til grunn uriktige forutsetninger i konsesjonsvedtaket, forutsetninger som kunne vært avklart dersom NVE hadde drøftet disse med konsesjonssøker før vedtaket ble truffet. For det andre er vedtaket forankret i en konsesjonsvurdering som i realiteten kun retter seg mot en bedriftsøkonomisk vurdering av prosjektet og ingen bred analyse av samfunnsøkonomien i prosjektet.
(dok.nr.200703860-60/vedlegg:1)

NNV har no berekna kostnadene på nytt og meiner å kunne vise at NVE har rekna med for høge kostnader ved bygginga og for låg estimert produksjon. Noko dei meiner bør føre til omgjering av vedtaket. Vidare kritiserer dei også med utgangspunkt i det prinsipielle spørsmålet om NVE skal gjere vurderinger av denne typen som er gjort i vedtaket.

Som kjent la introduksjonen av energimarkedet ved energiloven til grunn at de rent bedriftsøkonomiske vurderinger og risikobetraktninger knyttet til ulike kraftprosjekter tillå konsesjonssøkerne å vurdere.

[...]

Den konsesjonsvurdering NVE har foretatt er på ingen måte noen samfunnsøkonomisk vurdering av det omsøkte vindkraftprosjektet.[...] Vi nevner i denne forbindelse at det er overraskende at direktoratet ikke har vektlagt andre forhold som åpenbart er av relevans for konsesjonsvurderingen, så som prosjektets betydning for økt fornybar kraftproduksjon i Norge, den omfattende støtten fra lokalsamfunnet, ringvirkninger av prosjektet for lokalsamfunnet osv.
(ibid.:11)

NVE oversende klagen til OED etter å ha vurdert grunngjevinga. Dette hende våren 2012. Her held NVE fast på si vurdering i høve til kostnader og produksjon, og viser vidare til at dei gjennom vurderinga også har teke omsyn til naturmangfoldet, men at NVE «i bakgrunnsnotatet ikke i detalj diskutert områdets viktighet for naturmangfold, da kostnader og inngrep knyttet til infrastruktur er vurdert som avgjørende for at saken må avslås.»
(dok.nr.200703860-65:4). NVE var no ferdig med si handsaming av sak²⁴, og OED har per 08.05.2013 saka liggende til endeleg handsaming. Med andre ord gjenstår det å sjå om den lokalt økonomisk stimulerande og fornybare energien vert tillate bygga, eller om det

24 Etter NVE sitt vedtak fortsette to høyringspartar å argumenter for sitt standpunkt. Motvind.org sende først ein e-post til NVE der dei skriv at turistnæringa no er i stillstand grunna frykt for ei utbygging.. Nokre månadar etter kom det e-post til mellom anna OED, NVE og MD, der Motvind.org ber om vern av Sleneset. Grunngjevinga var dei mange raudlista artane i planområdet. Ikkje lenge etter kom fylkeskommunen med oppmoding om å vektlegge potensialet for produksjon av fornybar energi, med forankring i regionale, nasjonale og internasjonale mål og plikter. Og til sist kom Motvind.org med sin siste protest, der dei ber om at OED ikkje berre vektlegg økonomien, men også vernet av trua dyre og planteliv.

verneverdige fuglehabitatet og regionalt og nasjonalt viktige landskapet vert skåna for dette
inngrepet.

6 Analyse del 1 – Om verdsetjingar

I dette kapitelet skal me gå nærmere inn på korleis dei ulike aktørane som deltek i konsesjonshandsaminga av dei to vindkraftcasa, vektlegg ulike tema og korleis ulike standpunkt vert rettferdigjort. Me skal med andre ord gjere ein grundig analyse av aktørane sine kritiske handlingar for å forstå korleis aktørar kan grunngje sitt standpunkt i saker som kan synast å vere ei kompleks samansetjing av verdiar som ikkje så lett let seg sameine. Innleiingsvis i denne oppgåva forklarte eg korleis vindkraftsaker er interessante i lys av å vere miljøsaker prega av ein viss ambivalens. Ambivalent fordi ulike miljømål som er relevante for sakene kan verte uforeinlege, og då dei samstundes skal vektast saman med ei rekke andre politiske mål.

Korleis vert ulike standpunkt rettferdigjort i dei to casa som er gjennomgått? Dette spørsmålet er heilt sentralt for å forstå debatten som går føre seg i høyingsrundar og klagesaker. For det er ikkje slik at den einaste skilnaden ein kan spore er om ein er for eller mot kraftverket. Me må også forstå kva tema som er vektlagt, og at dei ulike standpunktene kviler også på gitte måtar å legitimere. Innleiingsvis sa eg at eg ville forsøka å svare på *korleis motstridande miljømål vert argumentert for i ei konkret sak*. Meir konkret vil eg i denne delen av analysen synleggjere kva tema som vert vektlagt av aktørane og kva verdiordenar som vert nytta for å bygge opp argumentasjonen. I neste omgang vil eg, på bakgrunn av NVE sine vedtak og analysar av intervjuet, vise korleis NVE vektar elementa i sakene og på bakgrunn av dette konstruere ein modell for NVE sine rettferdigjeringar. Neste steg vil då vere å sjå korleis NVE sine rettferdigjeringar av vedtaka vert kritisert av aktørane som påklagar vedtaka. I neste kapitel vil eg rette merksemrd mot eit heilt avgjerande aspekt ved industrielle rettferdigjeringar som eg vil hevde er ein dominerande orden for verdsetjing, vitskapeleg kunnskap og ekspertkunnskapen.

6.1 Verdsetjingar av vindkraftverket

I gjennomgangen av det teoretiske rammeverket til Boltanski og Thévenot (1999, 2006) såg me korleis aktørane kan nytte ei rekke ulike verdiordenar i sine kritiske operasjonar. Dei kan altså nytte fleire grunnstrukturar for oppbygging av eit argument. Dette er kort presentert i tabellen under.²⁵

25 Tabellen bygger på Boltanski og Thevenot (1999:368) sin skjematiske framstilling av teorien for rettferdigjering, og på Andersen (2007:41) sin presentasjon av dette teoretiske reisverket. Samt Thévenot (2000) og Latour (2001).

Ei generell oversikt over verdiordenar og rettferdiggjeringar sin struktur

	Inspirert	Domestisk	Kollektiv	Opinion	Marknad	Industriell	Grøn
Evaluering/verdi	<i>Kreativitet, inspirerande</i>	<i>Tiltru, omdøme</i>	<i>Kollektivet si interesse</i>	<i>Berømt, akta</i>	<i>Pris</i>	<i>Effektivitet, produktivitet</i>	<i>Miljøvenleg, bærekraft</i>
Format til relevant informasjon	<i>Kjenslemessig</i>	<i>Munnleg, anekdotisk og eksemplifisert</i>	<i>Det som er formelt og offisielt</i>	<i>Semiotisk</i>	<i>Monetær</i>	<i>Målbart, kontrollerbart</i>	<i>Økologisk</i>
Relasjonar	<i>Lidenskap</i>	<i>Tillit</i>	<i>Solidaritet</i>	<i>Å akta/ å vere akta</i>	<i>Transaksjon</i>	<i>Funksjonell, standardisert</i>	<i>Likeverd mellom menneske og naturobjekt</i>
Menneskeleg kvalifikasjon	<i>Kreativitet, genialitet</i>	<i>Autoritet</i>	<i>Likskap og representasjon av kollektivet</i>	<i>Kjend, kjendis</i>	<i>Kjøpekraft, vilje til profit</i>	<i>Profesjonell kompetanse, ekspertise</i>	<i>Miljøvern engasjement</i>

I tabellen er det lista opp kva som er informasjon, kvalifikasjonar og relasjonar som aktørane kan nytte for å bygge opp under rettferdiggjeringa av den grunnleggande verdien i kvar verdiorden. Me skal no sjå korleis desse ordenane vart nytta i casa som er analysert, for å få ei forståing av korleis ein kan kategorisere argumentasjonen i høve til ein teori for rettferdiggjering. For kvar verdiorden er det sett opp ein tabell som viser grunnstrukturen i ordenen, inkludert ei ekstra rad med konkretisering av grunnstrukturen tilpassa dei konkrete empiriske casa.

6.1.1 Lovverket og ein kollektiv orden

I ein kollektiv orden er reglar og offisielle dokument relevant informasjon for å grunngje at eit standpunkt tener ein kollektiv vilje, og referansar til lovverket er difor ei handling som potensielt plasserer argumentasjonen innanfor ein kollektiv verdiorden (Boltanski og Thévenot, 2006:185-192). Lovverk, stortingsmeldingar, internasjonale avtaler og uttaler frå offentlege myndigheter er objekt som for mange aktørar er heilt sentrale for å grunngje eit standpunkt eller fremje ein kritikk. Store subjekt i denne verdiordenen vil vere personar som representerer fellesskapen, slik som valde tillits menn og tilsette i offentlege organisasjonar. Biologisk mangfald, spesifikke artar, fornybar energi, landskap, kulturminner og ei heil rekke andre objekt og verdiar kan verte prova viktig ved å vise til deira plassering i lovverket og andre formelle tekstar, og mange aktørar gjer nettopp dette for å prove at deira vurdering er den rette. Vurderingar som tek utgangspunkt i kva som vil vere

lovleg eller mest i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk. Dei kollektive rettferdiggjeringane og kritikkane syner seg i ei rekke dokument, heilt frå meldingane om dei to kraftverka:

*Stortingsmelding nr 58(1996-97) – Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling—
dugnad for framtiden, peker på at satsing på fornybare energikilder som bio-, vind-og
solenergi er nødvendige tiltak for å oppnå eberekraftig utvikling.
(dok.nr.200302250-1:4)*

Til NVE sine vedtak, og til sist i klagane på Lista og Sleneset som omtaler NVE sitt vedtak som brot på ulike avtalar og lover.

I forbindelse med konsesjonsbehandlingen kan ikke NOF se at naturverdier, og konflikter opp mot disse, er vurdert i forhold til nasjonale miljømål nedfelt i en rekke stortingsmeldinger, og de er heller ikke vurdert i forhold til Norges internasjonale forpliktelser, spesielt i henhold til Ramsarkonvensjonen, Bonnkonvensjonen og Biodiversitetskonvensjonen (Riokonvensjonen), men også i forhold til samordning med miljøvernbenhensyn i EU-landene

(dok.nr.200302250-4:3)

6.1.2 Eit industrielt vindkraftverk

Industrielle rettferdiggjeringar set søkelys på produksjonsmål, ekspertise og presise estimat av konsekvensar (Boltanski og Thévenot, 2006:203-211). Difor er også desse rettferdiggjeringane heilt sentrale i konsesjonsprosessane. Dette har me sett i meldingar og søknader der presentasjonen av vindkraftverka sine positive verknader i stor grad handlar om kor mykje straum som vert produsert, noko som i si tid kviler på parameter som vindforhold, topografi og teknologiske løysingar. Utbyggjarane presenterer og rettferdigger på denne måten vindkraftverka i ein industriell verdiorden, ein verdiorden som også er i kjernen av NVE sine avgjersler som bygger på at dei presist estimerte produksjonsfoventningane utgjer ein større fordel enn dei utgreia, fagleg vurderte og talfesta negative konsekvensane:

*Vindkraftverket vil kunne få en installert effekt på inntil 102 MW, og vil kunne produsere opptil 280 GWh ny fornybar elektrisitet. Produksjonen av elektrisitet vil således kunne dekke et normalt forbruk til ca. 14 000 hustander årlig , og styrke den nasjonale forsyningssikkerheten.
(dok.nr.200302250-133:3)*

I ein industriell orden er det dei målbare objekta, ekspertisen og det rimeleg langsiktige perspektivet som rår, og det er ikkje berre utbyggar og NVE som bygger sine

rettferdiggjeringar på ein industriell logikk. Som me kan sjå av NMF sin klage på konsesjonen på Lista, er også konsekvensane for andre interesser mogeleg å vurdere innanfor ein industriell orden.

En undersøkelse fra «Altamont Pass vindmøllpark» i California, hvor 16% av i alt 7000 turbiner ble sjekket, fant i alt 114 døde fugler i løpet av et år. 68% av alle dødsfallene skyldes kollisjon med turbinene og 5% kollisjon med kraftledninger. Det ble beregnet at 300 rovfugl ble drept i løpet av et år (BioSystems Analysis, Inc. 1990)
(dok.nr.200700861-3:6)

Gjennom talfesta konsekvensgrader, ekspertise og vitskapelege rapportar, kan ei rekke tema slik som omsyn til trua artar, støy, areal inngrep m.m. nyttast i legitimeringar innanfor ein industriell orden. Som eksempel kan me tenkje oss at ein fugleart sin relevans i høve til avgjersla, vert prova gjennom bruk av fugleekspertar, naturvitkapskvinner og -menn (verdige subjekt i ein industriell orden), og vitskapelege rapportar (verdige objekt i ein industriell orden). Desse er saman med (kollektive) referansar til offisielle tekstar som raudlista og lovverket, særskilt viktige for å bygge argumentasjon for bevaring av naturmangfaldet.

6.1.3 Det lønsame vindkraftverket

Industriell effektivitet kan ikkje skiljast fullstendig frå det økonomisk lønsame kraftverket, då effektiv produksjon og marknadsmessig forteneste ofte er to sider av same sak (Boltanski og Thévenot 2006:332-333). Dette elementet ser me tydeleg i NNV sin presentasjon i søknaden om Sleneset vindkraftverk:

Inntektene vil være direkte proporsjonale med produksjonen, som er svært følsom overfor lokale vindforhold. I et økonomisk perspektiv blir det derfor svært avgjørende å finne en lokalitet med best mulig vindforhold [...]
(dok.nr.200301599-2:42)

Men den reine marknadslogikken er muleg å skilje frå dei industrielle vurderingane, ved å rette merksem direkte og uavkorta mot pris og vurderingar gjort av store marknads-subjekt, seljarar og kjøparar. Slike reine marknadsargument, der vurderingane berre dreier seg om kraftverket sin verdi i ein marknad, er tilstades i utbyggjarane sine presentasjonar, men som vist i sitatet over, er denne verdien også her nært kopla opp mot det industrielt verdsette produksjonsestimatet.

6.1.4 Kraftverket i ein domestisk orden

Både på Lista og på Sleneset engasjerte lokalt busette personar seg. Desse lokale innspela trakk fram tema som eigedomsverdiar, støyproblem, visuelle verknader og lokal utvikling. Fleire av dei lokale argumenta kan bygga på industrielle, kollektive og marknadsmessige rettferdiggjeringar, men mange kan og klassifiserast som argument innanfor den domestiske verdiordenen. I ein domestisk verdiorden er verdiane knytt opp mot det lokale og tradisjonelle, og personar med lokal kjennskap og stadbunden autoritet er store personar (Boltanski og Thévenot, 2006:165). Dei lokale argumenta var i hovudsak retta i mot utbygging, i begge sakene, og motstanden mot kraftverka dreia seg om å hindre at lokalmiljøet skulle verte øydelagt²⁶. Nokre få personar meinte likevel at utbyggingane ville betre tilhøva for dei som bur i lokalområdet. Ein typisk domestisk argumentasjon som går slik:

Tenker jeg må si hva jeg mener om den planlagte vindkraftparken, siden dere vil vite hva jeg som innbygger på stedet synes. Jeg er 21 år og er født og oppvokst her, det vil jeg gjerne fortsette med, derfor mener jeg at dette er en unik mulighet for å kunne skape noe som får den optimisme folket her trenger så sårt. Skulle det bli ett avslag på konsesjonen vil det kanskje gå 8-10 år før det ikke er grunnlag for verken skole eller barnehage, og da vet alle hvilken vei det går, desverre.

(dok.nr.200301599-109:1)

Denne typen muntleg og lokalt forankra argumentasjon finn ein i høringsrundane både på Lista og på Sleneset. I nokre av høringsfråsegna finn ein domestiske element som å ha tillit til lokale styresmakter, ofte veva saman med legitimeringar frå andre verdiordenar.

6.1.5 Inspirerte rettferdiggjeringar

I dei to casa eg har undersøkt er det også nytta inspirerte og kjenslemessige rettferdiggjeringar. Argumentasjon av denne typen knyter seg først og fremst mot landskapet sin skjønnhet, og landskapsestetikken sin betydning for menneska sin inspirasjon og glede. Eit

26 Heilt sentralt i desse domestiske rettferdiggjerungane er omsynet til det lokale, omsyn som kan plasserast under omgrepet NIMBY, eit omgrep som er meint å skildre fenomenet når motstand mot eit gitt tiltak er grunna i at aktørar ikkje ynskjer at dette tiltaket skal byggast akkurat her, i deira lokalmiljø. I fleire høringsfråsegna er desse lokale verdiane knytt opp mot eit nasjonalt eller internasjonalt perspektiv gjennom verdsetjingar i den kollektive, økonomiske eller industrielle verdiordenen. Det kan altså kan det sjå ut til at fleire aktørar ikkje vurderer det rein domestiske, noko som kan oppfattast som ein slags NIMBYism, som legitimt i debatten om vindkraftsaker som ofte er debattert ut frå nasjonale eller globale miljømål.

tydleg eksempel på ei rettferdiggjering i den inspirerte orden finn me i ei skildring av landskapet på Lista, som då underbygger argumentet om at dette inspirerande landskapet er eit allment gode:

De vakre fjellene ligger i rad som ryggstø for det flate Lista-landskapet, fjellene en ser så godt som fra hele Lista-halvøya, og enda lenger, gylden når sola går ned, blå, blå om kveldene, enkelte netter med vidunderlig nordlys, månelys på vannene og på snøen på fjelltoppene om vinteren, en Soria Moria eventyrverden. Alt dette skal ødelegges med skrekkelige, svivende figurer, med støy og lysglimt fra de roterende bladene. Det sies at det også skal være lys på toppen. Vindmøllene vil fylle oss alle med uhygge, vi vil alle (også de som tror det blir en fordel med vindmøller) bli fremmedgjort i vår egen bygd.

(dok.nr.200302250-83:1)

Inspirerte rettferdiggjeringar er ikkje av dei mest vanlege, men dei er eit tydeleg element i høringsfråsegn som vektlegg friluftslivet sin betydning. Friluftslivet vert rekna som ein svært viktig arena for rekreasjon og då også inspirasjon. Kjernen i denne type inspirert argumentasjon er at landskapet, som vil bli øydelagt av vindmøller, er særleg vakkert og viktig for menneske som søker ei sjelleleg berikelse frå naturen.

6.1.6 Opinionen si mening og det som er akta

I ein opinionsorden vil verdi verte tilskrive det som har massane sin beundring eller tilslutning, og objekt eller personar som er berømde og omtykte, vil vere høgt rangert i verdivurderingane (Boltanski og Thévenot, 2006:178-184). Heller ikkje denne type argument er av dei mest utbreidde i konsesjonprosessen, men den er til stades i begge casa. Me kan sjå heilt klare eksempel i ei høringsfråsegn frå Sleneset, der fråsegna inneheld ein underskriftskampanje mot kraftverket. Ein underskriftskampanje som skal vise «det fakta at det har vært markert en stor motstand mot vindmøllene.» (dok.nr.200301599-112:1). Samstundes vart det i dei seinare fasar av handsaminga av konsesjonssøknaden på Sleneset send ei rekke e-postar til NVE med vedlagte utklipp frå aviser og andre media. Her vart verdien av fuglebestanden og landskapet på Sleneset prova ved å vise omtale i media og omtale frå kjende personar. Fleire av desse e-postane forsøkte også å vise at det var stor lokal motstand, argument som følgjer logikken til underskriftskampanjen.

6.2 Vindkraft som miljøvennleg – nyttar aktørane ein grøn verdiorden?

Evaluering/ Verdi	Format til relevant informasjon	Grunnleggande relasjoner	Menneskeleg kvalifikasjon
<i>Miljøvennleg, bærekraft</i>	<i>Økologisk</i>	<i>Likeverd mellom menneske og naturobjekt</i>	<i>Miljøvernengasjement basert på både praktisk og vitskapeleg kjennskap til miljøet.</i>

27

Grunnstrukturen i det teoretiske perspektivet til Boltanski og Thévenot (1999, 2006) opnar for at verdiordenar oppstår og fell frå. I dei seinare tiår er det relevant å spørje om det har oppstått ein eigen grøn verdiorden, ein verdiorden der omsynet til naturen er det største godet. I kapitel 2 har eg diskutert det teoretiske grunnlaget for strukturen til den grøne verdiorden, som kort er presentert i tabellen over. Dei mange miljøspørsmåla som vert reist i vindkraftsaker gjer det både naudsynt og muleg å vurdere om miljøsaker vert handsama innanfor rammene av ein eigen, grøn verdiorden. Å gjere analyser av den empiriske eksistensen til ein slik verdiorden. Målet med dette avsnittet er å avklare om aktørane nyttar slike rettferdigjeringar i sine argument. Vert miljømål og -omsyn debattert innanfor ein eigen logikk for rettferdigjeringar, eller vert miljøtema handtert innanfor dei andre verdiordenane, som spørsmål om produksjon, økonomi, det kjende, åndeleg inspirerte eller lokalt verdsette? I ein grøn orden vil det overordna prinsippet for evaluering vere vindkraftverket sin miljøvennlegheit og bærekraft. Relevante personar vil kunne vere alle personar som har ein form for kjennskap til naturen, både praktisk og teoretisk, medan då prova vil vere å finne i kryssinga mellom desse formene for kunnskap. Prov som både vil romme den vitskapelege kunnskapen som fins, men som samstundes rommar den usikkerheit og verdiladning som eksisterer i vitskap og feltet mellom vitskap og politikk²⁸. Difor vil spørsmålet til diskusjon no vere om ein finn argumentasjon bygga på ein grunnstruktur av den typen eg har presentert her i starten på kapitel 7.2. For å diskutere dette, har eg vald å dele dei potensielt grøne perspektiva på vindkraft inn i to kategoriar: fornybar energi som eit positivt miljøtiltak, og arealinngrepet som eit miljøskadeleg element.

6.2.1 Fornybar energi og det klimavenlege kraftverket

Eg vil her hevde at utstrakt utbygging av vindkraft i Noreg idag hadde vore lite sannsynleg dersom

27 Tabellen over grunnstrukturen i ein grøn verdiorden er basert på ein tolking av Thevenot (2002, Lamont og Thévenot (2000), Latour, B. (2001) og Andersen, G. (2007).

28 Denne føresetnaden er i særleg grad bygga på Latour (2001) sin tolkning av ein grøn verdiorden.

det ikkje eksisterte ein ide om at det er eit gode å ta vare på naturen, og at dette gode er trua av for store utslepp av klimagassar. Vindkraftutbyggingar vert realisert av bedrifter, og er per idag avhengige av offentleg stønad for å vere lønnsame (Buan, Eikeland et al. 2010). Denne stønaden er regulert av eit lovverk med føremål «å bidra til økt produksjon av elektrisk energi fra fornybare energikilder» (*Lov om elsertifikat*, 2011). Ein produksjon som gjennomgåande er oppfatta som positivt for å kunne redusere klimagassutslepp. Aktørar i vindkraftsakene støtter då også utbyggingane med bakgrunn i klimasaka: «det er positivt at vi hos oss kan være med på å bistå i nasjonens satsing for å oppfylle de internasjonale miljømål vedrørende klimagasser som er satt i Kyoto-avtalen.» (dok.nr.200301599-138:3). Men her stoggar også aktørane si oppbygging av ein grøn orden, og den grøne orden får vidare tilskrive sin verdi ved å nytte andre typar rettferdigjeringar. Kraftverket sin grøne verdi kjem i hovudsak som følgje av kollektive eller industrielle grunngjevingar.

Som me har sett i meldingane og søknadene om dei to vindkraftverka vert produksjon av fornybar, «grøn» energi sentralt i dei innleiande grunngjevingane for prosjektet ved henvisning til lover. I melding og søknad om både Lista og Sleneset vindkraftpark forklarer utbyggerane innleiingsvis korleis kraftverka er tiltak som er prioritert politisk på grunn av ynskjet om reduksjonar i klimautslepp. Vindkraftverka vert positive tiltak ved å produsere fornybar energi, ein produksjon som er gjort legitim gjennom politiske vedtak. Koplinga mellom produksjon av fornybar energi og stogging av klimaendringar er ikkje uttalt eksplisitt, men ligg til grunn for logikken som mellom anna verte prova viktig gjennom referansar til lovverket. På denne måten er lovverket sentralt for argumentasjonen for det klimavenleg kraftverket, og ein må iallefall delvis kunne sjå på «klima-kraftverka» som kollektivt rettferdigjort.

Men den kollektive verdiorden vert ikkje nytta aleine for å legitimere det klimavenlege kraftverket. Vindkraftverket er med sin svært målbare miljøvenlege energiproduksjon, i stor grad verdsett i ein industriell verdiorden. Dei relevante prova tek form av presise talfestingar av energimengd, effekt og produksjonsføresetnader, og legitimiteten til prova kviler på fagekspertisen til dei som har gjort berekningane. Gode vindforhold, gunstig topografi og bra infrastruktur er kjernen i det klimavenlege vindkraftverket som på dette viset også er eit godt «industrielt» prosjekt. Dei konkrete prosjekta kan altså produsere mange TWh fornybar energi, og er difor bra eigna for å realisere politiske mål om auka andel av CO₂-fri energi. I ei forlenging av dei industrielle rettferdigjeringane kan ein verdsetje vindkraftverka ut frå ein kombinasjon av den effektive produksjonen og den lønsame grøne energien som vert produsert. Sistnemde kvalitet prova ved å

syne berekningar av kraftverket sine inntekter og utgifter. Med andre ord vert det miljøvenlege kraftverket rettferdigjort ved bruk av kollektive, industrielle og marknadsmessige rettferdigjeringar. Dette er spesifikke og presise verdsetjingar som ikkje vitnar om ein logikk bygga på heilskapen av politikk, vitskap og kompleksitet i miljøpåverkning, noko som gjer at me må konkludere med at aktørane rettferdiggjer miljøverdiar innanfor dei meir rasjonelle antroposentriske verdiordenane.

6.2.2 Artsmangfald og økosystem

Rettferdigjering basert på det miljøvenlege vindkraftverket vart kritisert av fleire aktørar i begge case. Datamaterialet syner at det eksisterer ein brei støtte for produksjon av fornybar energi mellom eit breitt spekter av aktørar, men denne støtta vert, i dei to konkrete casa, sett til side til med grunngjeving i ein kritikk av dei miljøskadelege verknadene. På Sleneset synte denne logikken seg tydeleg i Natur og Ungdom si fråsegn:

Forbruket av energi er økende, og vi innser derfor at utviklingen av fornybare energikilder vil være viktig for framtidig energiproduksjon. Vi må imidlertid tilføye at dette på ingen måte er ment som en ubetinget støtte til bygging av vindkraftverk og at vi til de konkrete planene har funnet en rekke ankepunkter, som taler mot en etablering av den planlagte vindmølleparken.

(dok.nr.200301599-61:2)

Desse ankepunktta omfatta i særleg grad omsynet til den strekt trua arten hubro. I dei to casa vart kritikken basert på dei skadane ein påfører området og naturen ved kraftverket. Vindmøllene vegane og anleggssarbeidet vert ein fare for dyre- og plantelivet i området, og økosystemet er hevda å verte skadelidande. På Sleneset vart det viktigaste motstandsargumentet at vindkraftverket kom i konflikt med Hubroen, og på Lista vart omsynet til dyr og planter veklagt i alle runder i saksgangen. Me må då forsøka å sjå kva former for verdsetjing som vert viktige for å etablere kraftverka som miljøskadelege.

På både Lista og Sleneset vart omsynet til naturen synleg gjennom innspel til korleis ein best mogeleg skulle utgreie naturverdiane. Verdien vart prova ved å vise til resultata av desse utgreiingane, eller ved kritikkar av utgreiingane og involvering av mot-ekspertise og alternative rapportar. Konsentrasjonen om utgreiingane og kunnskapen, er ein tydeleg industriell måte å verdsetje naturen, og det er difor rimeleg å hevde at den industrielle verdiordenen speler ei sentral

rolle i verdsetjinga av naturen. Samstundes viser fleire aktørar til verna områder, naturmangfaldslova, og ei rekke internasjonale avtaler som skal sikre bevaring av artar og naturmangfold, og aktørane som referer til desse lovene og avtalane meiner då at bygging av kraftverket vil bryte med det refererte lov- og avtaleverket. Miljøvernkritikken vert altså utvida ved å verdsetje naturverdiane gjennom referansar til lover, avtaler og vernevedtak, altså verdi i ei kollektiv verd.

På denne måten vert også dette potensielt «grøne» perspektivet rettferdigjort innanfor ein industriell og kollektiv verdiorden, og ein kan seie at aktørane som argumenterer på denne måten former ein korrigende kritikk av det klimavenlege kraftverket. Kritikken bygger grovt sett på at det klimavenlege kraftverket har for store vitskapeleg (industrielt) prova verknader for eit lokalt naturmiljø som er prova viktig i lover og avtaler, og i sum difor vert eit negativt prosjekt i eit miljøperspektiv.

6.2.3 Landskap

Landskapet som ein verdi er noko fleire aktørar trekker fram som eit argument mot utbygging. Også landskapet vert prova viktig ved å trekke fram lover og avtaler om landskapsvern, men landskapet sin industrielle verdi vert i mindre grad debattert, då aktørane i mindre omfang kjem med vitskapelege eller målbare prov på landskapet sin verdi og konsekvens. I staden finn eg eit sett med inspirerte verdsetjingar av landskapa ved planområda til dei to vindkraftverka. Naturen og landskapet vert av fleire skildra som særleg vakkert og som kjelde til rekreasjon og inspirasjon for menneska. Naturen på Lista vart sagt å vere: «eit vakkert heirområde med fleire turstiar som mange turistar nyttar. Å gå på tur i eit område med ein stor vindmøllepark vil gje ei negativ og heilt anna oppleveling enn i dag» (dok.nr.200302250-88:1). Slike inspirerte rettferdigjeringar vert stundom kombinert med argumentasjon av ein meir domestisk art, der det lokale står i sentrum, og der den vakre naturen er ein del av det domestisk verdifulle lokalmiljøet.

Sommeren 1998 flyttet vi fra Lørenskog ved Oslo til naturskjønne Sleneset. Vi ville bort fra storbyen og bosette oss i et naturnært område.[...]Innen ett år var huset ferdig og vi hadde fått en perle av et bosted i pakt med naturen.

Installasjonen av vindmøllene vil selvfølgelig rasere et stort område av uberørt flott natur.

(dok.nr.200301599-110:1)

Men dei inspirerte og domestiske rettferdiggjeringane og kritikkane får ikkje stå fram i sin reindyrka form i klagesakene. Her vert denne type argument gjort om til argument i ein kollektiv orden der lovverket er det sentrale provet, og der dei tilsynelatande lokale kvalitetane er løfta opp som nasjonale og internasjonale (lovfesta) verdiar. Landskapet vert altså vurdert som viktig gjennom sine inspirerte og lokale kvalitetar, men tydelegast verdsett som internasjonalt og nasjonalt verdifullt for ein industriell/økonomisk turistnærings, og for den lovfesta, kollektivt verdifulle naturen.

6.2.4 Ein grøn orden?

Kan ein då seie at ein grøn verdiorden eksisterer? Eksistensen av ein rettferdiggjerande logikk som har omsynet til naturen som kjerne er, som me har sett, vorte lansert av Thévenot (Lamont og Thévenot 2000, Thévenot 2002) og verdiordenen sin empiriske og teoretiske eksistens er seinare diskutert av andre teoretikarar (Latour 2001, Blok 2011). Gjeve den teoretiske definisjonen eg har lagt til grunn i kapitel 2 og seinare kapitel 7.2, og analysen av dei empiriske casa, må konklusjonen vere at ein grøn orden, aleine, ikkje speler ei avgjerande rolle i den formelle prosessen etter melding og søknad om bygging av vindkraftverk.

Sakspapira frå mine to case syner tydeleg at aktørane argumenterer for omsynet til ulike miljøverdiar, og at dette vert del av hovudargumentasjonen for og mot. Likevel er det slik at dei ulike miljømåla og den grøne verdien vert prova viktig ved å bruke rettferdiggjerande logikk som hører heime i kollektive, industrielle, økonomiske, inspirerte og domestiske verdiordenar. Difor vil eg argumentere for at det empiriske materialet i denne studien syner at ein grøn verdiorden ikkje fullt ut vert etablert av aktørane.

Samstundes må ein reise spørsmålet om den tilsynelatande implisitte føresetnaden om at det er eit gode å ta omsyn til naturmiljøet vårt, gjer at eg må moderere konklusjonen min noko. Bak miljøvernargumenta ligg ein uuttalt føresetnad om at naturen skal takast vare på. Trass i at ein kan sjå at naturen er framheva via sin verdi i ei industriell eller kollektiv verd, kan ein også sjå ein grunnleggande tanke om at det er eit gode å ta vare på naturen. Ein logikk som kan plasserast innanfor ein grøn verdiorden. Av den grunn er det gjerne vanskeleg å skulle skilje klårt, eller vise tydeleg korleis eit argument er tydeleg industrielt eller grønt. Men, eg vil her trekke fram to hovudgrunnar til å kategorisere miljøvernargumentasjonen i dei to casa som hovudsakleg knytt til andre verdiordenar.

Først av alt kan me sjå at dei gongane aktørar eksplisitt grunngjев naturen sin verdi, vert

naturen verdifull gjennom sin nytte for mennesket. Viljen til å ta vare på naturen er her grunngjeve med naturen sin verdi for menneskeleg virke, som vare for turistnæringa, inspirerande for det rekreasjonssøkande mennesket eller som ein verdi for jordbruk, reindrift og havbruk. Naturen sin ibuande verdi vert berre liggande som ein implisitt føresetnad, som ein som lesar må velje å tolke inn i argumentasjonen. Naturen som primært ein verdi i seg sjølv, verkelege grønne verdsetjingar, er vanskeleg å finne uttalt i sakspapira.

For det andre ser det ut til av dei naturverdiane som ikkje så lett kan framleggast som direkte nyttig for ei eller anna menneskeleg verksemد og som ein kan anta er verdsett gjennom eit syn på natur som verdifullt i seg sjølv, i stor grad får sin verdi prova ut frå vitskapelege mål eller ut frå sin posisjon i lov- og avtaleverk. Om verdsetjinga av artsmangfaldet stammer frå ein oppfatning om ein natur med ein ibuande verdi, så er det framleis påfallande kor viktig det vert for aktørane å prove denne verdien gjennom bruk av både lover og utgreiingar. Særleg kan ein sjå at aktørane som argumenterer med bakgrunn i omsynet til naturmangfaldet legg vekt på å få fram kva som er rett og nok dokumentasjon av ein art.

6.3 NVE sin modell for rettferdiggjering

Førebelser har me sett at aktørane ikkje verdset vindkraftutbyggingar ut frå ein særskild grøn logikk. Me har derimot sett at casa vert verdsett på ei rekke ulike måtar, med utgangspunkt i dei fleire av dei antroposentriske verdiordenane. Dette reiser det heilt sentrale spørsmålet om korleis NVE rettferdiggjer sine vedtak. Eg skal no vise kva som vart grunnlaget for dei to vedtaka, og vidare presentere ein modell for NVE sin rettferdiggjerande logikk.

6.3.1 Lista – godt produksjonspotensial

NVE la i vedtaket vekt på at kraftverket på Lista ville «kunne produsere opptil 280 GWh ny fornybar elektrisitet» (dok.nr200302250-133:3). Dette skreiv NVE ville «dekke et normalt forbruk til ca. 14 000 husstander årlig, og styrke den nasjonale forsyningssikkerheten» (ibid.:3). NVE vektla vidare at dette ville bidra til å nå regjeringa si målsetjing om 30TWh ny fornybar energi, dei vektla at Farsund kommune gjennom kommuneplanen hadde synt seg positive til vindkraft, og grunngav vidare vedtaket med:

gode vindressurser, akseptable produksjonskostnader og akseptable virkninger for blant annet landskap, naturmiljø, bebyggelse og friluftsliv. NVE har også lagt vekt på at

vindkraftverket ligger i umiddelbar nærhet til eksisterende kraftledningsnett med tilstrekkelig kapasitet.

(ibid.:3)

Avgjersla, med sitt fokus på samfunnsrasjonell energiforvaltning og målbare effektar, er altså delvis rettferdigjort innanfor ein industriell orden. Slike industrielle verdsetjingar må sjåast saman med den lovmessige eller «kollektive» grunnlaget for avgjersle, i første rekke *energilova* (1990). Denne omhandlar produksjon, omforming, overføring, omsetning fordeling og forbruk av energi (ibid.:1), og formålet er at energi vert laga og nytta på ein «samfunnsmessig rasjonell måte» (ibid:2) Forvaltinga av lova er sett til NVE i forskrift for *delegering av myndighet etter energilova* (2012). NVE sitt arbeid er i første rekke tilknytt energilova med forskrifter, og det industrielle fokus på «samfunnsrasjonell» forvaltning av energiressursane må forståast som bakgrunnen for at NVE er grunngjev vedtaket med produksjons- og nettilhøve. Sakshandsamar i saka sa også i intervju at produksjonsestimatet var heilt sentralt:

I: Nei altså, det er jo vindressurser og produksjonsforventinger. Altså det er jo det som...

D: Det er det som er?

I: Kostnader, da kan man tåle mer kostnader, da. For eksempel miljøkostnader som ikke lar seg så lett opphøye til penger. Men er det veldig gode vindressurser og forventninger om god produksjon, så er det det handler om.

Vindressursar og produksjonspotensial er med andre ord eit avgjerande element i NVE sine vurderingar, og informanten er i det føregåande sitatet inne på ein vesentleg forskjell mellom produksjonsforventningane som «det handlar om», og «miljøkostnadene» som ein kan tåle meir av i gode produksjonsprosjekt. Miljøkostnadene kan ikkje uten vidare opphøgast til pengar, eller talfestast på ein tydeleg objektiv måte som kan samanliknast med estimat av produserte TWh. Om ein då legg til grunn at vedtaka til NVE, samt utsegn i intervjuja, baserer seg på ein industriell verdiorden, er det då grunn til å tru at det objektivt talfesta og presist målbare produksjonsestimatet vil vere eit meir sentralt prov enn meir diffuse mål på andre miljøkostnader. Likevel skriv NVE at dei også legg vekt på at det er «akseptable virkninger for blant annet landskap, naturmiljø, bebyggelse og friluftsliv». Dette er eit eksempel på at NVE sin industrielle rettferdigjerringsmodell evner å ta opp nær sagt alle tema og verdiar som er brakt på banen gjennom høringsrundane. Gjennom den samfunnsøkonomiske vurderinga, der ein vurderer om ulempene ved utbygginga overstig fordelane, kan NVE gjere heilskaplege avvegingar mellom interesser som trer fram i

prosessen.

L: [...]Og det er mange som vil bli hørt. Vi må lytte til alle. [...]Og så er det vår oppgave å skjære igjennom og finne ut hva som er samfunnsøkonomisk rasjonelt.

Denne måten å oppsummere alle verknader av kraftverket, ei vurdering av om fordelane er større enn ulempene, vert då ei industriell rettferdiggjering. Omgrepet samfunnsøkonomisk eller «samfunnsmessig rasjonell» som informanten nyttar om prinsippet for deira totalvurdering, kan tolkast som uttrykk for den rasjonalitet som står i sentrum for verdsetjingar i den industrielle orden (Boltanski og Thévenot 2006), ein verdiorden som både teoretisk og empirisk kan synast å ha det presist talfesta (produksjonsestimatet) som spesielt relevant prov.

Vidare kan me sjå at NVE har lagt vekt på at kraftverket vil vere med på å nå regjeringa sitt avtalefesta mål²⁹ om 30TWh ny fornybar energi, eit element frå kollektive rettferdiggjeringar. Ei type rettferdiggjering som kan sjåast i samanheng med at NVE også tek omsyn til Farsund kommune, gjennom å vektlegge planverket til dei lokale myndighetene. Totalt sett ser me då at NVE rettferdiggjer sitt vedtak om å løyve konsesjon til Lista Vindmøllepark ved å nytte eit kompromiss mellom ein industriell verdiorden og ein kollektiv verdiorden.

6.3.2 Sleneset – ikkje lønnsamt

På Sleneset var NVE sin måte å grunngje vedtaket ikkje ulik den som me såg på Lista. I dokumentet *Bakgrunn for vedtak* (dok.nr.200703860-57) skriv NVE at dei har lagt vekt på «de samfunnsøkonomiske kostnadene forbundet med Sleneset vindkraftverk er høye sammenlignet med andre vindkraftverk» (ibid.:1). Vidare står det at infrastrukturen, som også medfører større inngrep enn ved andre vindkraftverk, vil gjøre kostnadene så store at NVE avslår søknaden. NVE seier altså at dei har vektlagt dei samfunnsøkonomiske kostnadene, og funne desse for høge til å løyve konsesjon til vindkraftverket på Sleneset. Samfunnsøkonomiske verdsetjingar høyrer heime i ein industriell orden, og difor kan ein seie at vedtaka i dei to casa liknar kvarandre. Likevel kan me i den detaljerte grunngjevinga for avslaget på Sleneset sjå at NVE også knyttar rettferdiggjeringa opp mot det ein kan forstå som ein marknadsmessig logikk: «NVE har gjort en økonomisk vurdering av

²⁹ No avløyst av måla i *fornybardirektivet* (2009).

kostnaden ved utbygging av Sleneset vindkraftverk» (ibid.:6). Objekta som er vurdert er bruer, vegar, vindmøller og energi forstått som varer, medan den relevante informasjonen er kostnadskalkylar og tabellar med priser. Formatet på prova er altså kroner og øre per kWh, medan dei store personane vert ekspertar i NVE og Statens Vegvesen. I vedtaket kritiserer NVE søknaden på ein korrigerande måte ved å vise at NVE sjølv reknar med langt høgare kostnader enn NNV. NVE har ilag med ekspertar frå statens vegvesen rekna ut andre kostnadsestimat, og set med dette ekspertane i NVE og vegvesenet opp som relevante personar. Vektlegginga av ekspertisen i NVE og statens vegvesen peiker på at vurderingane i NVE sitt avslag av Sleneset likevel ikkje kan sjåast som reine marknadsmessige avvegingar. I ein marknadsorden er dei profittmaksimerande produsentane og kundar med kjøpekraft, dei mest relevante subjekta (Boltanski og Thévenot 2006). Med andre ord er det investerings- og profittviljen i NNV som er relevant, ikkje NVE sine ekspertbaserte produksjonsestimat. Ekspertise som den NVE sit på er, som me har fastslått før, relevant i verdsetjingar innanfor ein industriell orden (Boltanski og Thévenot 2006). Difor må me sjå NVE sitt vedtak som tufta på eit kompromiss mellom ein marknadsorden og ein industriell orden, eller som eg vil argumentere for, ei innlemming av marknadsvurderingar i ein industriell verdiorden.

Dei økonomiske vurderingane til NVE vert gjort relevant i ein industriell orden på i to ulike måtar. Først av alt er marknadsordenen og den industrielle ordenen vanskeleg å skilje, då det som er effektivt også er lønsamt (Boltanski og Thévenot 2006:332-333). Altså er det industrielt ineffektive prosjektet også eit mindre lønnsamt prosjekt, og dei økonomiske kalkylane kan då verte ein god målestokk på kraftverket sin industrielle/ samfunnsøkonomiske verdi. Samstundes kan det økonomisk ulønnsame prosjektet verte samfunnsøkonomisk ugunstig. Sakshandsamaren i NVE grunngjev avslaget på Lista ved å vise til korleis dagens støtteordningar legg opp til at marknadsmessige vurderingar heng saman med ein større samfunnsøkonomi. Lovverket som aktørane skal forholda seg til, inneber mellom anna at NVE skal legge til rette for bygging av vindkraft i eit system der ein har ein marknadsbasert stønadspraksis. Dersom dette skal fungere meiner NVE at ein må prioritere dei lønsame prosjekta.

I: [...]Og hvis ikke vi vektlegger det beste produksjonsprosjektene, så blir ingenting bygd. Dette skal finansieres over sertifikatmarkedet. Og den haren er det ingen som vet hvor hopper. De beste prosjektene trenger vel 20 øre per kilowattime. Nå ligger markedsprisen på 14. Og disse 15 årene når du får sertifikattillegget, så vet man aldri hvordan pris de i dette markedet opererer med. Så det er en risikosport. Å bygge

vindkraft i dette systemet. Derfor er det helt avgjørende at kun de beste prosjektene kommer og blir bygd ut.

Informanten refererer her til stønadssystemet som vart etablert med *lov om elsertifikater* (2011).

Lova er forvalta av NVE og kan tolkast som eit politisk signal om ynskja auke i utbygging av fornybar energi: «Lovens formål er å bidra til økt produksjon av elektrisk energi fra fornybare energikilder.» (Lov om elsertifikater, 2011:2). Lova legg føringar som er meint å auke produksjonen av fornybar energi i Noreg³⁰ og Sverige gjennom ein marknadsbasert mekanisme med tilbod og etterspurnad. Lov og forskrift om elsertifikat innebar ein endring frå ein direkte stønad til ei støtteordning som vil tilfalle alle vindkraftprodusentar og som i storleik vil kvile på mekanismar for tilbod og etterspurnad. Produsentar av fornybar energi som er bygd nyleg eller skal byggast dei nærmaste 20 åra, får elsertifikat etter kor mykje straum dei produserer. Alle som sel straum til forbrukarar er pliktige å kjøpe slike elsertifikat i samsvar med den mengda straum dei sel, og utgifta til dette kjøpet vert lagt på straumrekninga til sluttbrukaren. Ein vindkraftprodusent vil då motta ei viss mengd elsertifikat som kan seljast vidare til straumleverandørane. Prisen på desse sertifikata er tenkt å stige med auka forbruk, då dette gjev auka etterspurnad etter ei avgrensa mengde sertifikat, og ein håper å stimulere til utbygging som er i takt med utviklinga i forbruket. Når støtteordninga no er basert på ein marknad av elsertifikat, gjer dette at vindkraftsakene vil ha innslag av fleire økonomiske element. Også *Energilova* (1990) med forskrifter tek delvis utgangspunkt i ein marknadslogikk, og føreset vurderingar av kraftutbyggingar ut frå både marknadsmål, og ut frå «industriell» mål. Difor vil kraftverka også verte vurdert ut frå mål på økonomisk verdi.³¹

Informanten seier då også at anlegga som vert gjevne konsesjon, må ha ei viss forventa lønsemrd for at systemet skal fungere. Difor vil NVE prioritere dei lønsame prosjekta. Avgjersla til NVE dreier seg altså om å tilretteleggje for ein velfungerande marknad. Ein marknad som i neste omgang skal fungere som ein mekanisme for å sikre ein rasjonell produksjon av energi. Difor er NVE sine marknadsvurderingar berre gjort som eit ledd i ein samfunnsøkonomisk logikk, innanfor ein industriell verdiorden. Og nettopp den totale samfunnsøkonomien er den grunnleggande grunngjevinga som går att i NVE sine rettferdiggjeringar i både vedtaksdokument og utsegn i

30 *Lov om elsertifikat* (2011) er eit nytt verktøy for å oppnå forpliktelsar som Noreg har teke på seg gjennom *fornybardirektivet* (2009), EU-direktivet for bruk av fornybar energi. Her er det lagt opp til at Noreg skal ha ein andel av fornybar energi 67,5% (dagens andel er på 62%) innan 2020. Direktivet avløyser ein del tidlegare mål om produksjon av fornybar energi, m.a. 30TWh-målet som er referert til å nokre av sakspapira.

31 *Energilova* (1990) gjekk gjennom ein større revisjon i 1990 der energiproduksjonen i Noreg vart deregulert ut i ein marknad der produsentane vart ståande fritt til å selje energien sin slik dei ynskja. Sentralnettet som sørger for fordeling av energien er, saman med løyva til å produsere energi, under statleg kontroll, men kjøp og sal av straum er no meint å vere styrt av «marknaden».


intervju. Her kan det sjå ut til at NVE ikkje meiner at marknadsaktørane sjølv handlar på ein måte som sikrar ein god samfunnsmessig disponering av kraftproduksjonen, men set seg sjølv opp som «større» subjekt.

Sertifikatmarknaden og dereguleringa av energimarknaden la på mange måtar til rette for at marknadsbaserte verkemiddel skulle ta ein større del av styringa over norsk energipolitikk, men i analysen av vedtaket på Sleneset ser me at NVE tolkar lovverket slik at dei skal handsame konsesjonssakene på ein måte som sikrar ein samfunnsøkonomisk produksjon. I samsvar med *energilova* (1990) sitt føremål. Lovverket, NVE sin forvaltning av lovverket og grunngjevingslogikken bak vedtaka er då med på å gjere marknadsvurderingar, marknadsmessige prov og verdige marknadsobjekt relevante innanfor rammene av ein samfunnsøkonomisk logikk eller ein industriell orden.

6.3.3 NVE sine rettferdiggjeringar - Eit kompromiss

Gjennom analysen av dei to vedtaka som NVE fatta i casa på Lista og Sleneset, har me sett korleis NVE bygger sine vedtak rundt ein industriell logikk som innlemmar ein marknadsmessig logikk. Desse måtane å vurdere og rettferdiggjere på heng også tett saman med utforminga av det relevante lovverket. NVE er ansvarleg for å forvalte energilova og lov om el-sertifikat, ei lov som føreset at legitimeringsmodellen til NVE er plassert i ein industriell-marknad orden. Lovverket sin betydning gjer at legitimeringsmodellen også må romme ein kollektiv orden, ei kopling som også vert aktuell ved at NVE som statleg direktorat er relevante personar i den kollektive orden. Tidlegare har eg peika på korleis lovverket kan legge opp til ulike verdsetjingsprinsipp, og gjennom diagrammet under har eg forsøkt å synleggjere korleis NVE rettferdiggjer sine handlingar innanfor eit system av verdiordenar. Innanfor rammer av lovverk, grunngjev NVE sine vedtak med ein total samfunnsøkonomi som tek inn alle verdiar i vektinga, men der det industriell/marknads-vurderte kraftverket vert ståande i sentrum. Figuren forsøker å vise korleis alle omsyn vert omsett til den industrielle/marknadsmessige logikken som er sett i kompromiss med det kollektive lovgrunnlaget. Grunnlaget for denne omsetjinga er ekspertisen som ligg i NVE samt konsekvenssetjingane frå konsekvensutgreiingane.

Fig 6.1. NVE sine rettferdiggjeringar



Figuren viser at kjernen i rettferdiggjeringane til NVE ligg i eit kompromiss mellom den industrielle (med element frå ein marknadsorden) og den kollektive verdiordenen. Samlede tema, objekt og subjekt, også det som i høyringsfråsegrer er vorte verdsett i andre verdiordenar, vert av NVE verdsett i logikken danna av kompromisset mellom den industrielle og den kollektive verdiorden.

Samstundes kan ein sjå av figuren at kommunal avgjersle er med som ein eigen boks, delvis plassert i ein kollektiv orden. Grunnen til dette er at NVE sine tilsette i intervju uttrykker at kommunen

alltid får medhald av OED dersom dei er mot planane, og dette vert då eit avgjerande om enn litt uavklart element. Kommunen si innstilling er heilt avgjerande, då eit negativt vedtak i kommunestyret er lik eit avslag.

I: [...] Og så har vi i tillegg det som ikkje klinger så bra da. Det er å si ja til nei kommuner. Det går ikke. Det får du aldri støtte for. De vinner alltid fram i klagen.

Difor er det også svært viktig å forstå kommunen som ein sentral aktør, om ein skal forstå den rettferdigjerrande argumentasjonen i dokumenta. Med dette ynskjer eg å leie merksemda mot kommunale politikarar som potensielle lesarar av dokumenta i saka. Melding, søknad og truleg fleire høyringsfråsegn er dokument som vil hamne i posten til kommunestyrepolitikarar, noko som vil gjere det rimeleg å anta at dei best informerte dokumentforfattarane vil legge fram argument mynta både på NVE og på kommunepolitikarar. Difor er det rimeleg å setje fram ein hypotese om at lokale saker vil kunne få ein større betydning i argumentasjonen til dei andre aktørane, enn om saka utelukkande var sentrert om NVE sine vurderingar.³²

6.4 Kritikk av NVE og deira modell for rettferdigjering

No har me etterkvart nærma oss kjernen i høve til rettferdigjeringane. Etter å ha forstått korleis NVE grunngjev sine vedtak og prioriteringar, er det mogeleg å sjå korleis dei andre aktørane set NVE sine rettferdigjeringar under kritikk gjennom klagesakene. Begge sakene eg har sett på vart klaga inn til OED. På Lista vart konsesjonen påkлага av kraftverkmotstandarane, medan utbyggaren på Sleneset påkliga avslaget.

Lista

NVE gav altså konsesjon til kraftverket på Lista, og NVE sin vurdering vart sterkt kritisert i klagane som kom inn. Klagane som kom inn var sentrert omkring seks sentrale tema³³ som vart teke opp av dei ulike aktørane. Mange av aktørane tek opp fleire tema i same klagebrev, og eit og same tema vert av ulike aktørar gjort relevant på ulike måtar. I tabellen under kan ein sjå korleis omsynet til dei seks tema er underbygga (første kolonne), og korleis eg har kategorisert argumentasjonen i høve til dei ulike verdiordenane (andre kolonne).

32 Andersen (2007:119-120) har vist at politiske aktørar vil kunne bygge ein argumentasjon som er tufta på ei rekke forskjellige verdiordenar, og som også kan vere strategiske utspel.

33 Eg har føreteke denne tematiseringa på bakgrunn av ein analyse av klagane, der dei kondenserte klagane er sett opp i ein tabell etter kategorisert etter hovudargument. Desse i neste rekke er vorte spissformulert av meg sjølv, og sett som overskrift for dei seks tema.

Tabell 6.1

<p>Verdifullt landskap, kulturlandskap og rekreasjonsområde</p> <ul style="list-style-type: none"> • Sentrale og regionale myndigheter og organisasjoner går mot prosjektet. Eksempelvis at Fylkesmannen omtala Lista-halvøya som eit av dei mest verdifulle naturområda på Sørlandet. • Konsesjonen er eit brot på avtaler: Den europeiske landskapskonvensjonen, retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftverk og verdsarvkonvensjonen. Planane vil redusera INON-områder. • Svake utgreiingar. Metoden for utgreiing av landskap er særleg kritisert, og ein høyningspart har laga eigne 3D-modellar for eit spesielt området for å syne dei visuelle effektane. • Verdien av landskapet er for lite vekta i avgjersla • Konsekvensutgreiing viser planområdet som eit unikt område av internasjonal verdi. • Området er eit verdifullt kulturlandskap, mykje brukt som rekreasjonsområde for allmennheten. Stillhet og urørt natur er ein viktig ressurs. 	kollektivt Industrielt Inspiret
<p>NVE fasiliterer ein därleg prosess</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE overser og motseier seg høyningspartane sine innvendingar. • Konsesjon vart tildelt før kommunen hadde realitetshandsama reguleringsplanen, samstundes som at NVE hadde opplyst at det var lite sannsynleg med konsesjon dersom kommunen ikkje vedtok reguleringsplanen. Dette har gjeve unødige føringar for kommunepolitikarane. • Det er gjort sakshandsamingsfeil, då planområdet er vorte utvida undervegs. 	kollektivt
<p>Grunneigarar er mot prosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grunneigarane til meir enn halvparten av areala i planområdet er mot kraftutbygging. Motstanden kjem trass i løfter om økonomisk kompensasjon. 	Domestisk
<p>Omsynet til artar, miljø og økosystem</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert ikkje teke omsyn til dyr og planter og særleg rovfuglen i området. • Planområdet er habitat for trua dyre- og plantearter er oppført på Bonnkonvensjonens lister. Fugl er særleg viktig då det er registrert 118 fuglearter, der 22 av dei er truga artar. • Andre instansar trekker meir negative konklusjonar for miljøverknader enn KU, og utgreiinga av fugl er metodisk svak, for snever og basert på mangelfullt referanseomateriale. Dette har medført at sentrale miljøverdiar og viktige, nasjonale og internasjonale miljømål er sett til side. 	Grønt kollektivt Industrielt
<p>Andre næringsaktørar vil tape</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vindkraftverket vil foringa området for turistar. Turistnæringa vil difor tape verdiar. • Planar om vindkraftverk langs kysten fører til investeringsstopp og verdifall på eigedomar. • Vedtaket må ta omsyn til at bruksverdi og økonomisk verdi av eigedomar ikkje vert rasert. 	Industriell/ marknad
<p>Samfunnsøkonomien er därleg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er ein økonomisk risiko ved etablering av vindkraft i Norge pga teknologiske problem, og skatteinntektarane bør ikkje subsidiera dette. • Ekspertar har uttalt at Norge har ugunstige vindtilhøve for vindkraftverk. • Planane om Lista vindkraftverk er ikkje sett i samanheng med andre planlagde vindkraftverk i landsdelen, eller anna arealplanlegging. • Netto energiproduksjon frå vindmølleparken er marginal i høve til belastninga på miljøet. • Vindkraftverket auke risikoen for forureining av drikkevasskjelde på Lista. • Internasjonale trendar viser at vindkraft avskaffast til fordel for mellom anna bio- og solenergi. 	Industrielt/ kollektivt Opinion

Omsyn til landskapet og kulturmiljøet vart ein av hovudgrunnane for motstand mot kraftverket på Lista, og dette temaet er teke opp av langt på veg dei fleste aktørane inkludert fylkeskommunen og store interesseorganisasjonar som DNT og NMF. Av tabellen kan me sjå at industrielle og kollektive kritikkar vert retta mot NVE si avgjersle, og deira vurdering av landskap og kulturmiljøverknadene som akseptable. Kritikkane retter seg mot å (kollektivt) vise til korleis lover, avtaler og uttaler frå offentlege instansar plasserer kraftverket som svært øydeleggande for det politisk prioriterte landskapet, og å (industrielt) vise korleis avgjersla bygger på for dårlig eller feil ekspertkunnskap. Nokre aktørar forklarer også korleis landskap og natur er eit gode for mennesket som søker inspirasjon. Den kollektive og industrielle kritikken av NVE si avgjersle er ein korrigerande kritikk som kan relaterast til modellen for NVE sine avgjersle, og ein slik kritikk hevdar at NVE har bygga si avgjersle på feil lovgrunnlag og feil ekspert/vitskapeleg kunnskap. Denne modellen for kritikk er svært lik den som vert framsett med bakgrunn i temaet artar, miljø og økosystem. Her viser ein også til usemje om kunnskapen, samt andre lover, avtaler og offentlege instansar, for å vise at konsesjonen er feil avgjersle

I høve til dei andre tema ser me at det vert fremja korrigerande kritikkar av NVE ved å (kollektivt) hevde at prosessen fram til vedtaket er dårlig eller ulovleg, og at NVE har (industrielt) feilvurdert samfunnsøkonomien i kraftutbygginga ved ikkje å ta omsyn til teknologiske problem med vindkrafta og skadeverknadene på andre næringar. I tillegg kjem det ein tydeleg radikal (domestisk) kritikk som baserer seg på interessene til grunneigarane. I denne samanheng vert NVE kritisert for å ikkje å ta omsyn til verdien av eigedomar til næringsaktørar og viljen til dei som bur og er grunneigarar i området. Her er altså kritikken retta mot å vise at den industrielle vurderinga ikkje tek omsyn til at mange av grunneigarane ikkje ynskjer kraftverket på sin eigedom.

Sleneset

På Sleneset vart klagesaka noko meir oversiktleg, då ein her berre hadde ein påklagar, utbyggaren. Klagen dreia seg i all hovudsak omkring eit tilhøve, NVE sin berekning av lønnsomheita til kraftverket.

Tabell 6.2

Kraftverket er lønsamt	<ul style="list-style-type: none"> • NVE sine utrekningar av kostnader og inntekter er feil. Kraftverket vil verte billegare å bygge, og meir lønsamt å drive enn det NVE legg til grunn i sitt vedtak. • NVE er ingen marknadsaktør og er ikkje i sin rett til å vurdere innteningspotensialet til kraftverket. • • NVE har brote lovverket gjennom sin vedtaksprosess • NVE tek ikkje omsyn til politiske føringar om auka utbygging av fornybar energi. 	Marknad kollektivt
-------------------------------	--	-----------------------

NVE sitt avslag til NNV var grunngjeve med at økonomien i prosjektet gjorde det samfunnsøkonomisk ugunstig. Måten avslaget vert presentert på, gjennom ein tabell som viser at kraftverket ikkje vil vere lønnsamt, gjer at grunngjevinga lett kan oppfattast som marknadsmessig, og akkurat her finn ein kjernen til kritikken som vart fremja i klagen på vedtaket. Me har allereie sett korleis sakshandsamarar i NVE, som fagleg ekspertise, er relevante subjekt i industrielle legitimeringar. I ein rein marknadsorden derimot vil ein kunne setje spørsmålsteikn ved deira relevans, noko NNV også gjer:

Samtidig fremstår NVEs konsesjonsvurdering som en ren bedriftsøkonomisk øvelse. NVE har anslått kostnadene i prosjektet og forventet produksjonsnivå, og deretter gjort en beregning av inntjeningsbehov for vindkraftparken. Dette kostnadsnivået per produsert kWh fremsettes så som eneste begrunnelse for avslaget på konsesjonssøknaden.

Som kjent la introduksjonen av energimarkedet ved energiloven til grunn at de rent bedriftsøkonomiske vurderinger og risikobetraktninger knyttet til ulike kraftprosjekter tillå konsesjonssøkerne å vurdere.

(dok.nr.200703860-60/vedlegg:11)

NNV meiner at energilova plasserer økonomiske vurderingar av prosjektet i ein marknadsorden. Gjennom ein test kan aktørar klargjere situasjonen og luke ut uverdige eller irrelevante subjekt og objekt (Boltanski og Thévenot, 2006:138). NNV set her opp ein marknads-test på situasjonen, og finne vedtaket til NVE urimeleg då dei kan hevde at NVE sine vurderingar er bygga på ei argumentasjonsrekke med «beings» frå feil verdiorden.

6.5 Kvifor konflikt?

I starten av dette kapitelet såg me at det gjennom sakene vart nytta ei rekke ulike verdiordenar for å rettferdigjere eit standpunkt, samstundes som det er mange konkrete effektar og tema som er vurdert som viktige i samband med konsesjonshandsaminga. Analysane syner vidare at NVE nyttar

ein modell for rettferdiggjering som støtter seg på lovverket og den kollektive ordenen, og som er sentrert rundt ein industriell og delvis økonomisk logikk for verdsetjing. Klagene kjem først og fremst som korrigeringar innanfor NVE sin rettferdiggjerande modell, medan eit fåtal klager meiner NVE sine legitimeringar er radikalt feil, altså basert på feil verdiorden.

6.5.1 Industrielle-kollektive rettferdiggjeringar og kritikkar i sentrum

NVE sin industrielle og kollektive logikk i rettferdiggjeringane er noko som mange aktørar forheld seg til som rette rammer for verdsetjing. Særleg i klagesakene ser me at aktørane i stor grad knyttar kritikken av avgjersla opp mot det kollektive, det industrielle eller det marknadsmessige. Å nytte same vurderingsrammer som NVE kan sjå ut til å vere ein kritisk kompetanse som gjer at aktørane i større grad ville verte teke på alvor av. I høyningsfråsegn som nytter andre rettferdiggjeringar enn dei kollektive, industrielle eller marknadsmessige, vil aktørane kunne ende opp med å nytte legitimeringar som eksplisitt vert avviste av NVE som irrelevante. Noko som er tilfellet med bruken av dei inspirerte kjenslene:

J: [...]Men, men når man behandler en konsesjonssøknad, så må man liksom skille mellom hva jeg føler om at en havørn blir drept, det syns jeg er kjempe trist. Og det er brutal, men det jeg må tenke på er bestanden. Kan de målene som naturmangfoldsloven har sett for Norge, opprettholdes med et vindkraftverk i det området.

Her kan me sjå at sakshandsamaren trekker ein grense mellom dei forståelege, men irrelevante (inspirerte) kjenslene vekka ved tanken på døde fuglar, og naturmangfaldslova sine (kollektive) mål for den (industrielt) talfesta bestanden. Sakshandsamaren i NVE omtaler både her og ved andre høve at kjensler er nok utanfor deira vurderingsområde, og difor ikkje relevant informasjon for avgjersla. Me kan også sjå ei liknande avvising av dei domestisk-inspirerte rettferdiggjeringane som er kopla til tilknytinga til sitt eige nærområde:

L: Skal man gjøre et eller annet så har folk ulike oppfattninger av det. Og på et sted hvor man bor så er man følelsemessig tilknytet. Man er subjektiv part i saken, da. Og det skal man jo selvfølgelig ha respekt for og forståelse for, men det kan jo ikke vere styrende for hvordan vi jobber i NVE


Subjektivitet er ikkje legitimt grunnlag for prov i ein industriell verdiorden (Boltanski og Thévenot, 2006:205), og den subjektiviteten som kan knyttast til dei lokale og store personane i den domestiske orden, er difor avvist av NVE som noko som ikkje kan «vere styrande» for

korleis NVE arbeider. Datamaterialet kan altså syne oss at NVE rettferdiggjer med bruk av ein argumentasjon som er tufta på eit kompromiss mellom kollektive og industrielle rettferdiggingar. Vidare avviser dei, i intervju, eksplisitt nokre av elementa i dei andre verdiordenane. Og me kan sjå vidare ein samanheng mellom dette og at det særleg i klagane, når kritikken spissar seg, er ein overvekt av kritikkar som bygger på nettopp dei same logikkane for rettferdigging som NVE gjer. Ein kan, slik eg har vore inne på, tolke dette som at aktørane som utøver kritikk i klagesakene er kompetente og kjende med NVE sitt syn på kva som er relevant informasjon, og difor ikkje tilbøyelige til å bruke, inspirerte eller domestiske rettferdiggingar. Resultatet er iallefall at mykje av det kritiske arbeidet som går føre seg i sakene er av ein korrigerande art, og ein kunne kanskje vente at dette ville gjere det lettare å nå ein semje, enn om aktørane opererte med (radikalt) ulike rammer for korleis sakene skulle vektast. Både informasjon frå intervju, sakspapir og gjennom informasjon på NVE sine nettsider (NVE 2011), kan ein sjå at avgjerslene til NVE vert påklaga i påfallande høg frekvens, og eg vil hevde at NVE sine rettferdiggingar er med på å opne opp for ei rekke ulike kritikkar.

6.5.2 NVE sin modell for rettferdigging opnar for endelaus kritikk

Gjennom handteringa av dei samansette argumenta for og mot kraftverka, maktar ikkje NVE å skape brei legitimitet for sine vedtak. Avgjersler basert på kompromiss mellom verdiordenar, slik som NVE sine avgjersler, kan vere tvetydige i sin rangering av kva som er relevant informasjon, objekt og subjekt. Kompromissa leverer ikkje eit eintydig svar på kva prinsipp ein skal legge til grunn i rangeringane, og kan difor ende opp i endelause testar av kva som vil vere rett avgjersle (Boltanski og Thévenot 2006:283). I eit kompromiss mellom det industrielle og det kollektive er det ikkje utan vidare gitt at produksjonsestimata skal viast ein større plass enn prioriteringar i naturmangfaldslova. Og i eit kompromiss mellom marknaden og det industrielle kan ein med rette krangle om det er produsentar eller ekspertar som kan leve dei mest relevante vurderingane. Her kan ein tenkje seg at NVE sine avgjersler ville vere enklare å rettferdiggjere og få ein mindre komplisert kritisk matrise dersom avgjersla var forankra i ein verdiorden. Men det er heller ikkje ein enkel sak å skulle sjå for seg ei semje i vindkraftsaker, verken innanfor rammene av den kollektive eller den industrielle verdiorden. Kritkken av NVE er presentert i figur 6.2.

Fig.6.2



NVE vert kritisert korrigerande ved at aktørar hevder dei (A) ikkje tek omsyn til relevant lov- og avtaleverk, og (B) ved at dei ikkje har basert vedtaka sine på godt nok kunnskapsgrunnlag.

Samstundes fins det ulike former for radikal kritikk der NVE vert kritisert for å (C) ikkje bruke rette verdiordenar for å verdsetje tema som er oppe til vurdering. Me skal då rette merksemd mot korleis denne usemja tek form.

Lovverket opnar for at vindkraftsaker skal vurderast i høve til fleire ulike verdiar. NVE skal ikkje berre ha *energilova* (1990) i hovudet i sakshandsaminga. Vindkraftverk kan verte trekt inn for vurderingar frå ei lang rekke lover og avtaler. NVE (NVE 2009) sjølv opplyser om følgjande lover som vindkraftverk må vurderast i høve til:

- (1) *Plan- og bygningslova* (2008) regulerer byggjesaker, slik at dei er samordna etter ulike offentlege krav og regelverk. Vindkraftsaker over 10MW effekt skal meldast og utgreiaast i høve til vesentlege verknader for miljø- og samfunnsinteresser.
- (2) *Naturmangfaldslova* (2009). Denne har som føremål å ta vare på biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald. Lova skal leggast til grunn ved offentlege avgjerder, og i vindkraftsakene vert lova ivaretake mellom anna av Direktoratet for naturforvaltning sine innspel til prosessen, og ved at NVE er pliktig å gjere vurderingar med utgangspunkt i lova sitt føremål. Lova opnar for vurderingar etter eit nytt verdisystem ved å etablere vindkraftsakene som naturvernsaker.
- (2) *Kulturminnelova* (1978) skal verne om kulturminner og kulturmiljø og er viktig i den forstand at den opnar for at sakene vert kulturminnesaker. Ansvarleg mynde er riksantikvaren (RA).
- (3) *Forureiningslova* (1981) skal verne mot forureining og gjer det, gjennom forskrifter om grenseverdiar for støy, mogeleg å definerer vindkraftsaker som støysaker.
- (4) *Oreigningslova* (1959) omhandlar oreigning av eigedom til gjennomføring av prosjekt slik som vindkraft. Gjer sakene relevant som eigedomssaker.

Gjennomgang av både høringsfråsegn og klager syner at desse lovene vert nytta til å grunngje ulike standpunkt, men me kan og sjå at ei rekke andre lover og reglar vert referert. Gjennom vidare analysar av klagane som vart fremja i dei to casa, kan det sjå ut som om dette samansette lov- og avtaleverket vert nytta på eit vis som syner at det her ligg eit uavklarte tilhøve mellom ulike verdsetjingar. Konfliktar som opnar for ulike tolkingar og korrigerande kritikkar innanfor ein kollektiv verdiorden. Høringsfråsegn, søknad, vedtak og klager baserer seg alle på ulike tolkingar

av lovverket, noko som gjer at rommet for rettferdiggjérande argumentasjon i vindkraftsakene ikkje utan vidare kan baserast på ein kollektiv logikk. Ei slik spenning er heilt sentral for å forstå kritikken og den vedvarande usemja som eksisterer i sakene. Det ser altså ut til at ei «kollektiv semje» er vanskeleg å nå så lenge ein ikkje kan referere til ei overordna politisk prioritering av dei ulike tema som ein meiner skal telje i dei ulike sakene. Ulike aktørar refererer til eit sett med lover som skal gje legitimitet til akkurat deira standpunkt, utan at ein når konklusjon vedrørande kva lovverk som er det mest «verdige». Denne konflikten som også vedvarar mellom ulike offentlege instansar (store kollektive subjekt) peiker på at ein har eit grunnleggande problem med å komme med stødige kollektive semjer, og ein kan difor tenkje seg at konfliktane kunne vorte endra om det eksisterte ei politisk prioritering av kva tema som skal vektast tyngst. Politiske organ vil, gjennom sitt mandat som folkevalde, bestå av «større» kollektive subjekt, og kan difor skal leve meir legitime kollektive prioriteringar enn NVE. Låg det føre eit politisk dokument som omtala korleis kulturminner og vindkraft skulle prioriterast, kunne ikkje NVE like lett klagast inn for sakshandsamingsfeil på grunn av deira skjønnnsbaserte vekting. Men, om slik detaljstyring er fornuftig å vurdere vil eg ikkje uttale meg meir om her. Eg vil nøye meg med å fastslå at lovverket er for fleirtydig til å kunne verte nytta til å nå eintydige kollektive rettferdiggjeringar av standpunkt i vindkraftsaker.

Den lovmessige eller kollektive bakgrunnen for NVE sine rettferdiggjeringar er likevel tydeleg nok for NVE, men den er noko komplekst samansett, og ein av sakhandsamarane meiner konflikten kan springe ut frå manglande forståing av NVE sine politiske føringer:

I: Det tror jeg det er veldig få som har forståelse for. Det er bare hvis en jobber med det. For det er som en tung sak. Det får ikke noe plass i nyhetsbilde.[...]Men det begynner å single inn, da, i politske organer at Norge har forplikta seg. Og når Norge har forplikta seg så må disse produksjonsanleggene vere et sted. Og det stedet det skal være de beste prosjektene, eller så blir de ikke bygd.

NVE meiner å handle på bakgrunn av ein politisk prioritering som gjer at dei må vektlegge økonomisk lønnsame og produksjonseffektive kraftverk. Prioriteringskriteria for kva som er «gode» prosjekt, kjem tydeleg fram i rettleiarar som NVE sjølve har lagt ut på eigne nettsider (NVE 2008). Samtlege av desse har som premiss at vindkraft treng gode vindtilhøve: «Gode vindforhold er en avgjørende forutsetning for å etablere et vindkraftanlegg som økonomisk og produksjonsmessig er et godt prosjekt» (Olje- og Energidepartementet og Miljøverndepartementet 2007:9). Dette verkar

sjølv sagt og er kanskje ikkje verd å dvele lenge ved, men det er på sin plass å vise at vindkraft i stor grad vert plassert som eit teknisk fenomen (innanfor ein industriell verdiorden), og ein kan samanlikne dette med korleis vindkraft er vurdert i høve til miljøproblem:

Alle former for produksjon og overføring av energi medfører miljøvirkninger og konfliktar med andre hensyn. Dette betyr at negative virkninger må aksepteres, men det er et mål at virkningene av energisystemet samlet sett, og av enkelprosjekter, ikke er større enn nødvendig. (ibid.:8)

Vindforholda er ikkje gode overalt, medan miljøverknadene vil vere dei same i alle prosjekt. Oppsummert kan ein difor seie at hovudvurderinga må ligge på å finne områder der det er best mogleg vind:

Målsetningen om lavest mulig miljø- og samfunnskostnader per kWh tilsier at vindkraftutbyggingen generelt bør konsentreres om større anlegg hvor det er gode vindforhold, hensiktsmessig infrastruktur og hvor konflikten med andre viktige hensyn er akseptabel.
(ibid.:8).

Målet er altså at reknestykket av positive verknader, som er talet på produserte TWh, minus kvalitativt vurderte negative verknader, skal gå i pluss. Me ser umiddelbart allereie her at dette reknestykket er av den mindre absolutte sorten, då dei positive og negative verknader må vurderast etter ganske ulike logikkar. Men denne samfunnsøkonomiske vektinga føreset at NVE gjer industrielle rettferdiggjeringar når dei fattar sine vedtak. Men, den industrielle verda er, delvis på grunn av det manglande samsvaret mellom vektinga av presist kvantifiserbar energi og miljøverknader, heller ikkje ein tilstrekkeleg arena for å nå semje, eller å sluttføre konfliktane omkring dei konkrete vindkraftplanane. Denne uløyste industrielle usemjua kan provast empirisk ved å vise til dei mange kritikkane og den verdvarande usemja som kva som er rett kunnskap eller god nok kunnskap til å kunne rettferdiggjere eit standpunkt. Eg vil i neste kapitel (7) diskutere usemja om kunnskapsgrunnlaget for sakshandsaminga av dei to vinkraftcasa.

7 Analyse del 2 - Om utgreiingane

Kapitel 7 synte at det som kan kallast industrielle verdsetjingar (Boltanski og Thévenot 2006) av vindkraftverka er heilt sentralt i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sin sakshandsaming, og ein kunne sjå at fleirtalet av innspel bygga på argumentasjon innanfor same verdiorden. Ein slik type argumentasjon og verdsetjing innebar at vitskapelege rapportar, resultat frå utgreiingar og ekspertuttaler var i sentrum for å teste kva som var det riktige utfallet. Trass i at NVE og eit fleirtal av aktørane på begge sider av saka nytta samfunnsøkonomiske, vitskapelege, fagleg objektive og ofte talfesta vurderingar av dei ulike tema, vert ikkje kritikken slutta og meiningsmotstandarar overtydd. Konflikten dreier seg altså mellom anna om ein konflikt om kunnskapen som ligg til grunn for sakshandsaminga. Ekspertkunnskapen og utgreiingane er sentrale prov i ein industriell orden (Boltanski og Thévenot, 2006:206), og i dette kapitelet skal eg gå nærmare inn på rettferdiggjeringane og kritikkane som baserer seg på slik form for kunnskap.

Analysen av kunnskapsgrunnlaget vil ta utgangspunkt i analyser av bruken av konsekvensutgreiingane (KU) i dei industrielle rettferdiggjeringane, då KU er det lovfesta kunnskapsgrunnlaget i alle større vindkraftsaker. *Plan- og bygningslova* (2008) er grunnlag for *Forskrift om konsekvensutgreiingar* (2009), ei forskrift med føremål å ta omsyn til miljø og samfunn i planlegging og gjennomføring av byggetiltak, slik som vindkraftutbyggingar, som lovfestar utgreiingar av større byggeprosjekt. Som me har sett, vart likevel ikkje KU utan vidare akseptert som rett grunnlag for avgjersle i dei to casa. Og i begge tilfelle såg me at resultata frå KU leia til ulike tolkingar av kva som var rett avgjersle. Difor vil eg vise kva sider ved utgreiingane som vart omdiskutert, i kva grad kunnskapsgrunnlaget vart legitimt som prov i ein industriell orden og korleis dette verka inn på avgjersle og klager.

7.1 Skaper KU instituttet legitimitet i ein industriell orden?

Analysen av korleis aktørar nytter ekspertkunnskap i sine rettferdiggjeringar, er inspirert av ein vitskapssosiologisk tradisjon som vart kort presentert i kapittel 2. Her viser eg til fleire studiar som har peika på at vitskaben har eit problem med å handtere gapet mellom idealet for kva vitskaben skal bringe på banen i politiske spørsmål og kva den faktisk klarer konkludere med (Sarewitz 2004, Yearley 2005, Wynne 1996, Hulme 2009). Vitskaben er ofte å bringe på banen sikre, sanne, utvetydige og verdifrie svar, noko som kan leie aktørar til å føretrekke metodar prega av ein

mekanisk objektivitet. Særleg forvaltning og avgjersler i det offentlege byråkratiet kan lettare verte legitimert gjennom bruk av objektive kvantitative metodar (Porter 1995). Metodar som kan verke objektiverande og difor vekke tillit til vitnemåla frå den personen som har nytta slike metodar for å produsere kunnskap. Men det er ikkje gjeve at slik kunnskap kan bringast på banen, ei heller at den vil verke overbevisande. Ein kan altså tenkje seg at kunnskapsproduksjon-praksisar både kan vere kjelde til legitimeringar og konflikt. Den følgjande analysen vil forsøka å sameine perspektiv frå kunnskapssosiologi med ein teori for rettferdiggjeringar, noko som flyttar merksemda over på å forstå ekspert- eller vitskapeleg kunnskap sin posisjon i aktørane sin oppbygging av rettferdiggerande argumentasjon.

Tabellen under syner ei oppsummering av utgreiingsmetodikk og kritikkar for samlede tema i dei to casa.

Tabell 7.1

Lista

	KU-program/krav i metodelitteratur	Kritikk av kunnskapsgrunnlag
Naturmiljø	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksisterande dokumentasjon, feltbefaring og kontakt med lokalbefolkning, myndigheter og organisasjoner. • Referanselitteratur og metode for registrering av artar er gjeve i T-1177. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Naturmiljø og påverking på dette skal skildrast. • Rapporten skal skiljast mellom fakta og vurderinger og formidla kva kriterier som er tillagt vekt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Usikkerheit i estimata av konsekvensar. • Kvalitative verdiar taper mot talfesta økonomi. • Konsekvensgraden vert for låg. • Mangelfull datainnsamling • Feil/manglar i bruk av referanselitteratur • Feil val av teoretiske modellar • Irrelevante/ feilaktige påstandar.
Kulturminner Landskap Friluftsliv	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksisterande dokumentasjon, feltbefaring og kontakt med lokalbefolkning, myndigheter og organisasjoner. • Referanselitteratur og enkelte arkeologiske metodar er nevnt i T-1177. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminna skal skildrast, og landskapet skal skildrast og illustrerast. 	<ul style="list-style-type: none"> • Konklusjonar er ikkje underbygga av truverdige data. • 3D modellering er ikkje nytta. • Manglande arkeologiske undersøkingar • Bruk av skjønn/subjektivitet svekker truverd. • Fleire sider ved friluftslivet må utgreiast • Feil i datainnsamling/ målingar • Feil referansepunkt i terrenget • Feil konsekvenssetjing • Feil skjønnsvurdering av landskapets verdi.
Reiseliv	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Statistikk frå SSB og kvantifiseringar av verknader for næringsverksemd er tilrådd. • Enkelte økonomiske planleggingsmodellar er nevnt. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensar for reiseliv og turisme skal drøftast. 	<ul style="list-style-type: none"> • Visuelle verknader er ikkje subjektivt. • Økonomiske tap er ikkje godt nok talfesta. • Området for utgreiing er for lite. • Manglar i KU, for lite utgrei • Uryddig presentasjon i KU • Feil føresetnader og manglande bakgrunnsmateriale.
Støy	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Støy vert berekna ved hjelp av kartopplysningar, måling av eksisterande bakgrunnsstøy og dataprogram. Bruk av modell gjeve i statlege retningslinjer (TA – 506). • Tilrådde rettleiarar og referansar er gjeve i T-1177. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det skal lagast eit støysonekart for vindparken som samsvarer med SFT sine retningslinjer 	<ul style="list-style-type: none"> • Usikkerheit og manglande kunnskap om dette. • Bruk av gjennomsnittsverdiar maskerer største verdiar. • Utgreiingar må ta utgangspunkt i MD sine retningslinjer
	Sleneset	
Naturmiljø	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eksisterande dokumentasjon, feltbefaring og kontakt med lokalbefolkning, myndigheter og organisasjoner. • Referanselitteratur og metode for registrering av artar 	<ul style="list-style-type: none"> • For svakt KU program. • Usikkerheit i konklusjonane. • Manglande kunnskapsgrunnlag. • For lite/ manglandefeltarbeid

	<p>er gjeve i T-1177.</p> <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Naturmiljø og påverking skal skildrast. 	<ul style="list-style-type: none"> Forteing av negative verknader KU viser anna konsekvensgrad for fugl enn det fagutgreiar har konkludert med KU manglar tabellar og resultat som er utgreia av fagpersonar
Kulturminner Landskap Friluftsliv	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Eksisterande dokumentasjon, feltbefaring og kontakt med lokalbefolking, myndigheter og organisasjonar. Referanselitteratur og arkeologiske metodar i T-1177. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kulturminna skal skildrast, og landskapet skal skildrast og illustrerast. 	<ul style="list-style-type: none"> For tynt utgreia. Feil møllestorleik er nytta i berekningane.
Reiseliv Anna næringsverks emd	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Statistikk frå SSB og kvantifiseringar av verknader for næringsverksemd er tilrådd. Enkelte økonomiske planleggingsmodellar er nevnt. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Konsekvensar for reiseliv og turisme skal drøftast. 	<ul style="list-style-type: none"> Turisme er ikkje teke med i opprinnleg KU-program og KU. Verknadene på turismen er usikre. Utgreiari har vore subjektiv i vurderingane og val av referansar. Utgreiari har forsøkt å manipulere intervjudata og har føreteke manipulerande utveljing av informantar. Feil referanseramme er sett.
Støy	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Støybereking med bruk av kartopplysningar, måling av bakgrunnsstøy og dataprogram etter ein modell gjeve i statlege retningslinjer(TA – 506). Andre rettleiarar og referansar er gjeve i T-1177. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Det skal lagast eit støysonekart for vindparken som skal samsvara med SFT sine retningslinjer 	<ul style="list-style-type: none"> Utgreiing av lavfrekvent støy manglar. Feil føresetnader i berekningar. Støyberekingane bygger på ein modell som ikkje er sett opp i tråd med retningslinjene Ekstern rapport vert nytta som motekspertise.
Fiskeri og maritimt naturmiljø	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Befaring og gjennomgang av referanselitteratur. Referanselitteratur og eksempel på metode for registrering av artar er gjeve i T-1177. Statistikk frå SSB er tilrådd, og T-1177 tilrår kvantifiseringar av verknader for næringsverksemd. Enkelte økonomiske planleggingsmodellar er nevnt. <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Skildring av området og dei næringsaktivitetane her. Vurdering av effekt av minka vassgjennomstrøyming. Vurdering av konsekvensen ved utlegging av sjökabel. 	<ul style="list-style-type: none"> KU program er for dårleg. Strømforhold er berre vurdert ikkje utgreia med vitskapeleg metode. Manglande vurderingstema Konsekvenssetjinga føreset avbøtande tiltak som ikkje er planlagt. Manglande datainnsamling.
Kraftforsynin g og samfunnsøko nomi	<p>Datagrunnlag, metode og referansar:</p> <ul style="list-style-type: none"> Målingar av produksjonsføresetnader og talfesting av kraftsituasjonen Statistikk og kvantitativ data om nettilhøve mm. Bruk av økonomiske modellar <p>Presentasjon i rapport:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kvantifiserte resultat 	<ul style="list-style-type: none"> Manglande skildring av netsituasjon, kostnader og tekniske løysingar Skildringane av driftsøkonomien maskerer røynda og lønnsomheten er ikkje skildra Manglar berekningar av overordna samfunnsøkonomi Ein aktør nyttar eigne berekningar som motekspertise

Jordbruk og reindrift	Datagrunnlag, metode og referansar: <ul style="list-style-type: none">• Kartverk og planverk Presentasjon i rapport: <ul style="list-style-type: none">• Skildring og klassifisering av jordbruket og areala.• Vurderingar av konsekvensar.	<ul style="list-style-type: none">• Tynne vurderingar/ lite djuptgåande• Kunnskapsgrunnlaget er tynt.
------------------------------	--	--

7.1.1 Kritikk av KU-programma og utgreiarane sitt arbeid

Både på Lista og på Sleneset var KU-programmet som var vedteke av NVE, under kritikk. Særleg på Sleneset var denne kritikken tydeleg, og det var i denne casen fleire aktørar som skulda dei mangelfulle utgreiingane på eit manglefullt KU-program og generelt på eit KU-institutt som ikkje fungerer slik dei meiner det bør gjere. I dei to casa som er analysert er det to konkrete aspekt ved KU-programma som særleg vart omtala. Først av alt er det (1) ei rekke aktørar som meiner viktige tema er vorte oversett. Slike klager krev utgreiingar av andre tema enn dei som er føreslått eller gjennomført. Denne andre typen kritikkar baserer seg på å vise at (2) KU-programma er for svake metodisk. For eksempel ved at fugletrekket er planlagt undersøkt over eit for kort tidsrom, at eit tema må utgreiast innanfor større geografiske rammer eller at det må gjerast ein breiare analyse av sekundæreffektar og totaleffektane av vindkraftverket.³⁴ Ein slik kritikk bygger i nokre tilfelle på påstandar om därlege erfaringar frå andre vindkraftsaker og må såleis sjåast som ein kritikk som også er retta forbi den konkrete casen og mot KU-praksisen, generelt.

KU-programma, NVE sine krav til utgreiingane, var sett på som for svake av nokre aktørar, medan utgreiingsarbeidet i seg sjølv også vart kritisert. Utgreiarane sitt arbeid vert her sagt å vere fagleg feil, og difor må me tolke det som ein påstand om at utgreiingane ikkje er legitimt som eit fagleg, industrielt prov. Utgreiingane av biologisk mangfald såg me i saka på Lista vart kraftig kritisert for å vere metodisk svak og innehalde nokre beint fram uriktige påstandar. Her vert utgreiingane hevda å vere frårøva legitimitet som relevante prov innanfor industrielle rettferdigjeringar ved å vere uriktige, og motekspertisen som kan vere ekspertar frå NOF, DN eller Fylkesmannen, kan levere dei rette prova. På Lista kom mellom anna NOF med ein svært krass kritikk av utgreiingane, der dei mellom anna viser til rapporten dei sjølve utarbeida:

I konsesjonssøknaden kapittel 6.4.6 blir det påstått at ingen rødlistete arter er påvist i det østligste planområdet. Dette er feil! Som påvist i oppdragsrapporten som NOF-LL overleverte til Origo miljø a.s. er det registrert hele 11 rødlistete fuglearter i dette området.

³⁴ Fleire av desse krava ville i følge infomantar i NVE drastisk endra tids- og kostnadsrammer for utgreiingane, og vert difor ikkje like ofte teke til fylgle.

På Sleneset kan me sjå eksempel på ein kritikk av utgreiingane av støy, på bakgrunn av avvik frå retningslinjer:

Det fremkommer av TA-2115 pkt 7.8.3 at det skal legges en driftstid på 290 dager eller 7000 timer til grunn for beregningene. For Sleneset er det lagt til grunn en driftstid på 6100 timer, noe som vil medføre en underestimering av støynivået.

(dok.nr.200301599-134:11)

Denne typen kritikk som er representert i dei to sitata over, bygger grovt sett på at data, metodar, analysar eller påstandar er feil. Ein svært eksplisitt fagleg korrigerande kritikk. For å framsetje ein slik kritikk må aktøren vise til ein form for mot-ekspertise. Ekspertar, som er store industrielle subjekt, og vitskapeleg kunnskap, som er relevante industrielle prov (Boltanski og Thévenot 2006), må bringast på banen av aktøren. Med utgangspunkt i eksempla over kan me sjå at enkelte aktørar sjølv kan tene som ekspertar. NOF vil som interesseorganisasjon for ornitologar vere relevant ekspertise på temaet fugl, medan fylkesmannen sine ulike fagavdelingar vil ha ei rekke områder der dei kan vere relevant ekspertise. Dersom ein manglar ein slik type ekspertise og kunnskap er aktørane nøydd å referere til andre personar og deira rapportar, noko som vert gjort av enkelte aktørar. I dei to casa ser me at fagleg spesifikk og detaljert kritikk i hovudsak vert nytta av offentlege organ og interesseorganisasjonar som NOF, fylkesmannen, MNF, NVF og fylkeskommunen. Ein slik fagleg kritikk ser då ut til å vera meir nærliggande for aktørar som sjølv kan skilte med ein form for ekspertise.

7.1.2 Kritikk av subjektive vurderingar

Eit breiare spekter av aktørar kritiserte delar av utgreiingane for å vere subjektive og skjønnsbaserte. Kategoriseringar som også diskvalifiserer utgreiingane som prov i ein industriell orden. På Lista såg me at kritikken av utgreiingane av landskap og friluftsliv var kritiserte for å vere uvitskapeleg. Med utgangspunkt i ein logikk som verdset det målbare og objektive, vart det nærliggande å ta tak i dei noko relativiserande skildringane i KU. Eksempelet er henta frå utgreiinga av friluftsliv og jakt:

Konsekvensutredning rundt friluftsliv og reiseliv er nesten flåsete. Det følgende sitatet står flere steder i utredningen om direkte berørte turstier: "Langs mesteparten av stien vil det være mulig å se vindmøller. Opplevelsen av disse møllene kan være både

nøytrale, positive og negative, alt etter hvem som opplever dem. Vingesus vil kunne høres flere steder langs flere partier av stien, men dette vil oppleves ulikt fra person til person.» Og ut fra dette konkluderer man med at det har "ubetydelig eller ingen negativ betydning". Har man her kastet krone eller mynt for komme frem til at det har "ubetydelig eller ingen negativ betydning"? Kunne ikke svaret her like gjerne ha vært "stor negativ betydning"? Vil ikke denne konklusjonen være helt gjennomsyret av meningen til den som skriver konsekvensutredningen, som i dette tilfellet er konsesjonssøkeren selv?

(dok.nr.200302250-72:1)

Landskap og friluftsliv vart, saman med kulturminner, dei store konfliktfylte tema på Lista, og hovudvekta av kritikkar av desse utgreiingane vart retta mot at det var feil i konsekvenssetjing, feil utøving av skjønn og uvitskapelege og skjønnsbaserte utgreiingar. Ein grunnleggande devaluering av utgreiingane som verdige industrielle prov. Her er arbeidet som heilskap nedvurdert som ufagleg, ein kritikk som er meir fundamental enn kritikkar mot spesifikke feil i utgreiingane. Eit tydeleg eksempel på korleis desse utgreiingane vert sett på som irrelevante prov, finn ein i uttalen frå ein høyringspart som samanliknar dei svake utgreiingane av kulturminner med karta over støysoner. Støysonekarta skil seg frå kulturminneundersøkingane, og er «gode» fordi dei er «utarbeidet i et laboratorium, og ikke beror på skjønn» (dok.nr.200302250-60:5). Her kan ein sjå eit klårt skilje mellom kva vurderingar som kan verte akseptert som objektive og kva som vert angripe på bakgrunn av å vere subjektivt. Av tabellen kan me då også sjå at utgreiingane av landskap, kulturminner og friluftsliv ikkje bygger på ein strengt definert metodikk, og presentasjonen i rapporten skal vere skildringar og illustrasjonar. Ein presentasjon av kvalitativ art. KU-krava inneber med andre ord ikkje ein streng regulering eller kvantifisering av utgreiingsarbeidet, noko som svekker (den mekaniske) objektiviteten i konstruksjonen. Me såg tidlegare at reiselivsverknadene var eit omdiskutert tema, som også vart utsett for ein «subjektivitets-kritikk». Kritikken av reiselivsutgreiingane vart kraftig både på Sleneset og Lista, og hadde mange fellestrekk, då det her er hevda at konklusjonane er eit resultat av subjektive synsingar. På Sleneset fekk utgreiaren av verknadene på reiselivet skarp kritikk av ein reiselivsaktør:

Vi mener at [utreder] har gjennomført en dårlig og mangefull undersøkelse. De har forsøkt å påvirke intervjuobjektene og de har vært subjektive i sitt arbeid.

(dok.nr.200703860-22:1)

Som me har sett vart både utgreiingane av friluftsliv, kulturminner, friluftsliv og reiseliv kritisert av fleire aktørar for å vere subjektive og me kan difor trekke slutninga at dei ikkje vert legitimate prov i ein industriell orden. Metodikken som vart nytta for fleire av dei ikkje-prissette konsekvensane vart

sett på som for svak til å gje autoritet som ekspertkunnskap eller vitskap. Denne kritikken heng i fleire tilfelle saman med ein kritikk av KU-programmet, altså som ein påstand om at for dårlig krav til metodar har leia til for dårlig kunnskap. Kritikken kan då delvis tolkast som kritikk av KU-instituttet i seg sjølv.

Noko av problemet med å utgreie ikkje-prissette tema på ein måte som ikkje kan kritisera for å vere subjektiv, er lagt til grunn allereie i metodikken som er skildra i ein av dei viktigaste rettleiarane for utgreiingsarbeidet, *Statens vegvesen handbok 140* (2006), eit metodeverktøy som er berekna på å rettleie i vurderingar av samfunnsøkonomien i vegprosjekt. Denne boka vert ofte referanseverket for utgreiingar av ikkje-prissette konsekvensar i vindkraftsaker, noko som er tilfellet i begge casa i denne analysen. Hovudskiljet i boka går mellom prissette og ikkje-prissette konsekvensar, der prissette konsekvensar har ein økonomisk verdi og ikkje-prissette konsekvensar vert vurdert på ein skala med ni verdiar. *Statens vegvesen handbok 140* (2006) legg, for dei fleste ikkje-prissette tema, opp til ein kombinasjon av gjennomgang av eksisterande litteratur samt synfaring i området og eventuelle feltarbeid. Handboka tek for seg eksisterande kjelder som kan nyttast for å kartlegge dei ulike tema, det vert referert til lover og retningslinjer som utgreiar bør kjenne til og den har gjerne mange svært detaljerte kategoriar for kva som skal registrerast. Reglar som kunne produsert ein naudsynt objektivitet. Likevel vert det konkludert med at utgreiingane ikkje vil leie til ein mekanisk objektivitet i konklusjonane, og i handboka står det generelt at den endelige vurderinga er subjektiv og ei vurdering frå den enkelte: «Det ligger i sakens natur at med ikke-prissatte virkninger kan man sjeldan konkludere entydig på et faglig grunnlag» (ibid.:238). Dette poenget kan sjåast att i den kritiserte KU for friluftsliv på Lista, der det står at konsekvensane er «fastsatt på grunnlag av en skjønnsmessig vurdering av verdier av området og tiltakets omfang» (dok.nr.200302250-56:47). Ein kan altså seie at metodikk og den underliggende metodologien gjer at dei ikkje-prissette konsekvensane er mindre eigna som prov for avgjersle: «A decision made by the numbers (or by expicite rules of some other sort) has at least the apparence of being fair and impersonal» (Porter 1995:8). Og dette poenget vert om muleg endå klarare om me hugser at i ein industriell verdiorden er «Things [...] unworthy when they are subjective» (Boltanski og Thévenot, 2006:205). Med andre ord kan ein hevde at det allereie i metodelitteraturen vert lagt ei skilje mellom prissette og ikkje-prissette konsekvensar som gjer at dei ikkje-prissette konsekvensane får problem med å verte legitime prov innanfor ein industriell verdiorden.

Inntrykket av KU som subjektivt er forsterka av presentasjonen i KU. I fagrapportane, som er den fullstendige presentasjonen av utgreiingane, står det noko meir utfyllande om metoden som er nytta

for verdsetjinga. Lesing av fagrapporten friluftsliv på Lista kan gje inntrykk av meir «fagleg» og «objektivt» arbeid enn det som kan tolkast ut av søknaden, og ein høyringspart kommenterer at søknaden er ein tynn presentasjon av utgreiingane. Søknaden forkortar presentasjonen av utgreiingsarbeidet, og ein kan i tilfeller slik som det er vist til, sjå at søknaden undergraver den faglege og difor industrielle legitimeten til utgreiingane. Fagrapportane for Lista tel totalt 260 sider medan konsekvensutgreiingsdelen i søknaden tel i underkant av 50. Her er det klart at ein kan gå glipp av mykje av grunnlaget for dei vurderingane som er gjort, og fokuset kan difor verte retta mot konklusjonane som fråskild sine metodiske skildringar, vert meir sårbart for kritikk om å vere subjektivt. Aktøren som klaga på tynn presentasjon av utgreiingane kommenterer vidare at «konsesjonssøknad,...]sammendrag av "delrapportene" og ytterligere argumenter fra søkeres side er vevd sammen under overskriften Lista vindpark Konsekvensutredning» (dok.nr.200302250-60:2-3). Ein annan høyringspart kommenterer det same tilhøvet, og meiner det er forvirrande å presentere utgreiingsarbeidet på denne måten. På Sleneset kan me trekke paralleller til ei høyringsfråsegn som hevda at KU rapporterer for låge konsekvensverdiar, manglar tabellar over trua artar og manglar utgreiingar om enkelte geografiske områder som er ein del av planane. Det er tidlegare vorte konkludert med at søknadsdokumentet som presenterer KU delvis fungerer som ein rettferdigjering av det aktuelle tiltaket (Grande og Sørensen 2000). Altså som det høyringsparten omtaler som «ytterligere argumenter fra søkeres side». Utgreiingsresultat som er presentert noko tynt, saman med det som vert oppfatta som argumentasjon for bygging av kraftverket, vil slite med å skape inntrykk av objektivitet.

7.1.3 Kritikk av usikkerheit

Nokre utgreiingar vart «godteke» som objektive, men kritisert eller nedvurdert på bakgrunn av usikkerheit. Logikken bak kritikken av usikkerheit er at resultata frå utgreiingane under kritikk omtaler, kvalitativt, ein usikkerheit om kva som vert dei framtidige verknadene. Problemet som oppstår i møtet mellom den uunngåelege usikkerheita knytta til å fastslå framtidige verknader, og førestillinga om at ei avgjersle skal tuftast på sikker vite, er eit velkjend fenomen som eg tidlegare har referert til i Yearley (2005) sin analyse av miljørørsla. Eg hadde i starten av analysane tru på at eg ville finne ein større frekvens av dette fenomenet, men nedvurdering av usikker kunnskap fins berre i underordna grad i datamaterialet. Av sakspapira kunne me sjå at hubro var av dei mest omdiskuterte tema på Sleneset, og av tabell 7.1 kan me sjå at konflikten omkring utgreiingane av Hubro mellom anna dreia seg om usikker og manglande kunnskap. Hubro-rapporten som var ein del av dei tilleggsutgreiingane som NVE stilte krav om, vart ikkje kritisert for å vere subjektiv og

manipulert. Kritikken av rapporten påpeika usikkerheita i dei framtidige konsekvensane, og trass i at sjølve utgreiingsarbeidet fekk stå fritt for kritikk, så vart presentasjonen av usikkerheit nytta til å nedvurdere Hubro-rapporten som eit industrielt prov. Lurøy kommune og Helgeland regionråd, to klare støttespelarar til utbyggingsplanane, skriv at usikkerheita i høve til framtidige verknader på fugl gjer at omsynet til hubro ikkje bør vektleggjast i konsesjonsavgjersla. Dei kritiserer rapporten for å vere: «tuftet på antagelser med en betydelig grad av usikkerhet om hvilke konsekvenser en slik utbygging vil ha for bestanden» (dok.nr.200703860-11:6), peikar vidare på at rapporten konkluderer med at det «muligens» og «sannsynlegvis» (ibid.:6) vert store skadeverknader for hubro bestanden. Dette leier til konklusjonen om at hubro er eit tema som er relevant, men at resultata frå utgreiingane ikkje på nokon måte er gyldig grunnlag for avslag. Konsekvensane er ikkje sikre, estimata av feilmarginar er ikkje talfesta og ein kan nedvurdere rapporten som eit industrielt prov.

7.1.4 Kritikk av konsekvensgrad

Kritikken av subjektivitet, som vart omtala i kapitel 7.1.2, heng nær saman med at mange aktørar meiner det er sett feil konsekvensgrad for fleire av tema. I KU for både Lista og Sleneset refererer utgreiarane til *Statens vegvesen handbok 140* (2006) i presentasjonen av metodikken for fastsetjing av konsekvens. Metodikken baserer seg på å fastsetje konsekvens på ein 9-delt skala som går frå svært stor positiv konsekvens til svært stor negativ konsekvens, ein verdi som er fastsett som eit matematisk produkt av ein talfesta verdi og eit talfesta omfang. Altså eit produkt av kva verdi området har for eit tema og kva grad tiltaket vil påverke området. På bakgrunn av dette skal utgreiar fastsetje ein konsekvens sett saman av verdi og omfang. Samanstillinga har eit skjematiske verktøy som vert kalla «konsekvensvifta», og som er gjengitt under:

Verdi Omfang	Liten	Middels	Stor
Ingen verdi			
Stort positivt			Meget stor positiv konsekvens (+++)
Middels positivt			Stor positiv konsekvens (++)
Lite positivt Intet omfang			Middels positiv konsekvens (++)
Lite negativt			Liten positiv konsekvens (+) Ubetydelig (0)
Middels negativt			Liten negativ konsekvens (-) Middels negativ konsekvens (- -)
Stort negativt			Stor negativ konsekvens (- - -) Meget stor negativ konsekvens (- - - -)

(ibid.:142)

Statens vegvesen handbok 140 (2006) har altså presise retningslinjer for fastsetjing av konsekvens samstundes som ein legg vekt på at det skal komme klart fram at den endelege samanstillinga av prissette og ikkje-prissette verdiar er ei kvalitativ vurdering. «Sammenstillingen er en kvalitativ analyse, den bygger på faglig skjønn og den vil vanligvis ikke kunne gi absolutte svar» (ibid.:236). Handboka inneheld altså eit metodeverktøy som opnar for ganske presis fastsetjing av ikkje-prissette konsekvensar, langs ein skala med 9 verdiar. Men, trass i presise metodar for konsekvenssetjing er konklusjoane tufta på fagleg skjønn: «Ulike fagpersoner kan vurdere verdien ulikt ut fra ulike faglig ståsteder» (ibid.:73). På Lista stod konflikten om kor verdifulle kulturmiljø og landskap ein hadde med gjere, og kva konsekvensar desse stod over for. RA, DN og Fylkesmannen var klart usamde i konsekvenssetjinga i KU, det same gjaldt fleire

interesseorganisasjonar og privatpersonar som alle kritiserte konsekvenssetjinga i søknad med KU. KU hadde sett konsekvensen til middels negativ for landskap og middels til stor negativ for kulturminner, medan DN og RA sette konfliktnivået til E, høgaste mulege konflikt, i den tematiske konfliktvurderinga. NVE, utbyggar og eit fåtal høyringspartar på den andre sida støtta seg likevel til konklusjonane frå KU. Denne usemja dreia seg ikkje om konkrete utgreiingsmetodar, usikkerheit eller ufagleg arbeid. Problem dreia seg omkring kva som var rett talfesting av ein konsekvens, og der vurderinga av kva som vart konsekvensen då vart ein kamp om kva subjekt som var verdige å utøve det rette (faglege) skjønnet. Og som eg allereie har lagt til grunn, er det alltid muleg å forme ein industriell kritikk av skjønnet. Noko som gjer det nær sagt umogeleg å nå semje om denne type skjønnbaserte vurderingar. Av den grunn er det rett å hevde at talfesting av konsekvensar ikkje får noko objektiviserande effekt, då kvantifiseringa av konsekvens så tydeleg er eit resultat av skjønnsvurderingar.

7.2 Korleis nyttast KU i NVE sitt arbeid?

Når me no veit at utgreiingane er så omdiskuterte, må neste steg vere å syne korleis NVE vurderer arbeidet og resultatet av KU. KU-prosessen startar med utbyggar si melding av prosjektet, der det også vert føreslått eit program for utgreiingsarbeidet. Gjennom høring av melding skal NVE få innspel som dei nytter i lag med eigne vurderingar til å fastsetje det endelege KU-programmet. Fastsetjing av KU-programmet er eit viktig steg for å avgjere kva tema som skal opp til vurdering, og KU-programmet var i begge case kritisert av høyringspartar, spesielt på Sleneset. Likevel viser analyser av intervju med tilsette i NVE at dei ikkje ser det som særleg komplisert å setje opp programma for utgreiing.

K: Vi har jo konsekvensutredningsprogrammer som er nesten like fra gang til gang, fordi det er en standard. Det er en del krav vi mener alltid skal vere der. Og der ligger metoden og. [...] Ja, vi mener vel at det er godt nok det som er i KU-programmene og så oppdaterer vi de jevnlig, ikke sant, hvis det skjer noe nytt på metode eller kommer noe mer veiledere og så videre.

D: Okei. Så det er ikkje så komplisert å setta opp KU-programmene.

K: Nei, det er ikke noen komplisert jobb.

NVE ser på prosessen med å setje opp KU-program som uproblematisk. Det er ein prosess der dei meiner dei har god kunnskap om kva som bør utgreiast, og ein prosess der dei får innspel om

spesielle tilhøve med det lokale prosjektet. Folkemøter og høyringar er viktige prosessar der dei får informasjon om kva som skal utgreiast, og det vert i intervjua understreka at saken vart send ut på høyring for sikre at alle tema skulle verte dekka i KU-programma. Kva så med sjølve KU? Er NVE nøgd med arbeidet og produktet av utgreiingane? I intervju uttrykker sakshandsamarane at høyringa av både melding og søknad er med på å sikre at konsekvensutgreiinga og grunnlaget for avgjersle skal vere så breitt som mogleg, og NVE meiner stort sett at avgjerslegrunnlaget er godt:

I: Og så jeg tror det at de utredningene som blir gjort, det er noe variasjon, men som regel så er det gjort veldig bra arbeid. Det er jo en håndfull konsulentfirma som gjør alt dette i alle saker [...] Men jeg tror beslutningsunderlaget er godt. Og det er jo det som er høringen av konsekvensutredningen. Det er det at de berørte interesser skal vere med å kvalitetssikre utredningene sammen med oss. Og veldig ofte så stiller vi krav om tilleggsutredninger. Enten fordi de har glemt noe, eller fordi de ikke har gjort det bra nok.

Noko som leier til konklusjonen om at kunnskapsgrunnlaget for NVE sine avgjersler er så godt som ein kan vente. Her framsett av informant «J»:

J: Jeg har jobba nå i tre år, og når jeg begynte her så var jeg veldig sånn: Dette her kan ikke jeg vite. Dette vet jeg ikke nok om til å utale meg om i det hele tatt. Hvordan skal jeg gjøre det? Men så kom jeg på det første folkemøte, da. Og det er først da det går opp for deg hvor mye mer du vet enn alle andre. Og når du ser rundt deg i samfunnet og prøver å ta inn over deg den informasjon som ligger til grunn for de beslutningene som blir tatt, så er man ikke alltid veldig imponert. Over alle beslutningene som tas og hvorfor de tas. Og derfor må jeg si det at når jeg nå har vert her i tre år, og ser den mengden informasjon som ligger til grunn for alle de her vedtaka, da. så er det ganske betryggende sånn forvaltningsmessig, syns jeg.

Her viser det seg at NVE ser på utgreiingsarbeidet som eit godt grunnlag for å fatte avgjersle, noko som kan seiast å hende på to måtar. For det første meiner sakshandsamarane at prosessen er god for å få relevante tema på banen, medan dei i neste rekke ser på utgreiingsarbeidet som generelt godt.

Også her er det grunn til å hevde at det er eit gap mellom NVE sin meining om kunnskapsgrunnlaget og den kritiske debatten som kjem i høyringa av KU og tilleggsutgreiingar, og ein kan spørje seg kva som gjer at NVE meiner at desse svært omstridde og kritiserte utgreiingane er eit godt grunnlag for avgjersle. Svaret kan ligge i NVE sin eigen ekspertise. Sakshandsamarar i NVE sin vindkraftavdeling er å sjå som ekspertar på vindkraft, og deira vurderingar vert då avgjerande for saka. Her kan dei vurdere om utgreiingane er godt grunnlag for avgjersle, om det må utgreiast meir, om det fins anna kunnskap om tema og kva deira erfaring tilseier at dei skal vektlegge. NVE vil som ekspertise meine at deira vurdering er legitime som industrielle prov i vindkraftsaker. NVE utøver altså eige fagleg skjønn, noko som vert sagt i intervju:

J: [...] Men til syvende og sist så er det jo NVEs skjønn. Vi utøver skjønn, som er basert på min sikkerhet om at det jeg vet om dette her er nok. Hvis ikke jeg tror det, så ber jeg om tillegsutredninger. For det kan jeg hele tiden gjøre. Det kan jeg gjøre et uendelig antal ganger, hvis jeg mener at mer må på banen. Men vi må treffe vedtak. Vi skal gjøre det innen en viss tid da, ikke sant. Men hva er nok? Altså det er klart jeg har vert usikker på: er dette her nok? Og så, ja, det må det være, jeg må treffe et vedtak. Så man kan aldri, man kan aldri være helt sikker. For det vil alltid vere parametere som man ikke kan måle.

Frå resultata av KU gjev det seg ikkje sjølv kva som er den rette avgjersla. Likevel ser NVE sine tilsette på KU som tilstrekkeleg for å fatte avgjersle, noko er basert på deira eige skjønn. Eit skjønn som me kan tenkje oss at NVE kan forsvare i ein kollektiv orden, der offentlege byråkratar vert kollektive personar og difor store subjekt. Ein av sakshandsamarane i NVE peiker på at bruken og synleggjeringa av bruken av skjønn er ein medviten strategi:

I: Altså våre vurderinger er jo skjønnsbaserte. Det er jo veldig lite du kan kvantifisere. Du kan jo kvantifisere i økonomisk forstand, men det er jo veldig kostbart det å gjøre, og usikkerheten omkring resultatet er større, for da tar du å maskerer alle normative vurderinger inn i det som ingen forstår. Derfor er det mye mer ørlig og rederlig å si at sånn er vår vurdering.

Sitatet over viser at NVE meiner metoden for vekting kan seiast opne opp for kritikk ved gjere vurderingar forståelege. NVE unngår å lage eit system for avgjersle der det dei meiner er det normative ville forsvunne ut i det «som ingen forstår». Ved å ikkje lage ein uforståeleg vektingsmeknisme, ein «svart boks» (Latour 1987, Johnsen 2004) der berre dei innvidde forstår kva som hender, kan debatten opnast for langt fleire kritikkar av denne sentrale vektinga som NVE føretok i konsesjonshandsaminga. Samstundes vert det vanskeleg å nytte den skjønnsbaserte metodikken for vekting av fordelar og ulemper i industrielle rettferdiggingar som skal vektlegge det målbare og sikre. I ein industriell orden kan NVE sine tilsette passere som ekspertar, men deira utøving av skjønn vert ikkje naudsynt legitimt grunnlag for avgjersle. Me har allereie sett at bruken av skjønn ikkje utan vidare vert akseptert som legitimt, og NVE sine avgjersler er også utsett for kritikk om å vere basert på eit uverdig skjønn, noko som gjer det naudsynt for direktoratet å grunngje avgjerslene på ein mest muleg «objektiv» måte. Og me skal no sjå at NVE støtter seg på nokre typar tema, ekspertvurderingar og metodar, framføre andre.

Eg har vist korleis objektiverande metodar kan gje autoritet eller «storleik» i industrielle rettferdiggingar, ein autoritet som også vert naudsynt for å legitimere avgjersler fatta av

byråkratane. I saka på Sleneset såg me at omsynet til hubro vart lagt til side i avgjersla, trass i at utgreiingar og høyningsfråsegn langt på veg teikna eit bilete av dette som eit stort problem ved ei eventuell bygging av kraftverket. NVE sitt val av rettferdiggjeringar kan i denne saka sjåast i samanheng med at kunnskapen om fugl lett kan trekkjast inn i ei problematisk rekke av rettferdiggjeringar og kritikkar.

J: Det står jo i vedtaket, men vedtaket baserer seg ikke på Hubrobestanden.

[...]

D: Kva er grunnen til at det ikkje også baserer seg på det når det først er nevnt?

I: Det er fordi at økonomien i prosjektet og hele samfunnsøkonomien og nettsituasjonen var sånn at vi mente at det det var tilstrekkelig. Det er veldig håndfast at noe er så dyrt at det ikke kan realiseres, mens generelt så kan en si at [...] hvilke virkninger vindkraft har på hjort eller hubro eller måker eller ryper, er ganske dårlig. Eller ikke dårlig, men det finnes sprikende forskningsresultater om hva som er virkningen av noe. [...] Sånn at der kan man alltid komme inn i en diskusjon om virkningene fra vindkraftverk.

NVE får altså eit problem med å få denne ikkje-prissette konsekvensen til å «telje» som eit verdig prov i saksgangen, gitt ein industriell orden som vektlegg det objektive, sikre og målbare.

Usikkerheita vert eit problem dersom ein skal basere vedtaket på omsynet til Hubro. På Lista var det ikkje like tydeleg å sjå at direktoratet valde å basere seg på eit prov eller ei utgreiing framføre eit anna, men som me har sett sa sakshandsamaren i denne casen at produksjonsforventningane vart sentrale. Produksjonsforventningar som er talfesta kan vere mindre problematisk å basere ei avgjersle på enn «miljøkostnader som ikke lar seg så lett opphøye til penger» (sitat informant «I»). I begge casa har altså NVE bygga ein rettferdiggjering for eige vedtak ved å støtte seg på berekningar av produksjonsforventningar og byggekostnader som begge er presist talfesta og lett å opphøge i kWh, kroner og øre.

NVE rettferdiggjer altså sine avgjersler gjennom ein totalvurdering av alle tema, men med avgjerande vekt på den målbare produksjonen og lønnsomheita. Alle tema skal vere vekta og vurdert, men grunngjevingane vert bygga på kvantifiserte mål på produksjon, inntening og kostnader. Noko av kritikken av NVE kan då, interessant nok, seiast å henge saman med at det totale biletet av verknader ikkje vert talfesta. Alle emne er rett nok talfesta i den forstand at konsekvenssetjing for kvart tema ender i ein verdi på den 9-delta skalaen, men utan eit absolutt reknestykke som ein kunne fått ved bruk av kost-nytte analysar³⁵. Når NVE då er nøydd å bruke

³⁵ Kost nytte analysar av vindkraft er forsøkt på gamle saker (Ruud 2010).

objektive industrielle prov, objektive i ein mekanisk-objektiv forstand, vert då konsekvensane for dei prissette tema dei sentrale prova. Dette kan av forsvararane for nokre av dei konkrete ikkje-prissette tema verke som ein nedprioritering av deira verdiar, noko som kan eksemplifiserast med utgangspunkt i ein e-post som NVE fekk i etterkant av avslaget på Sleneset:

Motvind.org etterlyser en langt større vekt på disse nasjonale og internasjonale forpliktelser og bestemmelser som vi er pliktig til å følge for å bevare truede naturtyper og truede og sårbare arter som er svært tallrike i planområdet. Slik saken framstår er det den kommersielle delen som har hatt avgjørende betydning for avslaget fra NVE (dok.nr.200703860-64:4)

Og denne type forståing ser ut til å vere rådande også på Lista der mellom anna Landsorganisasjonen Stopp Raseringen av Kysten uttrykker seg slik i klagen: «NVE har i sin argumentasjon ei einsidig fokusering på ”gode vindressurser, og lokal kraftballanse”. Alle andre forhold verkar uviktige for konsesjonsgivaren NVE» (dok.nr.200700842-11:1). Hovudpoenget er at NVE sine rettferdiggingar er kopla så sterkt mot den industrielle verdiorden og dei mekanisk-objektive prova, at romet for rettferdiggerande argumentasjon ikkje gjev tilstrekkeleg plass til vurderingar av dei ikkje-prissette tema. Dette utløyser ei rad med kritikkar som liknar den som Motvind.org framset i sitatet over. På Sleneset ser me motstandarar av kraftverket «klagar» på at avslaget ikkje i sterk nok grad har veklagt omsynet til naturmangfaldet medan utbyggjar nemner i sin klage på avslaget at:

det er overraskende at direktoratet ikke har veklagt andre forhold som åpenbart er av relevans for konsesjonsvurderingen, så som prosjektets betydning for økt fornybar kraftproduksjon i Norge, den omfattende støtten fra lokalsamfunnet, ringvirkninger av prosjektet for lokalsamfunnet osv.

(200703860-60/vedlegg:11)

Klagane på Lista framsette ein kritikk av NVE for å ikkje vektlegge dei ikkje-prissette tema. NVE sine avgjersler er tufta på dei talfesta tema, men er også ein vurdering som skal vere resultatet av vekting av alle relevante tema. Vurderingane er tydeleg og eksplisitt skjønnsbasert, noko som medfører at konflikten ikkje kan sluttførast med ein korrigerande industriell kritikk av vektinga av dei ikkje-prissette konsekvensane.

7.3 Kunnskapen set rammer for debatten

Som me har sett i begge saker, er det dei industrielt og økonomisk kvantifiserbare produksjonsestimatet og kostnadskalkylen, som saman med vurderingar av nettilhøve og ein meir diffus vekting av miljøverknader, er grunnlaget for legitimeringa av NVE sine vedtak. Intervju og vedtaksdokument har vist oss at «er det veldig gode vindressurser og forventninger om god produksjon, så er det det handler om» (Sitat frå informant «I»), og at eit avslag lettare kan grunngjenvæst med kvantifiserbare prov fordi «Det er veldig håndfast at noe er så dyrt at det ikke kan realiseres» (sitat informant «J»). Me har gjennom intervju og analysar av to case sett at økonomiske aspekt ved prosjekta vert vektlagt, og at NVE vurderer dette som generelt sett dei mest legitime grunnane til å gje konsesjon og avslag. Samstundes har tidlegare arbeid sett oss på sporet av mekanismane for dette handlingsmønsteret. Allereie i den teoretiske modellen til Boltanski og Thévenot (1999, 2006) ligg det ein føresetnad om at legitime argument innanfor eit regime for rettferdigjeringar må bygge på ein objektivitet som er tufta på å synne korleis eit standpunkt eller ei handling er eit gode for ålmenta. Ein slik objektivitet er i dei industrielle verdsetjingane knytt opp mot sikker, kvantifiserbar kunnskap (ibid.), og ein kan vidare vise til at tillit til avgjersler gjort av byråkratiet er avhengig av prov produsert av kvantitative standardiserte metodar (Porter 1995). Innleiingsvis såg me at kostnadskalkylen er vorte trekt fram som «den enkeltmekanismen [...] som har betydd mest i sammenkjedningen av interesser mellom aktørene» (Solli 2003:412). Noko som er forklart med at kalkylen uttrykker kompleksiteten i samfunnsøkonomien i vindkraftutbyggingar med eit tal, kostnad per produsert energimengd (øre/kWh). Ein foreinkling til eit prov som kan sjåast på som det Latour (1987, referert i Solli 2003:419) kallar *immutable mobiles*: «objekter som kan transporteres over store distanser og likevel kommunisere samme informasjon».

Analysane som oppstår i møte mellom det teoretiske rammeverket (Boltanski og Thévenot 1999, Boltanski og Thévenot 2006) og dei empiriske casa, gjer at me må forstå mekanismane bak vektlegginga av økonomien i prosjekta som resultat av den kritiske kompetansen til NVE sine tilsette. Ein kritisk kompetanse som er nytta til ein tolking av dei politiske føringane frå lovverket, og som har leia til modellen der konsesjonssøknadene vert vurdert i industrielle rammer som adopterer økonomiske objekt og prov. NVE sine tilsette ser då på dei kvantifiserbare og standardiserte økonomiske måla som dei mest «håndfaste» prova. Prov som ein tilsynelatande kan verte samd om er rett eller feil. Men saka på Sleneset syner oss vidare at dette er ei sanning med modifikasjonar. Her ser me at NVE og utbyggjarar som er dei to aktørane med innsikt i den viktige og komplekse kalkuleringa av kostnadskalkylen, har store problem med å einast om kva som er rette estimat av økonomisk avgjerande parameter som kostnader, teknologi, tilbod og etterspurnad.

8 Rettferdiggjering av miljøet

8.1 Å rettferdiggjere i vindkraftsaker

Analysane av vindkraftsakene synte oss at aktørane rettferdiggjorde sine standpunkt med hjelp av ei rekke ulike verdsetjingar, eller *verdiordenar* (Boltanski og Thévenot 2006, 1999). Gjennom bruk av ulike verdiordenar, bygger dei opp argumentasjon etter ulike logikkar for verdsetjing, og på denne måten vil aktørane som bruker ulike verdiordenar vektlegge ulike objekt, subjekt, informasjon og overordna verdimål. Men, trass i at me såg vindkraftprosjekta vurdert etter både økonomiske, industrielle, kollektive, domestiske, inspirerte, opinionsretta og grøne logikkar, så snevra debatten seg inn og tok ein form som likna dei rettferdiggjeringane NVE nytta. NVE baserer seg på sin lovheimla forvaltningsplikt, og gjer på bakgrunn av denne ein samfunnsøkonomisk eller industriell verdsetjing av vindkraftverka. Gjennom dei industrielle vurderingane bruker NVE både industrielle testar av produksjon, og monetære marknads-testar for å avgjere verdien til kraftverket. Sagt med andre ord, så legg NVE vekt på *Energilova* (1990) sine krav at dei skal handsame konsesjonssøknader på ein måte som sørgar for samfunnsøkonomisk rasjonell energiproduksjon. Grunna støtteordningar og økonomiske føresetnader for etablering av vindkraft, vil NVE vidare sjå på marknadsverdien til prosjekta som rimelege testar på kraftverket sin verdi som samfunnsøkonomisk energiprodusent.

NVE nyttar altså eit kompromiss mellom kollektive, industrielle og økonomiske rettferdiggjeringar for å legitimere sine avgjersler. Liknande rettferdiggjeringar og kritikkar vert også nytta av fleirtalet av andre aktørar som deltek i saken. Med andre ord kan me sjå at det er heller uvanleg å framsetje argument som baserer seg på domestiske, inspirerte eller opinionsretta rettferdiggjeringar. At aktørane i stor grad fremjar argumentasjon innanfor same logikk som NVE, kan vere både på grunn av at dei meiner dette er den mest vettige måten å vurdere sakene på, eller fordi dei veit kva argument som kan få gjennomslag. Dette kan empirien ikkje seie noko om. Det som kan seiast noko om er rekka med kritikkar som vert framsett med bakgrunn i denne rettferdiggerande modellen. Kritikken vert ikkje slutta ved at aktørane vert samde om kva som er det rette handlingsalternativet. Sakene sluttar ved at NVE fatter eit vedtak trass i ei vedvarande usemje, ei usemje som kan forklarast med bakgrunn i to ulike element. I kapitel 6 såg med at lovverket vart tolka ulikt av aktørar med ulike meininger. Motstandarar av kraftverka på Lista og Sleneset meinte at tilhøva rundt prosjekta var slik at *naturmangfaldslova* (2009) og stortingsmeldingar og internasjonale

avtalar om bevaring av naturmangfald ville gjere utbygginga lovstridig. På Lista var utbyggjarar, støttespelarar og NVE derimot av den meining at lovverket og avtalar om utbygging av fornybar energi gjorde det rimeleg å løyve konsesjon. På Sleneset var NVE og utbyggjarar usamd om lovverket tilsa at NVE eller marknadsaktørane var dei rette til å avgjere kva som var gode økonomiske prosjekt, og kva som difor burde byggast. Med andre ord har me sett at aktørane ikkje operer med eit sett med lover og avtaler som gjer det muleg å verte samd om kva som er den mest verdige kollektive avgjersla. Aktørane tolkar implikasjonane frå lovverket ulikt i dei konkrete sakene, og aktørane vert ikkje samd om kva som er det største kollektive godet.

Vidare såg me at dei grøne verdiane, som i vindkraftsakene synte seg som mål om bygging av meir fornybar energi, mål om bevaring av naturmangfald og omsyn for landskapet, først og fremst fekk sin verdi gjennom verdsetjingar i andre verdiordenar enn ein grøn. Og sakene vart då ikkje prega av ein debatt om kva om var det mest verdige grøne alternativet, men kva som var lovleg eller mest effektivt/samfunnsøkonomisk. Dei grøne verdiane vart då prova viktig ved å vise til lovverket, og ved å vise til vitskapelege eller ekspertbasert kunnskap. Og som me såg i kapitel 7 dreia mykje av konflikten i sakene seg om kva som var rett og nok kunnskap om ulike tema. Usemja dreia seg om to spesielle tilhøve ved utgreiingane. Først av alt såg det ut til at mange aktørar ikkje var nøgd med utforminga av konsekvensutgreiings-programma (KU-programma) eller KU-instituttet i seg sjølv. Her kom det klager på at det ikkje var lagt opp til utgreiingar som vil gje kunnskap som det var verd å bygge ei avgjersle på. I neste rekkje kom ein konflikt omkring kva som var gode og rette resultat av utgreiingane. Nokre aktørar kritiserer utgreiarane for å gjere feil i utgreiingsarbeidet, og difor komme fram til uriktige konklusjonar, medan andre aktørar meiner at konklusjonane bygger på utgreiingar og presentasjonar som er subjektive eller usikre og difor ikkje verdige som industrielle-prov. Med andre ord at nokre av utgreiingane ikkje kan kvalifisere som objektiv ekspert- eller vitskapeleg kunnskap. Alle desse kritikkane av kunnskapsgrunnlaget vil føresetje at den kritiserte kunnskapen ikkje er eit verdig industrielt prov, og ikkje noko ein kan bygge avgjersla på. Grande og Sørensen (2000) har allereie peika på at KU ikkje fungerer som objektiv ekspertkunnskap, mellom anna på grunn av samanblanding av argumentasjon i søknader og reslutat frå utgreiingar. Denne studien viser at KU vidare får problem med å verte objektive prov når aktørane skuldar utgreiingane for subjektivitet, usikkerhet og feilaktige konklusjonar. NVE sine avgjersler er då heller ikkje hovudsakleg grunngjeve med bakgrunn i dei «subjektive» reiselivsutgreiingane eller dei «usikre» konklusjonane om verknader for hubro. NVE sine konsesjonsvedtak vert legitimate ved å vise til kraftverket sin talfesta produksjon og økonomi, eit val som tillegg til å vere på grunn av lovverket

sine krav om samfunnsøkonomisk forvaltning, kan sjå ut til å vere på grunn av den objektive karakteren til desse måla. Solli (2003) har allereie vist at kostnadskalkylen har hatt stor betydning for utviklinga av ein vindkraftssektor i Noreg, og me ser vidare at kostnadskalkylen og dei kvantifiserbare måla også er kjernen i NVE sine rettferdiggjeringar.

Dette betyr ikkje at økonomien i prosjekta er det einaste som vert teke opp til vurdering. NVE utøver skjønn, og vil både omtale og vurdere andre moment enn produksjon og økonomi, men når vedtaket skal rettferdiggerast vert NVE nøydd å underbygge dei skjønnsbaserte vurderingane med objektive, industrielt verdige prov. Ikkje-prissette tema kan då opplevast å hamne i bakgrunnen. Som følgje av den industrielt underordna usikre eller subjektive kunnskapen om eit tema, kan ein forstå desse tema som mindre relevant for vedtaka. Denne rangeringa fører til mykje kritikk i klagesakene, og kritikken rettar seg både mot at denne vurderinga er lovstridig, og at den bygger på for svak kunnskap.

8.2 Aktørane sin verdsetjing av «grøne» verdiar

Casa som er analysert er mellom anna meint å vere eit case av miljøforvaltning og debatt omkring dette. Standpunktet for eller mot konsesjon er av fleire sentrale aktørar underbygga med eit grunnleggande omsyn for ulike miljømål, slik som klima, landskap og naturmangfald. Miljømåla som er trekt fram i saksgangen, og verdsetjinga av «grøne» aspekt syner at miljøet har ein sentral plass i rettferdigginga av vindkraftsaker. Analysane har likevel avdekkat at rettferdiggingane av miljøet ikkje bygger på ein eigen grøn orden, men på andre verdiordenar, særleg den kollektive og industrielle. Verdien av både fornybar energi og naturmangfald er prova ved bruk av lover, avtaler, rapportar og ekspertar. Vern om landskapet vert legitimert ved å vise til vedtak om verneområder, avtalar og lovverk, men også gjennom å referere verdien for friluftslivet og turismen. Ein kan då plassere miljøverndebatten om kraftverka innanfor dei antroposentriske verdiordenane, og trass i at naturen sin verdi i seg sjølv kan ligge som ein implisitt føresetnad for noko av argumentasjonen, er det også fleire aktørar som underbygger sine argument med å vise til ein menneskeleg nytteverdi av naturen. Landskapet har økonomisk verdi for turistnæringa, eller inspirerande verdi for turgåarar, og kraftverket og vinden den temmar har også ein klart uttalt økonomisk verdi. På denne måten kan ein sjå at objekta i naturen: landskapet, fuglane og økosystema vert gjort store gjennom


sin tilknyting til andre ordenar enn den grøne.

Miljøet og naturen er viktig, men ikkje viktigare enn at ein må prove verdien ved å ty til verdiordenar med mennesket i sentrum. Kanskje kan ein grøn verdiorden vere vakse fram (Thévenot 2002), kanskje kan det finnast fleire grøne ordenar (Blok 2011) og kanskje kan me tenkje oss at ein grøn orden eksisterer som ein potensiell politisk filosofi i naturvernørsla, men utan å ha funne sin reine politisk filosofiske form (Latour 2001). Førebelser må ein i allefall konkludere med at ein grøn orden ikkje har fått spelerom i konsesjonsprosessen rundt melde vindkraftverk, og det kan vere grunn til å hevde at «det grøne» er vorte teke opp av den normale politikken (Latour 2001).

Dette får konsekvensar for måten rettferdiggjering og kritikk vert utforma.

Kraftverktihengarane i begge saker grunngjev prosjekta med ynskjet om produksjon av fornybar, miljøvenleg energi, ei grunngjeving som går att i vedtaket til NVE om å løyve konsesjon til kraftverket på Lista. Motstandarar i begge casa framhevar på si side potensielle skader på naturmangfald og landskap som ein hovudgrunn til å avslå søknadane. Omsynet til naturen og politiske miljømål vert utan tvil ein vesentleg del av sakene, men spørsmålet som har vore oppe til granskning er korleis ein vektar desse «grøn» måla mot kvarandre og mot andre effektar av kraftverka. I vedtaka ser miljømåla ut til å verte verdsett etter dette mønsteret:

Fig.8.1



Klimamål, biologisk mangfold og landskap er viktig for aktørane, men utan at dei bygger ein tydeleg grøn argumentasjon. Argumentasjonen ser ut til å vere retta mot å overtyde NVE, og i deira vedtak tek rettferdiggjeringar ei kollektiv eller industriell/marknadsmessig form. Miljømåla kan verte grunnlag for vedtak dersom det ligg klare nok politiske føringer om dette. Me har allereie sett at NVE løyva konsesjon til kraftverket på Lista med bakgrunn i dei politisk vedteke måla om bygging av fornybar energi. Ein kan vidare tenkje seg at andre vedtak kan grunngjevast med lovfesta omsyn til dei andre miljøveridane. Casa mine er gjev meg ingen direkte informasjon om dette, men intervju og analyse av rettleiarar på NVE sine heimesider gjev meg sterke indikasjoner på at ein ikkje kan få løyve til å bygge vindkraftverk i eit område med sterk lovemessig vern. Eit ekstremt eksempel vil vere ein nasjonalpark

Vedtaket i Lista-casen var vidare grunngjeve med dei objektivt talfesta måla på produksjonen. Presise mål på fornybar energiproduksjon. Av modellen ser me at klimamåla via KU og ekspertise, kan verte objektivt talfesta og difor verdige gjennom industrielle argument. Biologisk mangfald og landskap, miljøverdiar som me har sett ikkje så lett kan uttrykkast med ein objektiv kunnskap, ser i mine case ut til å hamne i skuggen, delvis på grunn av usikkerheit og bruk av subjektivitet i utgreiingane. Her kan me spørje om ikkje desse miljøverdiane lettar kunne vorte rettferdigjort med ein argumentasjon basert på Latour (2001) sin normative definisjon av den grøne verdiorden:

I ”det grønne regimet” er litenhet nettopp skråsikker viten om hva som står eller ikke står i forbindelse med noe annet, en skråsikkerhet som er absolutt og uomtvistelig, lik ekspertenes (Latour 2001:353).

Med dette vil eg ikkje seie at konsesjonsavgjerslene ville endre seg drastisk dersom ein utgreia etter andre metodar, eller nedvurderte ekspertkunnskapen sin skråsikkerhet. Det ser likevel ut til at ein per dags dato er avskjert frå å skape ein konstruktiv debatt og eit solid fundament for avgjersle med basis i dei ikkje-prissette tema biologisk mangfald og landskap. Dette kan vere ein svakheit for naturverndebeattten.

8.3 Er den industrielle og kollektive verdiordenen eigna for ein naturvenleg forvaltning?

Naturvernet i dei to casa som er analysert er delvis legitimert innanfor ein industriell orden.

Utgreiingsarbeidet vert difro viktig for dei som vektlegg det som kan reknast som grøne element, og førebels har me sett at utgreiingane leverer industrielle prov av ulik kvalitet.

Utgreiingane av fugl vart nedvurdert grunna sin usikre karakter, medan utgreiingar av mellom anna landskapet var hefta med diskusjonar om subjektiviteten sin rolle i utgreiingane. Så langt der det ut til at klimamåla, med den mulige transformasjonen til TWh og kroner, er dei einaste miljømåla som kan forsvarast med stødige industrielle prov. Men, dei miljøretta argumenta er også basert på ein kollektiv logikk der lovverket er sentralt for å underbygge eit standpunkt, ein argumentasjonslogikk som ikkje lid under dei same begrensningane som dei industrielle. Her kan ein trekke fram planleggingsfasen og NVE sin prioriteringspraksis som eksempel på korleis lovverk kan funger for å setje grenser for kva miljøomsyn som skal takast. Analysane av NVE sine offentlege dokument med prioriteringskriterier syner at handlingsrommet for legitimeringar av prioriteringane inkluderer både vektlegging av dei marknadsmessig og

industrielt lønsame prosjekta, og ei prioritering av grøne verdiar gjennom (kollektive) vernevedtak. Difor kan ein sjå at eit «grønt» lovverk der det er tydeleg at ein skal prioritere fornybar energi, trua artar eller vakre landskap, er avgjerande for at ein effektivt skal kunne rettferdiggjere omsynet til dei «grøne» verdiane. Effekten av kollektive prov kan også vere årsaken til at mange aktørar etterlyser overordna planar for vindkraftutbygging. Planar som kan fungere som kollektive prov på om eit område skal skånest for inngrep eller nyttast til produksjon av fornybar energi. DNT målbar i begge case eit sterkt ynskje om kollektive verdsetjingar av dei miljømåla som kunne verte «svake» i dei industrielle verdsetjingane:

Etter DNTs syn er de vindkraftanlegg som er realisert fram til nå, eksempler på at utviklingen i liten grad har vært styrt av overordnede planer og grundige konsekvensutredninger. Flere av de anlegg som er i drift har til dels store negative virkninger på natur og landskap, og vitner om tilfeldig utbygging. Vi har lenge etterlyst helhetlige vurderinger og samordnet planlegging av vindkraftprosjekter.
(dok.nr.200301599-130:1)

For det er slik at ikkje alle tema ser ut til å kunne få avgjerande vekt i rettferdiggeringar som baserer seg på objektive eller objektiviserande utgreiingar, og det er for desse verdiane avgjerande å kunne vektleggjast kollektivt om det legitimt skal kunne rettferdiggerast å verne om dei, og om dei verte teke omsyn til i avgjerslene.

8.4 Vegen vidare – betre forståing av miljøverndebatten

Framleis gjenstår det å forstå meir av det offentlege ordskiftet om vindkraft, fornybar energi og miljøvern. Rettferdiggeringane er kulturelt og historisk spesifikke, og studiar som kan samanlikne den rettferdiggerande argumentasjonen om miljøet på tvers av tidsepokar vil vere ein fruktbar måte å forstå meir om den eventuelle framveksten av ein grøn verdiorden. Eit interessant steg vidare ville vore ein historisk studie av utviklinga av rettferdiggerande argumentasjon i miljøvernpolitikken³⁶. Samstundes er det klart at denne studien bidreg med ein forståing av den rettferdiggerande argumentasjonen i miljøversaker, men innanfor dei kontekstuelle rammene som er sett av konsesjonshandsamingsprosessen. Det fins ei rekke andre arenaer for offentleg ordskifte som med fordel kunne vore sett på. Mediedebatten er ein slik arena som frigjort frå NVE sine vurderingsrammer kanskje har eit meir mangfaldig rom for rettferdiggerande argumentasjon, og som difor er eigna for å forstå breidden i grøne vurderingar. Ein anna arena som gjennom desse analysane har synt seg å vere svært viktig for utfallet av sakene, er kommunepolitikken. Eit negativt

³⁶ Asdal, K. (2011) har studert framveksten og utviklinga av ein miljøvernpolitikk i eit historisk perspektiv, og er i så måte eit høgst interessant bidrag for forståinga av framveksten av miljøverndebatten.

komunestyrevedtak ser ut til å vere kroken på døra for ein eventuell konsesjon, og eg har i analysane antyda at dette gjer kommunepolitikarane, som leserar av sakspapira, svært relevante. Her gjenstår det å forstå rettferdiggjeringar og kritikk innanfor rammene av lokalpolitikken, for å forstå korleis korleis vindkraftsakene vert verdsett innanfor denne svært viktige institusjonen.

Litteraturliste

- Alstadheim, K. B. og J. Stoltenberg (2010). *Klimaparadokset: Jens Stoltenberg om vår tids største utfordring*. Oslo, Aschehoug.
- Andersen, G. (2007). *Maten som er trygg nok : en studie av legitimeringsarbeid i stortingsdebatter*. Akademisk avhandling. Universitet i Bergen.
- Asdal, K. (2011). *Politikkens natur - naturens politikk*. Oslo, Universitetsforl.
- Atkinson, P. and A. Coffey (2002). Revisiting the relationship between participant observation and interviewing. I: Gubrium, J. F. og J. A. Holstein (red.) *Handbook of Interview Research*. Thousand Oaks CA, Sage: 801-814.
- Bakken, T., J. A. Kålås og Å. Viken (red). (2006). *Norsk Rødliste 2006*. Artsdatabanken.
- Beck, U. (1992). *Risk society : towards a new modernity*. London, Sage.
- Blok, A. (2013). Pragmatic sociology as political ecology: On the many worths of nature(s). *European Journal of Social Theory*. 2013 april: 1-19
- Boltanski, L. og È. Chiapello (2007). *The new spirit of capitalism*. London, Verso.
- Boltanski, L. og L. Thévenot (1994). *De la justification : les économies de la grandeur*. Paris, Gallimard.
- Boltanski, L. and L. Thévenot (1999). The Sociology of Critical Capacity. *European Journal of Social Theory* 2(3): 359-377.
- Boltanski, L. og L. Thévenot (2006). *On justification : economies of worth*. Princeton, Princeton University Press.
- Buan, I. F., et al. (2010). Rammebetingelser for utbygging av fornybar energi i Norge, Sverige og Skottland. Sammenligning av faktorer som motiverer og modererer investeringer. *FNI Rapport 6/2010*. Oslo, FNI.
- Christensen, K. (1998). I skyggen af Hellevik. Om udfordringer ved at arbejde empirinært. I: C. Christensen, E. Jerdal, A. Møen, P. Solvang and L. J. Syltevik (red). *Prosess og metode*. Oslo, Universitetsforlaget: 67-88.
- Olje- og Energidepartementet og Miljøverndpartementet (2007). *Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg*. (t-1458).
- Delegering av myndighet etter energiloven til Norges vassdrags- og energidirektorat (2012). *FOR-2012-12-07-1156*.
- Egeland, H. og J. G. Blindheim (2011). Kraften i vannet: En analyse av hvordan ulike miljømål veies mot ulike økonomiske, sosiale og miljømessige interesser i to vannkraftcase. *SINTEF rapport tr-a7127*. CEDREN, Oslo.

Energiloven (1990). LOV 1990-06-29 nr 50: *Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.*

Energilovforskriften (1990). FOR 1990-12-07 nr 959: *Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.*

Flyvbjerg, B. (2006). Five Misunderstandings About Case-Study Research. *Qualitative Inquiry* 12(2): 219-245.

Forskrift om konsekvensutredninger (2009). *FOR-2009-06-26-855.*

Forurensningsloven (1981). *LOV-1981-03-13 nr 6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall*

Grande, J. and K. H. Sørensen (2000). Det standardiserte miljøet? Kunnskapsteoretiske perspektiver på konsekvensutredninger. *Tidsskrift for samfunnsvitenskap* 41(3): 324-351.

Gubrium, J. F. og J. A. Holstein (2003). *Postmodern interviewing*. Thousand Oaks, Sage Publications.

Gåsdal, O. og A. Sande (2009). *Miljø og samfunn: sosiologiske perspektiver på forholdet mellom mennesker, naturen og de menneskeskapte miljøproblemene*. Oslo, Cappelen akademisk.

Hannigan, J. (2006). *Environmental sociology*. London, Routledge.

Hongslo, E. og A. K. A. Lundberg (2012). Rein eller vind? Når kraftproduksjon og naturinteresser kolliderer. *Plan*. 2012 (03-04): 48-52.

Hulme, M. (2009). *Why we disagree about climate change: understanding controversy, inaction and opportunity*. Cambridge, Cambridge University Press.

Joas, H. og W. Knöbl (2009). *Social theory: twenty introductory lectures*. Cambridge, Cambridge University Press.

Johnsen, J. P. (2004). Natur, Latour og havforskere – hvordan produsere natur?. *Sosiologi i dag*. 34(2): 47-67.

Jolivet, E. and E. Heiskanen (2010). Blowing against the wind—An exploratory application of actor network theory to the analysis of local controversies and participation processes in wind energy. *Energy Policy* 38(11): 6746-6754.

Jørstad, E. (2008). *Mellom vitenskap og politikk : en sosiologisk studie av utarbeidelsen og anvendelsen av Norsk Rødliste 2006*. Akademisk avhandling. Universitet i Oslo.

Kulturminneloven (1978). LOV 1978-06-09 nr 50: *Lov om kulturminner.*

Kvale, S. og S. Brinkmann (2009). *Interviews: learning the craft of qualitative research interviewing*. Los Angeles, Sage.

Latour, B. (1987). *Science in action : how to follow scientists and engineers through society*. Milton

Keynes, Open University Press.

Latour, B. (2001). Å moderinisere eller å økologisere - det er spørsmålet. I: K. Asdal, B. Brenna og I. Moser (red). *Teknovitenskapelige kulturer*. Oslo, Spartacus: 26.

Latour, B. (2005). *Reassembling the social : an introduction to actor-network-theory*. Oxford, Oxford University Press.

Loring, J. M. (2007). Wind energy planning in England, Wales and Denmark: Factors influencing project success. *Energy Policy* 35(4): 2648-2660.

Lovdata (2013). *Lover*. [internett] Tilgjengeleg frå: <http://lovdata.no/index-lov.html> [Lest: 21.mai 2013]

Lov om elsertifikater (2011). *LOV-2011-06-24-39*.

Naturmangfoldloven (2009). *LOV-2009-06-19 nr. 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold*.

NVE (2008). *Prioriteringskriterier for konsesjonsbehandling av vindkraftprosjekter*. [internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.nve.no/Global/Konsesjoner/Vindkraft/Rapporter%20og%20veiledere/Prioriteringskriterier%20vindkraft.pdf>. [lest 21.mai 2013]

NVE (22.juni 2009). *Lover og regler*. [internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vindkraft-2/Lover-og-regler/>. [lest: 12.november 2012]

NVE (7. juli 2009). *Vindkraft*. [internett] Tilgjengeleg frå: <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vindkraft/>. [Lest 1. april 2011]

NVE (2.juli 2009c). *Veiledere og rapporter*. [internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vindkraft-2/Veiledere-og-rapporter/>. [lest 21.mai 2013].

Oreigningslova (1959). *LOV 1959-10-23 nr 03: Lov om oreigning av fast eigedom*.

Plan- og bygningsloven (2008). *LOV-2008-06-27 nr. 71: Lov om planlegging og bygesaksbehandling*.

Porter, T. M. (1995). *Trust in numbers : the pursuit of objectivity in science and public life*. Princeton, Princeton University Press.

Ragin, C. C. and H. S. Becker (1992). *What is a case?: exploring the foundations of social inquiry*. Cambridge, Cambridge University Press.

Ruud, H. (2010). *Samfunnsøkonomisk lønnsomhet og vindkraft : nytte- kostnadsanalyse av Smøla vindpark*. Akademisk avhandling. Universitet i Oslo.

Rygg, B. J. (2012). Wind power—An assault on local landscapes or an opportunity for modernization? *Energy Policy*. 2012(48): 167-175.

Sarewitz (2004). How science makes environmental controversies worse. *Environmental science & policy*. 2004 (7): 385-403.

Silverman, D. (2006). *Interpreting qualitative data: methods for analyzing talk, text and interaction*. Los Angeles, Sage.

Skarpene, O. og R. I. Hestholm (2007). Den "nye" franske pragmatikken. *Sosiologisk årbok*. 2007(1-2): 71-102.

Solli, J. (2003). Vind i kalkylene. Fra økonomisk sosiologi til økonomisosiolegi. *Sosiologisk tidsskrift*. 2003(4): 394-424.

Statens vegvesen (2006). *Håndbok 140: Konsekvensanalyser*. Mysen, Nr. larktrykk AS.

Stene, K. O. (2006). *Planlegging av vindkraftverk : konsekvensutredning, klagesak og innsigelse*. Akademisk avhandling. Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Stirling, A. (1992). Regulating the Electricity Supply Industri by Valuing Environmental Effects - How Much is the Emperor Wearing? *Futures*. 24(10): 1024-1047.

Thévenot, L. (2002). Which Road to Follow? The Moral Complexity of an "equipped" Humanity. I: Law, J. og A. Mol (red). *Complexities: Social Studies of Knowledge Practices*. Durham and London, Duke University Press: 53-87.

Toke, D. (2005). Explaining wind power planning outcomes. *Energy Policy* 33(12): 1527-1539.

Weber, M. (2000). *Makt og byråkrati: essays om politikk og klasse, samfunnsforskning og verdier*. Oslo, Gyldendal.

Winge, N. K. (2007). *Fri vei mot 10 TWh? : en drøftelse av hvorvidt gjeldende rettsregler gir de berørte miljøinteresser tilstrekkelig rettssikkerhet i vindkraftsaker*. Akademisk avhandling. Universitetet i Oslo.

Wynne, B. (1996). May the Sheep safely Graze? A Reflexive View of the Expert-Lay Knowledge divide. I: Lash S., Szerszynski og Wynne. *Risk, Environment and Modernity*. London, Sage Publications: 27-43.

Yearley, S. (2005). *Cultures of environmentalism: empirical studies in environmental sociology*. Basingstoke, Palgrave Macmillan.

Vedlegg 1 – Liste over dokument frå NVE sitt arkiv

Dokument i Sleneset saka. Saksnr (NVE): 200301599

200301599-1

Forhåndsmelding - Vindkraftverk på Sleneset - Lurøy kommune – Nordland

Dato: 12.05.2003 Fra (1): A/S Salten Kartdata

2200301599-2

Forhåndsmelding - Sleneset vindkraftverk

Dato: 23062003 Fra (1): AS Salten Kartdata

200301599-3

Oversendelse av revidert utgave av melding - Vindkraftverk på Sleneset

Dato: 24072003 Fra (1): A/S Salten Kartdata

200301599-4

E-post - Oversendelse av kommentarer - Planer om vindmøllepark på Sleneset i Lurø kommune i Nordland

Dato: 30072003 Fra (1): Naturvernforbundet i Nordland

200301599-5

Nord-Norsk vindkraft AS - Sleneset vindpark - Orientering om behandling sprosess

Dato: 07082003 Til (1): Naturvernforbundet i Nordland

200301599-6

Oversendelse av melding - Planlegging av Sleneset vindkraftverk og tilhørende nettilknytninger

Dato: 11082003 Fra (1): Nord-Norsk vindkraft AS v/A/S Salten Kartdata

200301599-7

Nord-Norsk Vindkraft AS - Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning - Høring av melding og invitasjon til møte

Dato: 14082003 Til (1): Lurøy kommune

200301599-8

Nord-Norsk Vindkraft AS - Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning - Høring av melding og invitasjon til møte

Dato: 14082003 Til (2): Fylkesmannen i Nordland

200301599-9

Nord-Norsk Vindkraft AS - Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning - Høring av melding og invitasjon til møte

Dato: 14082003 Til (1): Høringsinstanser

200301599-10

Nord-Norsk Vindkraft AS - Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning - Høring av melding og invitasjon til møte

Dato: 14082003 Til (1): Orienteringsinstanser

200301599-11

Kunngjøring - Melding om Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning
Dato: 15082003 Til (1): Norsk Lysningsblad

200301599-12

Kunngjøring - Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning
Dato: 15082003 Til (2): Rana Blad A/S

200301599-13

Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning - Orientering om behandlingsprosess av meldingen til tiltakshaver
Dato: 15082003 Til (1): Nord-Norsk Vindkraft AS V/ AS Salten kartdata

200301599-14

Intern høring - Ber om kommentar - Slenest vindpark med tilhørende nettilknytning
Dato: 14082003 Til behandling (0)

200301599-15

Uttalelse - Høring - Vindkraftverk på Sleneset
Dato: 20082003 Fra (1): Telenor Networks AS

200301599-16

Uttalelse - Høring - Vindkraftverk på Sleneset
Dato: 27082003 Fra (1): Nordland fylkeskommune

200301599-17

Melding om Sleneset vindpark Lurøy - Uttalesle fra EMR
Dato: 09102003 Til behandling (1)

200301599-18

Uttalelse - Høring - Vindkraftverk på Sleneset - Kystverket
Dato: 15102003 Fra (1): Kystverket Nordland

200301599-19

Høringsuttalelse - Sleneset vindpark med nettilknytning
Dato: 13102003 Fra (1): Reindriftsforvaltningen Nordland

200301599-20

Høringsuttalelse Lurøy kommune - Sleneset vindkraftverk
Dato: 08102003 Fra (1): Lurøy kommune

200301599-21

EMNs kommentarer - Melding om Sleneset vindpark med tilhørende nettilknytning
Dato: 23102003 Til behandling (1)

200301599-22

Høringsuttalelse fra eiere av fritidseiendommer på Slotterøy, Ulvøy og Langneset - Krav til konsekvensutredninger
Dato: 25102003 Fra (1): «Person1»

200301599-23

Høringsuttalelse fra SKS Nett - Sleneset vindpark
Dato: 28102003 Fra (1): SKS Nett AS

200301599-24

E-post - Ber om utsettelse av høringsfrist - Sleneset - Lurøy kommune, Nordland
Dato: 30102003 Fra (1): Naturvernforbundet i Nordland

200301599-25

Høringsuttalelse til melding om vindkraftverk på Sleneset
Dato: 29102003 Fra (1): Statnett SF

200301599-26

Kommentarer til høring - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 28102003 Fra (1): Luftfartstilsynet

200301599-27

Uttalelse til melding om vindkraftverk på Sleneset
Dato: 31102003 Fra (1): «Person 1»

200301599-28

Uttalelse til melding om planlagt vindmøllepark ved Sleneset - Lurøy kommune
Dato: 31102003 Fra (1): Norsk Ornitologisk Forening

200301599-29

E-post - Kommentarer til melding om vindkraftverk på Sleneset og vedlagt brev sendt NVE
31102003
Dato: 31102003 Fra (1): «Person 1»

200301599-30

Høringsuttalelse fra Forsvarsbygg - Sleneset vindpark
Dato: 31102003 Fra (1): Forsvarsbygg

200301599-31

Høringsuttalelse fra DN - Sleneset vindpark
Dato: 30102003 Fra (1): Direktoratet for naturforvaltning

200301599-32

Foreløpig utgave av Melding om planlegging av Sleneset vindkraftverk - Prosjekt B
Dato: 09102003 Fra (1): A/S Salten Kartdata

200301599-33

Høringsuttalelse fra Fylkesmannen - Melding og KU-program for Sleneset vindkraftverk
Dato: 06112003 Fra (1): Fylkesmannen i Nordland - Miljøvernavdelingen

200301599-34

Tillegg til melding om planlegging av Sleneset vindkraftverk - Prosjekt B
Dato: 11112003 Fra (1): A/S Salten Kartdata

200301599-35

Anmodning om å få tilsendt melding og konsekvensutredningsprogram for Sleneset vindkraftverk med tilhørende nettilknytning
Dato: 17112003 Fra (1): Fiskeridirektoratet - region Nordland

200301599-36

Nord-Norsk Vindkraft AS - Høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 21112003 Til (1): Lurøy kommune

200301599-37

Nord-Norsk Vindkraft AS - Høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 21112003 Til (1): Rana kommune

200301599-38

Nord-Norsk Vindkraft AS - Høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 21112003 Til (1): Fylkesmannen i Nordland, Nordland fylkeskommune, Sametinget

200301599-39

Nord-Norsk Vindkraft AS - Høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 21112003 Til (1): Høringsinstanser i følge vedlagte liste

200301599-40

Nord-Norsk Vindkraft AS - Høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 21112003 Til (1): Orienteringsinstanser i følge vedlagte liste

200301599-41

Nord-Norsk Vindkraft AS - Kunngjøring av høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 24112003 Til (1): Norsk Lysningsblad

200301599-42

Nord-Norsk Vindkraft AS - Kunngjøring av høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 24112003 Til (1): Rana Blad, Helgelands Blad

200301599-43

Nord-Norsk Vindkraft AS - Orientering om høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 24112003 Til (1): Nord-Norsk Vindkraft AS

200301599-44

Høringsuttalelse fra Kystverket - Sleneset vindpark
Dato: 27112003 Fra (1): Kystverket - Nordland

200301599-45

Uttalelse til utvidelse av planlagt vindpark på Sleneset
Dato: 29112003 Fra (1): «Person 2»

200301599-46

Uttalelse til melding og KU-program for Sleneset Windkraftverk prosjekt A og B
Dato: 22122003 Fra (1): Forum for Natur og Friluftsliv Nordland

200301599-47

Uttalelse til tilleggsmelding - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 13012004 Fra (1): Lurøy kommune

200301599-48

Høringsuttalelse fra Aldersund lokalutvalg - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 15012004 Fra (1): Aldersund lokalutvalg

200301599-49

Rana kommune - Høringsuttalelse - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset - Lurøy kommune, Nordland
Dato: 21012004 Fra (1): Rana kommune

200301599-50

Uttalelse til høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 26012004 Fra (1): Reindriftsforvaltningen Nordland

200301599-51

Uttalelse til høring av planlagt utvidelse av Sleneset vindpark
Dato: 26012004 Fra (1): Luftfartstilsynet

200301599-52

Bemerkninger til linjetrase alternativ 3
Dato: 28012004 Fra (1): Varpa Hytteforening

200301599-53

Uttalelse til planlagt utvidelse av vindkraftverk på Sleneset - Direktoratet for Naturforvaltning
Dato: 26012004 Fra (1): Direktoratet for naturforvaltning

200301599-54

Uttalelse til linjetrase alt. 3 - Sleneset - Sauvika Hytteforening
Dato: 28012004 Fra (1): Sauvika Hytteforening

200301599-55

Uttalelse til planlagt utvidelse av Sleneset Windpark - Sametinget
Dato: 27012004 Fra (1): Sametinget - Miljø- og kulturvernavdelingen

200301599-56

Telefaks - Uttalelse til planlagt høyspentlinje fra Stokkvågen til Sila - Vinkraftverk på Sleneset
Dato: 29012004 Fra (1): Røytvika Hytteforening

200301599-57

Uttalelse til planlagt utvidelse av Sleneset Windpark - Fylkesmannen i Nordland
Dato: 28012004 Fra (1): Fylkesmannen i Nordland

200301599-58

Høringsuttalelse - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset -
Dato: 30012004 Fra (1): Norsk Ornitologisk Forening

200301599-59

Uttalelse - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset

Dato: 30012004 Fra (1): «Person 1»

200301599-60

E-post - Uttalelse fra Naturvernforbundet i Nordland - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 30012004 Fra (1): Naturvernforbundet i Nordland

200301599-61

Uttalelse Rana Natur og Ungdom - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 01012004 Fra (1): Rana Natur og Ungdom

200301599-62

Uttalelse - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 09032004 Fra (1): Lovundlaks AS

200301599-63

Høringsuttalelse Fiskeridir. - Sleneset vindpark
Dato: 26032004 Fra (1): Fiskeridirektoratet Region Nordland

200301599-64

Høringsuttalelse fra DNT - Konsesjon vindkraftverk på Sleneset
Dato: 26032004 Fra (1): Den Norske Turistforening

200301599-65

Oversendelse av konsekvensutredningsprogram for Sleneset vindpark i Lurøy kommune
Dato: 06052004 Til (1): Miljøverndepartementet

200301599-66

Høringsuttalelse - Utkast til fastsatt utredningsprogram - Slenset vindpark
